

**Rapport 6/2006**

# **Nasjonalparker i levande bygder**

**Av**

**Erik Solheim**

**Norges Naturvernforbund  
2006**

ISBN 82-7478-257-7

## Innhald

<b>Innleiing</b>	3
<b>Føremålet er naturvern</b>	5
Den uforstyrta nasjonalparknaturen	5
Nasjonalparkideen	7
Treng nasjonalparkane stell?	10
<b>Nasjonalparkforvaltning i andre land</b>	13
Vernestatus og vernereglar	13
Kva er lovleg i nasjonalparkar	15
Turisme	16
Forvaltningskapasitet i nasjonalparkane	19
<b>Jordbruket frå lokal til global konkurranse</b>	22
Problemet er overproduksjon	22
Ein ny trend?	25
Kva er utsiktene med WTO?	26
Vil matvareoverskotet i den rike verda vare?	27
Peak oil	29
WTO og Peak oil på kollisjonskurs?	30
Er eit politisk løft for jordbruket sannsynleg?	31
Bygdene treng økonomiske alternativ	31
Schumpeteriansk konkurranse	33
To utanlandske døme	35
Ein sjanse for økologisk jordbruk	38
<b>Korleis kan norsk turisme bli?</b>	39
Tre ECON-scenarium	39
Kva vart resultatet?	42
Tre skisser frå Teknologirådet	43
Geoturisme	46
Kan turisme bli miljøvenleg?	48
<b>Konfliktar mellom scenaria</b>	50
Konfliktar med andre grupper	52
<b>Kven skal forvalte verna område?</b>	56
Innvendingar mot at staten gjer det	56
Eit kortsiktig vesen	58
Kan lokaldemokratiet sikre nasjonale verdiar?	60
Når lokaldemokratiet diskriminerer	63
Det liberale dilemma	64
Natur for velvære og kunnskap	66
Finst det løysingar?	67
<b>Styringsdokument frå Stortinget</b>	71
Fjellteksten	71
Retningsliner for hytter og fritidshus	73
Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag	74
<b>Tap eller fortene i nasjonalparkane?</b>	75
Ein fare for kulturlandskapet?	77
Ein bygdetilpassa turistøkonomi	78
Statens rolle	82
<b>Finale: Sju tesar</b>	86

## Innleiing

Ein vedvarande konflikt mellom bygdene og naturvernet kan vere slitande for begge. Naturvern er ein tung trend over store delar av verda, særleg etter toppmøtet i Rio de Janeiro i 1992. Det berande dokumentet er Konvensjonen om biologisk mangfald. Det store målet er å sikre for framtida at naturen ikkje blir funksjonshemma av skadelege inngrep eller utslepp. Eit grep er å verne eit representativt utval av område som til saman dekkjer den naturskape variasjonsbreidda i kvart land. Det norske Stortinget har vedteke å stanse reduksjonen av biologisk mangfald innan 2010.

Landbruket har i femti år vore på vikande front. Det er i nasjonaløkonomisk forstand ei mininæring som overlever på ein nesten tverrpolitisk vilje til å støtte busetting i distrikta, å bremse sentraliseringa. Nesten heile det norske landbruket er innretta på å levere råvarer til foredlingsindustrien, som konkurrerer i ein stadig tøffare marknad under innanlandske krav om låge prisar, og med utanlandske produsentar bankande på døra. Jordbruket har ikkje problem på grunn av for lite produksjonsareal, men fordi marknaden er for liten. Det finst ikkje lønsam avsetning for alt som jordbruket kan levere av standard bulkvarer.

Dei norske fjellandskapa har opplevingsverdiar med stigande kurs, medan verdien som fôrgrunnlag for husdyrhaldet er fallande, med unnatak for nokre få stader. Frå Hedmark til Finnmark er det tamreindrift som lever berre av utmarka. Gjestestatistikken frå Den norske Turistforening og andre opplysningar tyder på fleire er på tur i norske fjell enn nokon gong. For dei fjellfarande er gardane og grendene rundt fjella ein viktig del av turopplevingane.

Spørsmålet er om det finst ein veg framover til meir felles nytte for både naturvernet og bygdene, om bygdene kan tene pengar på at folk vil oppleve flott natur. Dette arbeidet vil presentere nokre av dei realitetane som må ligge til grunn for å svare på spørsmålet. Nokre forslag til svar vil komme.

Spørsmålet er altså ikkje om fjellturisme, både i nasjonalparkane og utanfor, kan gje meir inntekter til landet eller til ein eller fleire interesserte aktørar, men om turismen kan styrke bygdene og inntektsgrunnlaget for å bu der. Ein av hypotesane er at nokre tilbod som kan vere forretningsøkonomisk interessante, ikkje er gode forslag i denne samanhengen fordi dei kan vere til skade for den naturen som bygdane kan tene på å tilby. Til naturen høyrer i denne samanhengen òg kulturlandskapa i bygdene, landskap som er forma eller prega av lang tids bruk, og som treng vedvarande jordbruksdrift eller andre former for vedlikehald.

Teksten er ikkje ei nøytral utgreiing, men ei framstilling ut frå eit politisk mål som altså er todelt: å ta vare på kvalitetane i naturen, og å styrke det økonomiske fundamentet for

busetting i dei bygdene som grensar til dei verna områda. Kanskje vil nokre oppfatte teksten som eit debattinnlegg. Det opnar for tilsvar. Ein debatt som skal føre til noko handlar ikkje berre om kva som er dei gode konklusjonane, men òg om kva som er dei faktiske realitetane å byggje konklusjonar på. Det trengst nokre stabbesteinar som viser veg framover. Det finst mange døme på vellukka innsats langs denne vegen, men dei praktiske løysingane vil måtte variere etter tilhøva på staden. Lesaren vil difor ikkje finne ein manual for naturvenleg bygdeturisme, men kanskje nokre idear til å setje i gang.

## Føremålet er naturvern

Føremålet med nasjonalparkar er å verne natur. Etter Naturvernlova kan

”større urørte eller i det vesentlige urørte eller egenartede eller vakre naturområder [...] legges ut som nasjonalpark. [...] I nasjonalparker skal naturmiljøet vernes. Landskapet med planter, dyreliv og natur- og kulturminner skal vernes mot utbygging, anlegg, forurensninger og andre inngrep”.

Det konkrete vedtaket og vernereglane gjer nærare greie for kva for naturkvalitetar som ligg til grunn i kvart einskilt tilfelle, og kva det ikkje er lov å drive med innanfor nasjonalparkgrensene. Norske nasjonalparkar har nesten utan unnatak ikkje større tekniske inngrep innanfor grensene. Ingen bur i norske nasjonalparkar. Dei har heller ikkje med areal som nokon nyttar til skog- eller jordbruk, med unnatak for beiting i utmark. Lova krev at nasjonalparkane skal vere urørde eller i det vesentlege urørde. Dette vilkåret har vore praktisert strengt heilt sidan Rondane vart oppretta som vår første nasjonalpark i 1962, på grunnlag av ei eldre lov enn dagens naturvernlov, som er frå 1970. Etter lova kan både statsgrunn og areal på private hender blir nasjonalpark. Men det er eit vilkår at ein del av arealet i ein park er i statens eige. Dette vilkåret gjeld ikkje for landskapsvernområde.

Botanikarane finn spor etter beiting i det meste av fjellheimen. Leiegjerde og dyregraver, husmurar og andre kulturminne kan kven som helst komme over. Men mange av spora etter eldre tids bruk er så lite synlege at det ofte må ekspertar til for å lokalisere dei. Dei pregar ikkje landskapet, og dei forstyrar ikkje den naturlege rytmen gjennom åra. I europeisk samanheng er Noreg rikt på fjell som er svært lite endra av menneska. Det meste av fjellet har sitt dominerande preg frå naturen, ikkje kulturen. Men vassdragsreguleringar, kraftliner og vegbygging, vesentleg landbruksvegar, har redusert dei inngrepsfrie delane av landet i stor grad. For hundre år sidan hadde rundt 90 prosent av landarealet preg av villmark, det vil seie at det låg fem kilometer eller meir frå større tekniske inngrep. I dag er talet rundt 11 prosent for landet, og fem prosent sør for Nordland.

### Den uforstyrta nasjonalparknaturen

Ved at dei er så uforstyrta, skil norske nasjonalparkar seg vesentleg frå det meste av areala som er verna lenger sør i Europa. I Frankrike, Tyskland, England og andre land er det ikkje uvanleg at bygder, landsbyar og jamvel større byar kan vere med i nasjonalparkar. Difor er berre ein del av arealet godkjent av Den internasjonale naturvernunionen (IUCN) til å telje på det internasjonale oversynet som viser kor mykje staten har verna etter strenge kriterium,

medan dei norske nasjonalparkane tel med heile sitt areal. Når det blir spørsmål om å legge til rette for turisme i nasjonalparkane, er denne skilnaden på norske og kontinentale tilstandar viktig å ha i tankane.

Nasjonalparkane vert oppretta av regjeringa, i medhald av Naturvernlova og etter ein plan som Stortinget slutta seg til i 1992, *Ny landsplan for nasjonalparkar og andre større verneområder i Norge*.<sup>1</sup> Planen bygde på ei utgreiing frå Statens Naturvernråd, NOU 1986:13 *Ny landsplan for nasjonalparker*, basert på det beste av den tids kunnskap om kvalifiserte område for å dekkje mest mogeleg av den naturgeografiske variasjonen i Noreg ved nye nasjonalparkar og landskapsvernområde. Naturvernrådet la vekt på at det samla arealet av urørd natur hadde minka så mykje at det hasta med å verne representative område, dersom det skulle vere mogeleg.

I europeisk samanheng er Noreg frå naturen eit av dei mest variasjonsrike landa. I økologisk forstand er vi annleislandet i Europa. Ut frå ulikskapane i plantedekket, og dermed dei faktorane som avgjer korleis vegetasjonen blir, er Norden delt inn i naturgeografiske regionar, einingar som inneheld relativt lik vegetasjon. Noreg har 26 naturgeografiske regionar, Sverige har 17, Finland 10 og Danmark 2. Sogn og Fjordane er det mest varierte fylket, med 22 av dei 26 regionane i landet. Alle dei andre kystfylka frå Rogaland til Nordland har meir enn 15 naturgeografiske regionar.<sup>2</sup>

Lova og vernereglane seier at nasjonalparkane skal vere verna mot nye inngrep. Det at området er uforstyrta av våre maskinar og større byggverk, er ein kvalitet i seg sjølv, jamvel om ingen kan påvise at kvart nytt inngrep isolert sett ville gå ut over fuglelivet eller skade vegetasjonen. Det er lov å halde bygningar vedlike. Det same gjeld klopper, bruer, stiar og slikt, når det skjer i samsvar med forvaltningsplanen, som inneheld dei mest detaljerte opplysningane om kva som kan eller bør skje. Dei som forvaltar parken, kan elles etter søknad gje løyve til visse tiltak, når dei ikkje kjem i strid med verneføremålet. Også her har det vore ein relativt streng praksis, av omsyn til konsekvensane dersom det vert mange av inngrep som i eit eller få tilfelle ikkje treng å vere problematiske. Nasjonalparkforvaltninga skal ha eit langsiktig mål, også i detaljane.

Føremålet er som nemnt å ta vare på naturskapte kvalitetar og landskap. Kulturminne kan vere viktige tilleggs kvalitetar. To brukarinteresser står i mange tilfelle i ei særstilling. Den eine er friluftslivet. Ofte, men ikkje alltid, er det å sikre folket tilgang til uforstyrta natur gjennom det enkle og lite ressurskrevjande friluftslivet, ein del av vernemotivet. For dei aller

<sup>1</sup> St. meld. nr. 62 (1991-92)

<sup>2</sup> Moen, A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens Kartverk, Hønefoss

fleste står naturen høgt på lista over det som gjer livet godt i Noreg. Nasjonalparkar er for folket, for dei som vil oppleve parkane på naturens premissar. Turisthytter i nasjonalparkane får stå, men det er som regel ikkje høve til å byggje nye, eller å opprette nye turistruter. Den andre bruken som på nokre punkt har etablerte særrettar, er samisk reindrift.

### Nasjonalparkideen

Naturverntanken hos oss og i mange andre land er eit barn av romantikken, og naturforskinga. På slutten av 1700-talet fekk vi i Europa ein reaksjon på den etablerte oppfatninga som gjekk ut på at mennesket var herre over naturen. Romantikken dyrka kjenslene meir enn den kalde fornufta. Idealet var ikkje byen, men naturen. På den unyttige naturen såg mange med nye auge, og fann han vakker. Desse ideane slo inn over Noreg etter 1814, stimulert av målarkunstnarar som Johannes Flintoe og J.C. Dahl. Forfattarane kom etter, Johan Welhaven, Henrik Wergeland og systra, Camilla Collet. Ho skildra sine opplevingar i ”den store uberørte ennu ikke af Menneskehaand forkvaklede mishandlede natur ...” Kulturvernet vart organisert i *Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring* i 1844. Friluftslivet smitta så vidt over frå industrilandet England, først og fremst med W.C. Slingsby på slutten av 1800-talet. Aukande rovdrift på skogen vekte sterke reaksjonar hos nokre. Ein av dei var Jakob Bøckmann Barth (1822-1892), forstudanna i Tyskland. Han argumenterte for ei meir rasjonell og langsiktig nytteorientert forvaltning av skogane, men var òg ein flittig naturskildrar og god botanikar.

Vi hadde med dette fått norske avleggjarar av to naturverntradisjonar i Europa og Amerika<sup>3</sup>. Den eine arbeidde for *freding* av visse artar, lokalitetar og større område, eit effektivt vern mot menneskelege inngrep for å hindre skade. Naturen hadde ein verdi i seg sjølv, og mennesket kunne ikkje berre ta seg til rette, meinte dei. Den andre leiren var meir opptekne av naturen som ein viktig ressurs for land og folk. Dei reagerte mest på den kortsynte og grådige ressursplyndringa, som ville gå ut over seinare generasjonar. Ei *forstandig forvaltning* var deira motto. Måtehald måtte til for at skogsdrifta skulle bli økonomisk lønsam på lang sikt.

I USA var Gifford Pinchot den fremste talsmannen for det nytteorienterte naturvernet. Prinsippet måtte vere å forvalte ressursane slik at dei kunne tene menneska, i tråd med det J.B.

<sup>3</sup> Dette kapittelet byggjer vesentleg på to forfattarar:

Berntsen, B. 1994. *Grønne linjer*. Natur og miljøvernets historie i Norge. Grøndahl Dreyer, Norges Naturvernforbund.

Ibsen, H. 1997. *Menneskets fotavtrykk*. En økologisk verdenshistorie. Oslo.

Barth stod for hos oss. Pinchot kom frå ein aristokratisk familie av fransk opphav og tok forstudanning i Europa. Hans ideologiske motstykke var Henry David Thoreau og John Muir, den siste frå ein strengt religiøs bondefamilie og utdanna i mange naturfag. Han vart sterkt oppteken av at naturen hadde sin eigen verdi, utan omsyn til den materielle nytten for menneska. Menneska treng naturen og villmarka til sjeleleg fornying. Muir tok initiativet til Sierra Club, ein av dei eldste miljøorganisasjonane i verda og i dag den største i USA. Begge var vitenskapsmenn, men medan Muir såg si forskning som ein del av eit overordna forsvar for naturens eigenart, stod Pinchot meir for den verdifrie og praktisk instrumentelle vitenskapen. Estetikk måtte vere underordna den praktiske nytten.

Denne ideologiske todelinga prega også naturverntankane i Europa på slutten av 1800-talet. Men Europa var tettare folkesett, meir industrialisert og meir avskoga enn USA. Større villmarker var knapt å finne i dei gamle kulturlanda. I 1900 måtte Tyskland importere 15 prosent av trelasta. Mange engasjerte seg, og oppfatningane gav i alt eit meir samansett bilete enn i Amerika. Pionerane representerte ulike ideologiar. Ein av dei som inspirerte til handling i Noreg og Sverige, var tyskaren Hugo Conwentz. Han hadde frå først av liten sans for dei amerikanske nasjonalparkane, men ivra likevel for å verne spesielle tilfelle eller lokalitetar, naturminnesmerke (Naturdenkmale), for å hindre total øydelegging av den opphavelige naturen. Etter kvart kom han til at også større område måtte vere med, som han sa av nasjonale, estetiske og vitenskaplege grunnar.

Bredo Berntsen nemner i boka *Grønne linjer* tre dimensjonar ved naturvernet i pionertida. Den eine er den *praktiske*, langsiktig forvaltning av skogen som eit økonomisk gode. Den andre er ein *verdiorientert, emosjonell* dimensjon knytt til det vakre i dei urørde skogen, rommet og livet der. Ein tredje dimensjon var den som mange forskarar stod for: naturvern er ein *kulturell* oppgåve som gjekk utanpå den praktiske nytten. Ein norsk pioner med denne tanken var Frederik Christian Schübeler (1815-92), først lege og seinare botanikar.

I 1904 tok professor Yngvar Nielsen, formann i Den Norske Turistforening, til orde for å etablere nasjonalparkar i Noreg, på møte i generalforsamlinga i sin organisasjon. Han kunne vise til at USA hadde oppretta Yellowstone nasjonalpark i 1872, og spurde om det ikkje var på tide å halde av delar av vårt land for dei kommande slektene. Jotunheimen, Hardangervidda og viddene mellom Telemark og Lysefjorden meinte han var veileigna for vern, parallelt til det som var i gang av kulturminnevern. Nielsen fekk støtte av professor Nordahl Fisher Wille, botanikar, som også ville ha vern av skogane og plantelivet. Landbruksdepartementet svarte året etter at dei ville arbeide vidare med forslaget om nasjonalparkar. Men det vart ikkje til noko meir.

Det endelege gjennombrøtet for naturfredingssaka kom etter at professor Wille 17. mars 1909 heldt eit foredrag i Det Norske Geografiske Selskab i Kristiania: *Om Naturens Mindesmærker og deres Bevarelse*. ”De oprinelige Samfund av Dyr og Planter ødelægges, eller forandres ved at deres Livsbetingelser omdannes, og ofte træder Kunstprodukter isteden”, sa Wille, og vi hadde fått ei økologisk grunngeving for naturvern. Etter møtet sette Styret i Geografisk selskab ned ein komité som i november 1909 leverte eit forslag til naturfredingslov. Stortinget vedtok lova 25. juli året etter, i 1910. Men det skulle ennå gå 52 år før vi fekk vår første nasjonalpark. Den nye lova bygde mest på den tyske modellen som professor Conwentz hadde argumentert for, og opna for punktfredingar, medan den tilsvarande lova i Sverige frå 1909 var meir på linje med den amerikanske tankegangen om å frede større område.

Naturvernmotiva som pionerane formulerte på 1800-talet er utvikla med tida, men ikkje endra i det vesentlege. Det verdibaserte motivet står ved lag, anten det er fordi naturen har ein eigenverdi som vi ikkje har rett til å forstyrre i for stor grad, eller det er fordi naturvern er uttrykk for ein kulturell styrke for eit sivilisert samfunn. Det som har endra seg, er den økologiske kunnskapen om naturen og vilkåra for at artane skal kunne leve vidare. Og så kunnskapen om dei lokale og regionale skilnadene på ulike naturtypar. Det går ei line frå dei tidlegaste punktfredingane til innsikt om at artane og dei økologiske prosessane heng saman over større område, og at intakte landskap òg treng vern. Villreinen er ein norsk ansvarsart<sup>4</sup> som treng større areal enn vi finn i nokon nasjonalpark for å meistre vekslande ver og tilgang på beiteplanter.

I internasjonalt naturvern står i dag nettverkstankegangen sentralt.<sup>5</sup> Denne tankegangen har tre sentrale element. Det eine er at vernet skal vere systematisk, basert på naturfaglege kriterium og dekkje alle typar av natur og habitat. Det andre elementet er å sjå dei verna områda i samanheng med areala ikring, ikkje som isolerte øyar. Det tredje er å utvikle nettverka i internasjonalt samarbeid.

EU har etablert nettverkstankegangen i Natura 2000. Under Bernkonvensjonen har den permanente komiteen sett opp kriterium for å velje ut særleg viktige område til Smaragdnettverket (Emerald network). Dei aktuelle områda skal mellom anna vere vesentlege for å sikre at truga artar eller endemiske artar overlever. Artsdiversiteten må vere høg, eller arealet må gje levevilkår for viktige populasjonar av ein eller fleire artar.<sup>6</sup>

<sup>4</sup> Ein ansvarsart er ein art som berre finst i Noreg, eller som Noreg har minst 25 prosent av den europeiske stammen av, eller som står på europeiske eller globale raudlister.

<sup>5</sup> Sjå til dømes NOU 2004:28 *Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold*.

<sup>6</sup> NOU 2004:28

Natura 2000 gjeld ikkje i Noreg, men Bernkonvensjonen gjer det. Retningslinene for Emerald network er aktuelle retningsliner for villreinforvaltninga i norske fjell, eller rettare sagt: fjellforvaltninga av omsyn til villreinen.

### **Treng nasjonalparkane stell?**

For storparten av areala i norske nasjonalparkar er målet at naturen skal utvikle seg fritt. Dette gjeld òg mykje av dei store landsskapsvernområda. Dei har natur som kvalifiserer til nasjonalparkstatus, men har ikkje fått denne verneforma fordi grunnen er i privat eige. Naturvernlova krev som nemnt at nasjonalparkar inneheld statsgrunn. Målet med vernetiltaka er ikkje å stille naturen, men å hindre inngrep som forstyrrar landskapet eller økosystema. Direktoratet for naturforvaltning har formulert det slik på nettsida om nasjonalparkar: ”I Norges nasjonalparker er det naturens lover som gjelder. Vi oppretter nasjonalparker for å ta vare på store naturområder – fra hav til fjell. For oss, for kommende generasjoner og for naturens egen skyld.”<sup>7</sup>

Dette inneber at meininga med vern kan ikkje vere å konservere tilstanden på vernetidspunktet. Skoggrensa er til dømes på veg oppover i dei fleste fjelltrakter, på grunn av klimaendringar som alt tyder på delvis er menneskeskapte. I andre tilfelle gror areala igjen rundt stølane, fordi vedhogsten og beitetrykket av husdyr er mindre enn før. Skogen kjem igjen der det var skog før seterbruket fekk sit store omfang med folketalsveksten frå midten av 1600-talet til ut i 1800-åra.<sup>8</sup> Stølsdrifta kulminerte før 1850<sup>9</sup> og var for det meste avvikla i sine tradisjonelle former rundt 1950. Då seterdrifta tok slutt, låg det mange stader eit utarma landskap igjen, fritt for skog og med ein vegetasjon dominert av nokre få, beitetolande planter, varierende etter klimaet og tilstanden i jorda. På kalkfattig jord på austsida av Langfjella var relativt store areal med einer og finnskjegg som nesten heilt dominerande artar ikkje uvanlege å sjå i beiteområde på 1970-talet<sup>10</sup>. Det er ein altfor generell påstand at beitinga og skogshogsten som følgde med seterbruket, auka det biologiske mangfaldet. Truleg er sanninga oftare den motsette, at den kraftige beitinga utarma det naturlege dyre- og plantelivet. I dei seinare åra har forskarar funne grunnlag for ein hypotese om at stort

<sup>7</sup> <http://www.dirnat.no/wbch3.exe?p=2991>

<sup>8</sup> Lunden, Kåre, 2002. *Frå Svartedauen til 17. mai*. Norsk landbrukshistorie II. Oslo

<sup>9</sup> Gjerdåker, Brynjulf. *Kontinuitet og modernitet*. Norsk landbrukshistorie III. Oslo

<sup>10</sup> Eigne observasjonar under vegetasjonskartlegging.

beitetrykk i fjellet mobiliserer antistoff mot beiting i plantene, og at dette har negative følgjer for den ville faunaen.

Med det for auget at målet med nasjonalparkane er å verne naturlege økosystem, bør hovudregelen vere å la skogen og andre planter vekse der dei kjem av seg sjølv. Gjennom nye suksjonar vil det med tida oppstå meir stabile klimakssamfunn. La naturen finne vegen, det er ein norm som mellom anna gjeld i Bayerischer Wald.

Å konservere ein vegetasjon som over store område var resultatet av langvarig beitepress, er heller ikkje ei overkommeleg oppgåve under dagens økonomiske vilkår for landbruket. Det ville vere direkte i strid med føremålet med nasjonalparkar å bruke pengar på å halde beitelandskap opne som eit generelt tiltak. Norske nasjonalparkar inneheld, med unnatak for nokre stølar og stølsgrender, lite av intensivt påverka kulturlandskap, mellom anna fordi den lokale motstanden nokså konsekvent har gått i mot å ta med areal som er i bruk, eller som var det for nokre tiår sidan.

Det kan likevel vere gode grunnar til å halde ved like kulturlandskapet i avgrensa område. Nokre stader er kulturminne og kulturlandskap, til dømes stølsgrender, ein del av verdiane som ligg til grunn for vernet. Stølar og andre bygningar har på alle måtar best meining i det landskapet som dei var ein funksjonell del av, og som tok preg av utnyttinga. Stølshus kan i dag verke malplasserte med skogen tett inn til, sjølv om dette kanskje var situasjonen då dei bygde husa. Nokre kulturlandskap er så spesielle, vakre eller sjeldne at dei av den grunn er verneverdige, eller dei er med på å gjere den samla variasjonen i landskapet større. Fjellbygda og stølane er for mange ein viktig del av fjellopplevinga. Alle slags synlege vitnemål om fortida, om spesielle hendingar, tidlegare utnytting av naturgoda eller om god byggeskikk er som regel med på å gjere opplevingsverdiane større. I Hohe Tauern nasjonalpark, over tregrensa, slær dei lyng og gras om hausten for å hindre at større vekstar konkurrerer ut dei fargerike og lyskrevjande blomsterplantene som turistane set pris på å sjå langs Hochalpenstrasse.<sup>11</sup> Bønder som er med, får betaling for arbeidet, og dei nyttar den hausta avlinga som tilleggsfôr. I den grad det er mogeleg, bør metoden for å halde kulturlandskap ved like vere same slags drift som har skapt den aktuelle situasjonen, dyr på beitemarker og slått der ljåen var haustingsreiskapen. Beiting for å halde slåttemarkar opne gjev ofte utilsikta og uheldige effektar. Planter som slåttan hjelper til å overleve, forsvinn ofte under beiting.

I dei fleste nasjonalparkane er vedlikehald av verdifulle kulturlandskap og kulturminne eit forsømt kapittel. Direktoratet for naturforvaltning laga i 1996 ein plan for tiltak i verna

<sup>11</sup> Eigne observasjonar i 2001.

område,<sup>12</sup> men lite er gjennomført. Tendensen i forvaltningsbudsjetta har gått nedover. Det har heller ikkje vore nemneverdig innsats lokalt for å utnytte det grunnlaget for nye inntekter som kan ligge i at tilreisande får oppleve eit velhalde kulturlandskap.

Eit unntak er til dømes den store innsatsen som gjennom fleire år er lagt ned i å restaurere garden Avdalen og kulturlandskapet i Utladalen landskapsvernområde i Årdal i Sogn, i tråd med skjøtselplan for området. På ein tidlegare husmannsplass, Skåri, har dei bygt opp Utladalen naturhus. Dette er resultatet av fleire gode krefter i samspel. Eigaren av Avdalen har stilt garden til disposisjon, mange frivillige har delteke i arbeidet, og nokre løna. Hydro har betalt helikoptertransport og finansierte andre kostnader. Årdal turlag og Slingsbystiftinga i Årdal er andre partar. Den entusiastiske leiaren for prosjektet, Rigmor Solem, er tilsett i nasjonalparkforvaltninga i Jotunheimen. Dei har fått til eit partnerskap mellom fleire aktive krefter.

## **Nasjonalparkforvaltning i andre land**

### **Vernestatus og vernereglar**

---

<sup>12</sup> *Plan for tiltak i verneområde 1997-2003*. DN-rapport 1996-4.

Den internasjonale naturvernunionen (IUCN) har innført eit kategorisystem for verna område, mellom anna som grunnlag for ei godkjenningssystem dei handterer for FN.<sup>13</sup> Skjemaet har seks kategoriar, I – VI, alt etter kva som er føremålet med vernet, og kor strengt det er. Litt upresist og enkelt referert, men tenleg nok i denne samanhengen, er kategoriinndelinga slik:

IUCN-kategori	Føremål	Norske verneområde
I	Strengt vern	Naturreservat
II	Vern av naturlege økosystem og friluftsliv	Nasjonalpark
III	Vern av naturattraksjonar	Naturminne
IV	Vern gjennom aktiv forvaltning	
V	Landskapsvern og friluftsliv	Landskapsvernområde
VI	Berekraftig bruk av naturlege økosystem	

Norske nasjonalparker ligg altså i kategori II, kategorien med det nest strengaste vernet. Ambisjonen med kategori II er å verne naturlege og intakte økosystem (protect the ecological integrity) og ofte å sikre inngrepsfrie område for naturoppleving, forskning og undervisning.

Svært mange av dei større områda som er verna lenger sør i Europa, ligg i kategori V, som tilsvarer våre landskapsvernområde, sjølv om dei heiter nasjonalparker eller naturparker.<sup>14</sup> Landskapa er så påverka av jord- og skogbruk gjennom lang tid at dei ikkje lenger er å rekne som naturlege økosystem. Føremålet med område i kategori V er å ta vare på kulturlandskapet, som kan ha store verdiar, men altså ikkje naturlege økosystem og prosessar. Dette inneber at dagens bruk, om han ikkje er i strid med det som vernet skal sikre, kan eller bør halde fram. Til dette kjem at europeiske naturparker ofte er langt meir prega av inngrep og intens bruk enn det vi finn i norske landskapsvernområde.

<sup>13</sup>

<sup>1</sup> IUCN 1994. *Parks for life: action for protected areas in Europe*. Gland

<sup>14</sup> Aas, Ø. (red.) o.a. 2003. *Bruk og forvaltning av nasjonalparker i fjellet*. NINA, fagrapp. 72.

I Tyskland er det under ein halv prosent av landarealet som ikkje på ein eller annan måte er i aktiv bruk eller forvaltning.<sup>15</sup> I Bayerischer Wald nasjonalpark, som inneheld eit av dei største av det som finst av samanhengande skogområda i Sentral-Europa, var det hogst og planting fram til parken vart oppretta i 1970. Seinare har dei lagt ned mykje arbeid i å restaurere kulturskogen til naturskog, ein ukjend tanke i norske nasjonalparker, men eit tiltak som illustrerer at utgangspunkta for forvaltninga i dei to landa er svært ulike.

Noreg har mykje meir av det vi kan kalle intakt natur, der inngrepa er små og utnyttinga mindre intens enn lenger sør. England var i praksis avskoga alt på 900-talet<sup>16</sup>, og det meste av arealet som var skogdekt før vikingtida, vart omgjort til dyrka jord eller grasdekte beitemarker. Av det norske landarealet ligg rundt 11 prosent – i Sør-Noreg vel fem prosent – meir enn fem kilometer frå større tekniske inngrep. Vi har kunna stille relativt strenge krav om at nasjonalparker skal vere natur med intakte økologiske funksjonar og utan større inngrep. Mellom anna er det nesten ikkje bilvegar i norske nasjonalparker. Gjennom Hohe Tauern nasjonalpark i Austerrike, eit område med relativt lite kulturpreg i søreuropeisk samanheng, går to større vegar som var bygde i 1930-åra. Den eine, Grossglockner Hochalpenstrasse, er frå 1930-åra og går over fjellet i over 2500 meters høgde eit stykke frå Grossglockner, høgste fjellet i Austerrike.

Dei små areala med uforstyrta eller lite menneskepåverka natur har som konsekvens at IUCN har godkjent ingenting eller berre ein liten del av nasjonalparkane på kontinentet til å komme i kategori II. Dei fyller ikkje krava fordi økosystema er endra og har for lite preg av det naturlege. I praksis er gjerne ei indre sone kvalifisert som nasjonalpark i streng forstand, medan dei ytre delane eller randsonene fell i andre kategoriar etter IUCN-skjemaet, ofte landskapsvernområde, kategori V.

Det er difor misvisande når vi av og til i debatten her høyrer at i andre land har dei langt meir bruk av nasjonalparkane for ulike føremål enn i Noreg. I den grad det er tilfelle, gjeld det dei ytre delane, som ofte inneheld heile bygdelag med jord- og skogbruk frå lang tid attende. Hohe Tauern nasjonalpark i Austerrike er ein utprega fjellpark, med ei kjernesone på 1180 av i alt 1799 km<sup>2</sup>, og ei ytre sone på 619 km<sup>2</sup>. I kjernesona skal den naturlege utviklinga gå sin gang. Der gjer dei ikkje noko forsøk på å halde ved like kulturpreget på areal etter husdyrhald og beiting, som varde fram til 1960-åra. Jamvel ferdsel til fots er avgrensa nokre stader. I den ytre sona kan derimot tradisjonell bruk og stell av kulturlandskapet halde fram, og nasjonalparkforvaltninga betaler gjerne for dette arbeidet. Hit kanaliserer dei turismen.

---

<sup>15</sup> Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Rapport nr. 1 – 1999.

<sup>16</sup> Hilde Ibsen 1997. *Menneskets fotavtrykk*. En økologisk verdenshistorie.

## Kva er lovleg i nasjonalparkar?

Norske nasjonalparkar har gjennomgåande strengt vern mot inngrep eller bruksmåtar som kan komme i strid med hovudmålet, å la naturen gå sin gang uforstyrra. Men på nokre felt er våre reglar liberale samanlikna med dei vi finn i andre land.

Jakt er i mange land forbode i nasjonalparkar, eit standpunkt som er i tråd med eit av krava som IUCN stiller. Nockberge nasjonalpark i Austerrike er ikkje rekna som nasjonalpark av den austerriske staten, fordi området står i IUCN-kategori V, først og fremst fordi dei driv jakt der. Jakt har lange tradisjonar i distriktet, og får difor halde fram. Mange meiner at i alle fall i nasjonalparkar bør den naturlege faunaen få utvikle seg fritt, og det vert fleire stader i Mellom-Europa arbeidd med å innføre artar på nytt dersom dei tidlegare er utrydda. Ofte gjeld det rovdyr. Hos oss er det viltlova som gjeld, også i nasjonalparkane, slik at jakt er lovleg der, med nokre spesielle unnatak, på same vilkår som i ikkje verna område.

Det same gjeld for fiske, der lakse- og innlandsfiskelova lova gjeld i norske nasjonalparkar på same måte som utanfor. I andre land er regelverket vekslende. I mange utanlandske nasjonalparkar er fiske forbode eller strengt regulert. Fleire har innført registrering og ei viss regulering av ferdsel til fots, mellom anna med kvoteordningar for nokre delar. Også kommersielle ferdselstiltak ligg under streng regulering i dei fleste andre land, medan Noreg ikkje gjer skilnad på kommersiell og annan ferdsel. Husdyrbeiting er generelt lovleg i norske nasjonalparkar, men ikkje alle land tillet dette, fordi det er kjent at beiting endrar eller kan endre samansetninga av plantedekket. Ikkje noko land tillet moderne landbruk i nasjonalparkar, men mange stimulerer tradisjonell slått og beiting i dei ytre sonene, for å halde ved like kulturprega landskap, og for å støtte inntektsgrunnlaget i utkantbygdene.

Litt skjematisk kan vi konkludere med at allemannsretten til opphald og ferdsel står ved lag i norske nasjonalparkar på same måten som elles i utmarka. Det same gjeld grunneigarens einerett til å drive jakt og fiske, eller til å la andre gjere seg nytte av denne retten. Vernereglane står i vegen, hos oss som i andre land, for nye inngrep – vassdragsreguleringar, kraftliner, vegar, nye byggverk, hogst og liknande – og motorisert ferdsel. På det siste punktet er Hardangervidda nasjonalpark eit viktig unnatak, sidan det er lovleg å køyre traktor på nesten alle dei gamle hesteslepene der.

## Turisme

Utnytting av naturen i nasjonalparkar, og det renommeeet som ligg i sjølve nasjonalparketiketten, til turisme har lange tradisjonar i mange land. I Hohe Tauern i Tyrol er det opplysningar om nasjonalparkvernet med skilt og annan informasjon nesten over alt der folk ferdast omkring parken. Alle dei 29 kommunane som ligg rundt parken, presenterer seg som nasjonalparkkommunar. Hohe Tauern er ei viktig drivkraft i reiselivet og den lokal økonomien, og i arbeidet med å få til eit miljøvenlege reiseliv. Parken er sertifisert av Europarc (Den europeiske nasjonalparkunionen) for berekraftig turisme. Informasjonstiltak i og nær parken er av høg kvalitet, både i innhald og utforming. Dei nyttar til dømes ikkje impregnert treverk i rāmene for informasjonstavler eller andre installasjonar.

Argumenta for å legge til rette for turisme i nasjonalparkane er i det vesentlege tre: Det eine går ut på at dersom mange får oppleve nasjonalparknaturen, vil det styrke viljen til naturvern og nasjonalparkar i opinionen. Dei som får oppleve naturen, vil bli prega av desse opplevingane. På den måten kan turisme styrke interessa for naturopplevingar og oppfatninga av nasjonalparkar som noko viktig for folk flest.

Det andre argumentet heng saman med det første: I demokratiske land må ein ambisiøs nasjonalparkpolitikk byggje på oppslutning hos folk flest. Å opne parkane og stimulere folk til å oppsøkje dei, kan auke denne oppslutninga gjennom at fleire får kjennskap til dei naturverdiane som nasjonalparkvernet skal sikre for framtida.

Det tredje argumentet går ut på at turismen vil styrke økonomien i lokalsamfunna som grensar til parkane, og som nesten over alt i Europa er prega av stagnasjon fordi jordbruket kastar mindre av seg enn før. Nasjonalparkturisme er distriktspolitikk. Også den nasjonale verdiskapinga kan nyte godt av fleire tilbod til turistane. Eit samarbeid mellom nasjonalparkforvaltninga og lokalsamfunna kan dempe konfliktane som ofte følgjer av at vernetiltaka kjem utanfrå og set grenser for kva grunneigarar og kommunar kan drive med av økonomisk verksemd. Samarbeidet vil vere til nytte for begge partane, og mykje tyder på at potensialet for meir inntekter av dei norske nasjonalparkane er vesentleg større enn det som i dag er utnytta.

Dei opplysningane som ligg føre, tyder på at næringsaktiviteten i og rundt norske nasjonalparkar er ikkje mindre enn det vi elles finn i norsk utmark.<sup>17</sup> Det er ingen ting som tyder på at vernevedtaka har bremsa den økonomiske utviklinga i bygdene. Det ser derimot ut

<sup>17</sup> Aas, Ø. (red.) og andre 2003: *Bruk og forvaltning av nasjonalparker i fjellet*. NINA.

til å vere ein rask vekst i aktivitetstilbod og verksemdar som leverer slike tilbod.<sup>18</sup> Jostedalen Breførarlag er eit døme på at med gode tilbod kjem etterspurnaden etter dei. Breførarlaget driv fjellføring på Jostedalsbreen og i Jotunheimen, både krevjande turar og kortare vandringar på Nigardsbreen. Fleire ungdommar i bygda har utdanna seg til førarar og kjem attende kvar sommar for å vere med. Eit tidlegare pensjonat i bygda er utvida til hotell. Breheimsenteret er ein attraksjon i Jostedalen, på same måte som Norsk Bremuseum er det i Fjærland og Jostedalsbreen nasjonalparksenter i Oppstryn.

Turisme i nasjonalparkar er ikkje noko nytt. Argumenta for dei første nasjonalparkane i USA og Canada var ikkje først og fremst økologiske, men å sikre folket viktige område for naturopplevingar. I 1998 var ulike former for naturturisme 20 prosent av all internasjonal turisme.<sup>19</sup> Australia, Tanzania, New Zealand og Costa Rica er namn på statar som gjennom lang tid har satsa stort på nasjonalparkar og andre verneområde som grunnlag for slik turisme. Omfanget av trafikken varierer mykje, og det er i svært vekslende grad lagt til rette for ferdsel og opphald i nasjonalparkane. Variasjonane har økologiske, kulturelle og historiske årsaker.

I Fagrapport 72 (2003) har NINA<sup>20</sup> samla opplysningar om turisme i nasjonalparkane i ein del land. Opplysningar til oppstillinga nedanfor er òg henta frå andre kjelder, delvis munnlege.

### Finland

Finland har 35 nasjonalparkar og 12 øydemarksområde som til saman dekkjer sju prosent av landet. Mange av parkane har opplysningssenter for å styrke naturkunnskapen og velviljen til naturvern. Nord i landet er reglane meir liberale enn i sør, ved at dei i større grad opnar for jakt, fiske og anna hausting. Motorisert ferdsel er lovleg i reindrifta. I sør kan folk ferdist til fots eller i kano, og på sykkel og til hest langs vegar og visse merka ruter. Dei kan plukke bær og fiske med stang og line. Jakt er forbode, og generelt er motorisert ferdsel også det. Nokre stader er det lagt til rette for camping. Hotell og restaurantar finst enno der dei eksisterte før parkane vart oppretta. Soneinndeling og gradering av aktivitetane ut frå økologiske tolegrenser er eit vanleg forvaltningsverktøy.

### Litauen

Landet har fem nasjonalparkar med mange former for turisme og ferdsel. Eit vilkår er at trafikken er i samsvar med offentleg godkjende forvaltningsplanar. Situasjonen i Litauen er

<sup>18</sup> Ibid

<sup>19</sup> Ibid

<sup>20</sup> Ibid

litt framand, sett med norske auge, ved at nasjonalparkane har ein del fastbuande og meir av bygningar og andre kulturinnslag enn vi er vane med. I ein av parkane er det over 80 landsbyar og rundt 5000 menneske.

### Sveits

Sveits har berre ein nasjonalpark, oppretta i 1914 i det sørlege kantonet Graubunden og seinare utvida til 170 km<sup>2</sup>. Forvaltninga er relativt streng. Det er lov å gå til fots, men ikkje på ski, langs merka stiar. All annan aktivitet er forbode, alt frå motorferdsel til lufting av hundar i band, bålbrenning og overnatting. Det går ein bilveg gjennom parken, med parkeringsplassar ved inngangane. Ei turisthytte og eit hotell er einaste overnattingsplassane i nasjonalparken.

### USA

Debatten om bruk av nasjonalparkane i vårt land er eit resultat av at mange meiner vi har for strenge reglar. I USA er det mange som hevdar at tilrettelegginga har gått for langt, at omfanget av ulike installasjonar er for stort. Å skaffe folk tilgang til naturen, var eit viktig argument for å opprette nasjonalparkar i andre halvdel av 1800-talet. Med fleire millionar gjester i året, trengst det ein viss infrastruktur for å ta hand om massane på forsvarleg vis. I nokre verna område var vegar og landingsstriper for fly på plass før vernevedtaka, og det er alltid vanskeleg å fjerne slike byggverk. Bruk av bilar og andre køyretøy er som hovudregel avgrensa til vegane. Det meste som er av byggverk, ligg utanfor parkane. Ein del bygningar til administrativ bruk finst likevel innanfor grensene. Berre i Alaska er det lov å drive jakt i amerikanske nasjonalparkar.

## **Forvaltningskapasitet i nasjonalparkane**

Det ser ut til å vere store skilnader i praktiske forvaltningsopplegg mellom nasjonalparkane i ulike land. Finansieringa av forvaltningane varierer mykje, og dermed talet på tilsette. I 1997 gjennomførte Bundesakademi für Naturschutz i Tyskland ei gransking som viste at 128 nasjonalparkar i Europa hadde i gjennomsnitt 66,4 tilsette i staben<sup>21</sup>. Noreg var ikkje med i

---

<sup>21</sup> Referert i *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Rapport nr 1 – 1999.*

studien, som viser eit enormt gap mellom vårt land og det som er vanleg elles i Europa. Der norske nasjonalparkar har ein forvaltningsadministrasjon, er det gjerne ein til tre stillingar.

Av fleire grunnar kan ei slik samanlikning mellom vårt og andre land ha sine svake sider. Forvaltningssystema er ulike. I Noreg er det mange partar som tek del i forvaltningsoppgåvene. I andre land er det ein samla nasjonalparkadministrasjon som tek seg av det aller meste av både forvaltning, oppsyn, tilrettelegging og finansiering. Der bygder med busetting ligg innanfor nasjonalparkgrensene i andre land, har nasjonalparkadministrasjonane oppgåver som hos oss ligg til kommunane, etter plan- og bygningslova. Mange nasjonalparkar har ein enorm pågang av menneske samanlikna med dei norske, og treng av den grunn fleire til å ta seg av oppgåvene. Ein liknande trafikk i norske nasjonalparkar, er det knapt nokon som ønskjer. Det står likevel ikkje til å nekte at den norske innsatsen for å opplyse folk om verdiane i våre nasjonalparkar, er liten. Dei er ukjende og har nok låg status hos folk flest.

Oppstillinga nedanfor inneheld opplysningar frå ulike tidspunkt. Nokre av dei kan vere endra, og dei toler kanskje ikkje å bli samanlikna direkte. Meininga er å presentere ei skisse som i enkle strekar illustrerer situasjonen i nokre nasjonalparkar og land<sup>22</sup>.

### Finland

Det er eit sentralt og statleg selskap under miljøverndepartementet og jord- og skogbruksdepartementet, Metsäkallitus, som administrerer og forvaltar nasjonalparkane, visstnok med eitt unnatak. Metsäkallitus har 510 tilsette på full tid, og ei rekkje deltidsarbeidande på regionalt nivå. Dei tek seg ofte av fleire parkar. Finansieringa er 95 prosent statleg.

### Litauen

Vel 11 prosent av landet er freda av nasjonalparkar og ein del regionale og kommunale parkar. Forvaltninga er det miljøverndepartementet som har hand om, i lag med eit eige styre for statleg verna område og nasjonalparkadministrasjonane. Nokre rådgjevande utval er i sving både for nasjonale og regionale parkar. Staben er 22 tilsette nasjonalt og 390 på deltid ute i fem nasjonalparkar. Nokre (3-6) i kvar park er sysselsette med å skaffe inntekter. Den

<sup>22</sup> Opplysningane byggjer i det vesentlege på 'Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Rapport nr. 1 – 1999', 'Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Rapport frå Europarc 2001' og 'NINA. Fagrapport 72, 2003'.

statlege finansieringa dekkjer berre delvis driftskostnadene. Inngangspengar, overnatting og salsartiklar er andre inntektskjelder.

### Sveits

Sveits har oppretta eit nasjonalparkstyre på ni personar, og det ligg under departementet for miljø, energi, samferdsel og kommunikasjon. Styret har forvaltningsansvaret i samarbeid med informasjonsenteret for parken, kantonet Graubunden og Pro Natura, det sveitsiske naturvernforbundet. Parken har 62 tilsette. Det offentlege dekkjer 75 prosent av kostnadene, private gjevarar og organisasjonar resten.

### USA

374 område er med i det samla nasjonalparksystemet. 55 av dei er oppretta av Kongressen. USA har eit tjuetal ulike kategoriar av freda natur, og det er i hovudsak fire etatar – alle føderale – som har forvaltningsansvaret. National Park Service (NPS) vart oppretta i 1916 for å handtere ein kombinasjon av vern og tilrettelegging etter nasjonalparklova. Dei har over 18 000 tilsette. Yellowstone sysselset 430 og Rocky Mountain nasjonalpark 156. United States Forest Service (USFS, tilsvarande om lag vår Statsskog) er endå eldre og har hand om ein del av dei strengt verna villmarksområda, i tillegg til mange andre skogområde. Den nasjonale staben er vel 12 000 personar. Kvar skog har i tillegg eit par hundre tilsette, i gjennomsnitt. Fish and Wildlife Service har òg ansvar for villmarker på føderal grunn. Den fjerde instansen er Bureau of Land Management (BLM). Dei fire store er nokså einerådande i forvaltninga av dei verna områda i USA. Republikanarane har sett i gang nokre forsøk med lokal forvaltning, og å gje oppgåver til private og kommersielle aktørar, men noko omfang skal det ikkje ha fått. Både vernestatusen og lovverket er under press frå tunge forretningsaktørar som tømmerkompani, gruveselskap, jaktinteresser og leverandørar av snøskuterar og terrenggåande køyretøy.

Dei hevdar det same som vi kan høyre hos oss, at vernereglane hindrar næringsdrift og busetting. Men det er vesentleg økonomiske interesser med adresse langt utanfor lokalsamfunna som står for denne propagandaen. Andrew Rowell avslører i boka *Green Backlash*<sup>23</sup> korleis tunge økonomiske aktørar arbeider for å undergrave naturvern og andre restriksjonar som står i vegen for deira profittjakt. Dei økonomiske interessene som systematisk motarbeider naturverntiltak, med lokalsamfunna som gallionsfigur i fronten, er

<sup>23</sup> Andrew Rowell, 1996. *Green backlash. Global Subversion og the Environment Movement*. London og New York.

mellom anna tømmer- og gruveselskap, snøskuterprodusentar og andre leverandørar av utstyr til motorisert ferdsel, våpenprodusentar, store skogeigarar og jegerorganisasjonar.

Offentlege overføringar er den viktigaste finansieringa av aktiviteten i alle typar freda område. USFS og BLM leverte tidlegare store overskot til staten, frå mellom annan tømmerhogst, vasskraftutbygging og gruvedrift. Naturverninteresser og opinionen har drive ein del av denne aktiviteten på defensiven. Vern og opplevingsverdiar står høgre i kurs enn før. Pengestraumen er difor i ferd med å snu, og forvaltningsorgana vurderer nye inntektskjelder, mellom anna er forsøk med inngangspengar i gang.

### Austerrike

Hohe Tauern nasjonalpark er 1800 km<sup>2</sup> og forsynt med 61 årsverk og i tillegg 35 somartilsette og nokre frivillege hjelparar.

Nockberge nasjonalpark, 185 km<sup>2</sup>, har eit langt mindre apparat. Tre heilårstilsette og fem sommarhjelper tek seg av oppgåvene.

Kalkalpen nasjonalpark er om lag like stor, 185 km<sup>2</sup>, men har 31 stillingar og 14 i forvaltninga av skogen i parken.

Donau-Auen nasjonalpark er 93 km<sup>2</sup> av elvelandskap langs Donau, og delvis under restaurering. Også her er skogforvaltninga omfemnande, med 40 stillingar, medan 10 tek seg av dei meir vanlege nasjonalparkoppgåvene.

### Tyskland

Bayerischer Wald nasjonalpark har 160 i staben for å ta seg av 242 km<sup>2</sup> med skog- og fjellandskap, eit av dei største samanhengande skogområda i Sentral-Europa.

## **Jordbruket frå lokal til global konkurranse**

## Problemet er overproduksjon

I over 50 år har tendensen til overproduksjon vore det økonomiske hovudproblemet for norsk jordbruk. Mjølkeprodusentane hadde lokale avsetningsvanskar så tidleg som før 1930. Den politiske oppgåva var å finne tiltak som ordna avsetninga slik at bøndene ikkje konkurrerte kvarandre i hel. Så tung var denne saka at ho fekk dei politiske antipodane Bondepartiet og Arbeidarpartiet til å gå saman om ei lov som regulerte mjølkeomsetninga, i det kjende kriseforliket i 1930. I praktisk tala heile etterkrigstida har marknaden har vore den avgrensande faktoren for jordbruket, ikkje tilgangen på areal eller andre naturgode. Mange bønder kunne nok tenkje seg meir dyrka jord å hauste, for sin del. Men under marknadstaket er realitetane slik at dersom ein produsent aukar leveransen, må ein eller fleire av dei andre redusere tilsvarande. Jordbruksmarknaden er i realiteten eit nullsumspel. Tener ein, taper ein annan. Dette er ikkje noko særnorsk fenomen. Dette har vore det store landbruksdilemmaet i heile Vest-Europa dei siste femti åra.<sup>24</sup> Det politiske målet i Romatraktaten (grunnlova i Fellesmarknaden, seinare EU) var å sikre bøndene ein rettferdig levestandard gjennom rasjonalisering for å auke produktiviteten i jordbruket. Dei skulle tene meir ved å produsere meir effektivt, etter mønster frå industrien. Dette er ikkje ein tankegang som EU har vore åleine om. Dette er i realiteten ikkje noko anna enn det som har vore målet og middelet i norsk landbrukspolitik frå 1950-talet.

Ein meir effektiv produksjon på ein gard må føre til større produksjon på garden. I økonomisk forstand handlar større effektivitet om å få meir å selje ut av kvar dekar areal, kvar ku eller arbeidstida. Dette krev større innsats av kunstgjødsel, fôr, maskinar og reiskapar. Alt dette kostar pengar. For å sitje igjen med eit større overskot enn før, må bonden oppnå ein endå større inntektsvekst, sidan ein del av meirinntekta går med til å betale dei ekstra kostnadene. I teorien skulle bøndene på denne måten oppnå nettopp høgre inntekter. I praksis har denne teorien i liten grad slege til. Fenomenet går under namnet 'tredemølleeffekten' – same kor mykje raskare bonden spring i mølla, han kjem ikkje stort høgre.

Forklaringa er i hovudsak at produksjonen vart større enn marknaden hadde interesse av å betale for. Produksjonsveksten pressa prisane ned. Dei som lagar moteklede og andre luksusprega varer, kan kvitte seg med overskotet ved å setje ned prisen. Det kan ikkje bøndene. Ingen kjøper i lengda meir mjølk fordi mjølka er billeg. Meir enn mette vil dei

<sup>24</sup> Sjå til dømes Borgan, S. 1969. *Vest-Europas jordbruksdilemma*. I Brox, O. (red.) Norsk landbruk – utvikling eller avvikling? Oslo.

fleste ikkje betale for å bli. Ei anna årsak ligg i kostnadene til innkjøpte driftsmiddel. Dei var relativt billige i starten på industrialiseringa av jordbruket, og hos oss delvis subsidierte av staten. Etter kvar steig driftskostnadene meir enn matvareprisane, og bøndene sat i fella.

Mange måtte slutte. Dei som gav seg først, var dei med minste bruka. Stadig færre kunne augne sjansar til å tene som andre yrkesgrupper, og nesten ingen nådde dit. Når nokre bønder, men stadig færre, har oppnådd økonomiske kår som dei har funne gode nok, er det fordi dei kunne overta den produksjonen som vart borte når andre la ned drifta.

I utkantane er landbruk i dei fleste tilfella det same som husdyrdrift, særleg etter at staten i 1950-åra gjennomførte kanaliseringspolitikken i landbruket. Den gjekk ut på å gjere det lønsamt å avvikle husdyrhaldet på flatbygdene på Austlandet og i Trøndelag. I staden skulle bøndene i desse områda satse på planteproduksjon, først og fremst korn. Statens Kornforretning garanterte avtalefesta prisar, same kor mykje eller lite som vart levert. Det skulle bli større rom for husdyrhald i dei delane av landet som hadde mindre og meir tungdrivne bruk, og bakgrunnen var nettopp at jordbruket hadde møtt problemet med overproduksjon av matvarer. Også husdyrbøndene fekk avtalte prisar for mjølk og kjøt. Samstundes gjekk staten inn med stadig større overføringar til å dekkje den delen av jordbruksavtalen som bøndene ikkje kunne hente frå meieria og slakteria.

Landbrukspolitikken var både distriktspolitikk og sosialpolitikk, sosialpolitikk i den forstand at dei som arbeidde eit årsverk i jordbruket, skulle ikkje ligge for langt bak andre yrkesgrupper i inntektsutviklinga. Noreg ville ikkje gjere som i Sverige, å avvikle utkantlandbruket på kort tid. I Noreg har bruksnedlegginga gått langt seinare.

Mat var ei vare å bli mett av, og avsetninga når ei grense når folk er mette. Kriseforliket mellom Arbeidarpartiet og Senterpartiet i 1930 lindra ein del av vanskane med avsetninga gjennom ei lov som gav grunnlag for at samyrkeverksemdene, som meieria og slakteria, kunne ta hand om ein større del av omsetninga. Etter kvart vart alle i prinsippet likestilte i møtet med marknaden. Det er det berande samyrkeprinsippet. Under gjenreisninga etter krigen vart det klart for både bondeorganisasjonane og staten at dette var ikkje nok. Den nye teknikken og gjorde mange hender til overs. Hestane vart færre og traktorane fleire. Planteforedling gav fleire foll, og gjennom husdyravlen fekk bøndene kyr som mjølka meir. Kunstgjødsel fekk gras og korn til å vekse raskare enn før. I 1960-åra vart det kjemiske jordbruket ein realitet. Dei kunne sprøyte vekk ugraset i staden for å bruke mykje tid på å luke. Staten subsidierte kjøp av kraftfôr. Tilskot og billige lån gjorde det mogeleg å reise nye og større driftsbygningar. Bøndene skulle auke sine inntekter gjennom å bli meir effektive.

Samanlikna med sine yrkesbrøyr i andre land har dei norske bøndene stått politisk sterkt. Overføringane frå staten til jordbruket har vore relativt store. Men store har også interessekonfliktane vore, både internt i landbruket og mellom ulike grupper i samfunnet. Når bøndene kravde meir for mjølka, hadde Einar Gerhardsen også kjøparane, barnerike arbeidarfamiliar, å ta omsyn til. Resultatet vart at staten betalte ein del av mjølkeprisen til bonden. Han fekk meir, og kjøparen fekk mjølka billegare enn han elles ville fått. Landbruket var ikkje berre ei næring. Bøndene hadde klare oppgåver i samfunnet, som å levere nok av visse matvarer og å halde oppe busettinga. Men ikkje altfor stabil busetting. Frå bygdene kom arbeidskrafta som skulle byggje kraftverk og vegar, fabrikkar og byar – og drive dei nye næringane som gav landet større økonomisk vekst enn før. Gjennom eit intrikat system av økonomiske og juridiske ordningar dreiv staten fram store omstillingar og meir rasjonell drift i landbruket, økonomisk sett. På den andre sida har staten dempa den bruksnedlegginga som eller ville vore ein naturleg konsekvens av rasjonaliseringspolitikken. Det var lenge liv i husa på mange gardsbruk som likevel til slutt fall ut som driftseiningar. Bondekannibalisme, sa dei som tykte rasjonaliseringa gjekk for fort.

Eit av resultatata vart eit landbruk av stadig meir spesialiserte råvareleverandørar. I 1949 hadde 192 492 bruk kyr, 3,9 i gjennomsnitt. 50 år seinare var seks av sju mjølkebruk borte, og 26 468 bruk hadde gjennomsnittleg 13,2 kyr. For svin var gjennomsnittet i 1949 3,1 dyr i gjennomsnitt på 119 063 bruk. I 1999 hadde 5876 bruk svin, og 125,1 i gjennomsnitt.<sup>25</sup> Færre dyreslag og fleire av kvart slag var utviklinga. Men spesialiseringa hjelpte ikkje til å halde tritt med inntektsutviklinga elles i samfunnet. 1975 gjorde Stortinget sitt vidgjetne opptrappingsvedtak, som gjekk ut på at bøndene skulle nå industriarbeidarinntekt i løpet av tre avtaleperiodar, seks år. Noreg var blitt ein oljenasjon, og Stortinget heldt nesten det dei lova. Men berre nesten, og berre for ei kort tid. Frå 1980 fall inntektene igjen i jordbruket samanlikna med andre næringar, og ein slik relativ nedgang har vore hovudtrenden dei siste 20 åra. Lønsevna for eit årsverk i jordbruket var i 2000 under 50 prosent av industriarbeidarløna, lågare enn i 1950-60-åra, om vi skal tru dei offisielle tala. Mange i landbruket snakkar om krise, økonomisk og mentalt. Tal frå Statistisk Sentralbyrå fortel at dei fleste bøndene er nøgde med sitt daglegliv, men nervøse for framtida. Bøndene er færre, og står for vel 2,5 prosent av sysselsettinga i landet. I 1970 var dei nesten 10 prosent. Landbruket leverer 0,7 prosent av nasjonalproduktet. Folk et mindre korn og drikk mindre mjølk enn før. Eksotiske matvarer er ein større del av kosthaldet, kålrot ein mindre del. Men forbruket av norsk kjøt har gått opp. Tollordningane, som har skjerma dei økonomisk

<sup>25</sup> Almås, R. 2002. *Frå bondesamfunn til bioindustri*. Norges landbrukshistorie IV. Oslo.

viktigaste jordbruksvarene frå konkurranse frå omverda, står for fall dersom det blir semje om eit utvida avtaleverk i WTO. Mange sterke grupper kjempar med bøndene om meir frå den statlege storspenen, og bøndene har frå 1990-åra tapt kampen så langt. Bruksnedlegginga har skote fart. I 1985 var det over 105 000 bruk i drift, i 2005 litt over 53 000. I femårs perioden 2000-2005 har kvart femte bruk gått ut av drift, fortel Statistisk Sentralbyrå.<sup>26</sup> På meir enn 25 prosent av norske gardsbruk er det ingen som bur.

Som spesialiserte råvareleverandørar vert bøndene pressa mellom foredlingsindustrien på den eine sida og leverandørane av produksjonsmiddel og utstyr på den andre. I ein vedvarande konkurranse har foredlingsindustrien satsa på stordriftsfordelar gjennom strukturrasjonalisering og eit relativt smalt spekter av ferdigvarer i store volum. Rasjonaliseringa og nye krav til gardsdrifta har auka kostnadene for bøndene til innkjøpte driftsmiddel. Etter kvart vart ein stadig mindre del av omsetninga på garden, utanom tilskota, netto for bonden. For mange går drifta med tap. Dei lever av tilskota. I svært liten grad har norsk landbruk kunna eksportere produksjonsoverskot. Dei landa som kanskje kunne betale høge nok prisar, har òg overproduksjonsproblem. I tillegg har dei betre klima og større driftseiningar som er meir rasjonelle, økonomisk sett.

### **Ein ny trend?**

I dag ser vi tendensar til ei todeling av norsk landbruk, og ikkje berre tendensar. Vi får fleire fellesfjøs og store driftseiningar på dei mest lettdrivne areala. På mindre bruk ser stadig fleire seg om etter andre måtar å tene pengar på enn å levere råvarer til foredlingsindustrien. I 1949 var det 40 prosent av bøndene som hadde garden som einaste leveveg – ikkje meir – men i 1989 hadde berre 22 prosent det.<sup>27</sup> Lønsarbeid utanfor bruket er det som bergar dei fleste som driv gard. Lønsinntektene gjer at den samla kjøpekrafta hos familiar på gardsbruk ikkje er lågare enn hos andre.

Å ta tilbake foredlingsgevinsten (å foredle råvarene sjølv) er eit motto mange snakkar om, og nokre startar ysteri eller innreier eldhuset for produksjon av pølser og spekemat. For nokre har vore vegen til nye inntekter vore å servere mat på garden, gjerne av eigne råvarer, ofte i kombinasjon med utstillingar, omvisingar og konsertar. Landbruksminister Lars Sponheim opplyste i 2004 at rundt 20 000 årsverk i landbruket var næringsdrift utanom dei

---

<sup>26</sup> [www.ssb.no/stjord/](http://www.ssb.no/stjord/)

<sup>27</sup> Almås, *ibid.*

konvensjonelle produksjonane. Då var det til samanlikning litt over 15 000 bruk som dreiv med mjølkeproduksjon.

Dei som slær seg saman i fellesfjøs, satsar på økonomisk effektivisering for å overleve. Med fleire til å dele på fjøsstellet, treng ingen vere bunden heile året. Dei større einingane klarer seg med mindre arbeidsinnsats pr. ku. Nokre av dei som er med på drifta, kan hente meir inntekt utanfor samdrifta.

Dei som foredlar sine råvarer sjølv, melder seg ut av konkurransen på den standardiserte marknaden for einsarta råvarer, der mjølk er mjølk og kjøt er kjøt. Økonomisk er foredlinga basert på at kvalitet og eigenart er eigenskapar ved produkta som gjer at dei kan oppnå høgre pris for varene enn om dei leverte til storindustrien.

### **Kva er utsiktene med WTO?**

Ein eller annan avtale i Verds handelsorganisasjonen (WTO) som gjeld landbruket reknar dei fleste med vil komme. Men tidsplanen har fått mange skot for baugen. Situasjonen er mindre akutt enn det kunne sjå ut før ministermøtet i Hong Kong i desember 2005. Den politiske motstanden mot eit reindyrka frihandelssystem for matvarer ser ut til å auke globalt. Likevel er det framleis ei utbreidd oppfatning at den norske produksjonsstøtta til jordbruket står for fall. Dette er statsstøtte som er direkte knytt til produsert mengde av mjølk, kjøt og fleire andre varer. Ein annan del av overføringane til landbruket er driftsstøtte, som grovt sett er betaling pr. dekar jord i drift eller for kvart husdyr som er på garden, men utan omsyn til kor stor avling eller avdrått dei gjev. Dette er altså støtte som ikkje eller i liten grad påverkar produksjonen og handelen, og som dermed ikkje kolliderer med WTO-krava. Eit anna punkt er derimot utsett for å falle, og det er skjermingstollen, toll som Noreg har innført for å hindre konkurranse frå andre land på den norske marknaden for matvarer som er viktige for norsk jordbruk, først og fremst mjølke- og kjøtprodukt. Etter vedtaka i Hong Kong må norsk jordbruk sjå i auga ein sterk reduksjon av tollsatsane fram til 2014. Kvart land skal likevel kunne definere nokre varer som sensitive og komme unna med mindre tollkutt på dei. Det andre viktige punktet gjeld det dei i WTO kallar gul internstøtte, som Noreg har mykje av og som handelsorganisasjonen vil ha vekk.

Dette er ikkje plassen for å diskutere dei ideologiske sidene ved WTO-tankegangen. Dei sannsynlege utsiktene er at norsk jordbruk går i retning av ein tøffare konkurranse frå

omverda. I så fall vil den internasjonale vinden forsterke bruksnedlegginga som frå før er eit resultat av den nasjonale produksjonsveksten. Det som likevel ser ut til å vere eit sentralt poeng, er at også med WTO vil det norske Stortinget avgjere mykje av dei økonomiske vilkåra for norsk jordbruk. Det er ikkje i strid med handelsreglane å gjere om dagens produksjonsstøtte til driftsstøtte for eit mindre intensivt jordbruk. Det er stor støtte i opinionen for å halde det norske jordbrukslandskapet ved like. Mot ei usikker framtid er det ingen som kan argumentere for at det er forsvarleg å la skogen ta over matjorda. Dersom det er politisk vilje til å halde jorda og kulturlandskapet i drift, kan vi få sjå inspirasjon – eller økonomisk tvang – til å utvikle fleire varer og tenester enn råvarer til kjøt- og meieriindustrien. Dersom dette kjem til å prege framtida, kan vi komme til å sjå eit meir variert landbruk. Men dei som hevdar at norske bønder kan overleve som tradisjonelle råvareprodusentar utan statsstøtte – ved å innrette seg på same måten som industrien og tenesteytande bransjar – dei har både dei økonomiske realitetane og den faktiske historia mot seg.

### **Vil matvareoverskotet i den rike verda vare?**

WTO er berre ein av dei usikre faktorane for landbruket i framtida. Ein annan er endringane i den internasjonale matvarehandelen. For jordbruket i nokre land er eksport tradisjonelt ein utveg for varer som det ikkje er lønsam avsetning for på heimemarknaden. Men heller ikkje eksporten er godt betalt. Typiske eksportområde som USA og EU held det gåande fordi produksjonen er svært effektiv, og fordi statane gjev bøndene ulike former for støtte til eksportdyrkinga. Av den grunn er prisane på matvarer i internasjonal handel kunstig låge. I realiteten er den internasjonale matvaremarknaden ein dumpingmarknad. Han er ikkje stor, berre ti prosent av matproduksjonen i verda kryssar ei landegrense. Men han er med på å halde prisane nede på eit nivå som det er vanskeleg å tenkje seg at fattige land kan gjere fortjeneste på med sine lite effektive dyrkingsmetodar. WTO krev at eksportstøtta blir slutt innan 2014, men dette er eit felt med mange smothol.

Så lenge den samla kornproduksjonen i verda gjekk opp, til midten av 1980-talet, hadde òg dei årlege kornreservane i handelen tendens til å stige. Etterpå har produksjonen vist klare teikn til stagnasjon, og reservelagera har minka. I 1987 var kornlagera store nok til 100 dagars forbruk i verda. 10 år seinare hadde reservane minka til under 50 dagar, og

nedgangen held fram.<sup>28</sup> Kornarealet pr. person i verda er halvert på 50 år. Avlingsveksten på grunn av kunstgjødsel, kunstig vatning og andre innsatsfaktorar i korndyrkinga er mykje mindre enn då dei produksjonsdrivande teknikkane var relativt nye. Det er mykje som tyder på at Lester Brown i Worldwatch Institute kan få rett når han i 1998 skreiv at etterkrigsepoken med overskot av korn i verda går mot slutten. Det vart i så fall eit glimt på 50 år. Tendensen får ny kraft av stigande etterspurnad frå Kina og India, med over to milliardar menneske til saman og ein enorm økonomisk vekst for ein aukande middelklasse.

Dersom Lester Brown får rett, kan utsiktene endre seg, også for norske bønder. Korn er ikkje berre menneskemat, det er også kraftfôr til husdyr, til kjøt og mjølk, og ei viktig drivkraft bak matvareeksporten frå USA, dei vestlege EU-landa og nokre andre. Stigande kornpris vil gje dyrare kraftfôr og ein høgre prisar på kjøt frå det kornbaserte oppalet. Kanskje vil det styrke grunnlaget for grasbaserte husdyrprodukt og dermed norsk landbruk. Mange andre moment kan forstyrre dette biletet ei tid, men neppe hovudtrekka i dei langsiktige trendane. Dette er trekk som gjev gode grunnar til å legge vekt igjen på den gamle tanken om at jordbruket er ikkje berre for dagen, det er for morgondagen. Kanskje går det ikkje så lenge før grunnlaget for WTO-krangelen i dag – eksportproblema for rike lands jordbruk – er mindre påtrengjande. I mellomtida ville det vere direkte uansvarleg å la den norske matjorda gå ut av drift, også i utkantane. Det vesentlege med sikte på framtida er å halde areala i hevd, ikkje at dei leverer store avlingar i dag.

Over femti år med matvareoverskot og jordbruksavtalar i Noreg har i stor grad avpolitisert jordbruket for folk flest. Dei årlege jordbruksoppgjera er ei sak som bondeorganisasjonane og Landbruks- og matdepartementet ordnar med, ikkje ei sak som partia kan slå mynt på utanfor ein stadig mindre flokk av bondeveljarar. Men den dagen mange trur at tilgangen på mat er usikker, kan den politiske stemninga endre seg brått. Landbruket kan få høgre prioritet som eit nasjonalt ansvar.

## Peak Oil

Ein tredje usikker faktor er at tilgangen på billeg olje kan bli mindre om kort tid, om vi skal tru ei internasjonale samling av oljefagfolk og økonomar som støttar teorien om at vi er på eller nær "Peak Oil", toppen av oljeproduksjonen i verda. Den typiske utviklinga av eit

<sup>28</sup> Brown, L. 1997 (red.) *Jordens tilstand*. Wordwatch Institute.

oljefelt i drift er først ein eksponensiell vekst i uttaket, så ein platåfase med konstant produksjon og etterpå eit fall som startar raskt og gradvis minkar. Ved å setje saman opplysningar om alle oljefelta i verda, får dei ei kurve som har fått namnet Hubberts topp, etter den amerikanske oljegeologen Marion King Hubbert. I 1956 utvikla han ein metode for å finne ut når USA ville nå toppen av sin eigen oljeproduksjon. Han kom til at når halvparten av oljen i eit felt er ute, er toppen nådd og nedgangen startar. Hubbert sa det ville skje tidleg på 1970-talet i USA, til vantru latter frå dei åndelege etterkommarane av dei som dansa på toppdekket medan Titanic fekk stadig større slagside. Toppen kom i 1970, og Hubbert var sikra eit namn i oljehistoria. Professor Kjell Aleklett ved Universitetet i Uppsala er leiar i ASPO, Association for the Study of Peak Oil & Gas<sup>29</sup>. Han var i januar 2006 invitert til Olje- og energidepartementet for å gjere greie for sitt syn på oljesituasjonen.

Professor Aleklett og ASPO hevdar at oljeproduksjonen kjem til å gå ned om nokre få år. Dei avviser kontant prognosane frå Det internasjonale energibyrået IEA i Paris, som hevdar at oljetoppen kjem først ein gong mellom 2013 og 2037. ASPO viser til at det er gjort få store oljefunn i verda etter 1970-åra, og at nå er om lag halvparten av den oljen som er tilgjengeleg, gått opp i røyk. Den siste halvdel kan gå med på kortare tid enn den første, dersom forbruket held fram med å stige, før prisane etter kvart vil hemme etterspurnaden. Fleire konsulentselskap viser til at sidan 1980 har verda kvart år brukt meir olje enn det er oppdaga i nye felt. Noreg passerte utvinningstoppen i 2001.

Det vert ikkje brått slutt på oljen, men det er sannsynleg at det blir slutt på den billege oljen. Konsekvensane som dette kan få for økonomi og samfunnsliv er det ingen som har oversyn over. At det vil bremse produksjonen og handelen, også av mat, må likevel vere ein trygg spådom.

### **WTO og Peak Oil på kollisjonskurs?**

WTO går ut på å fjerne handelshindringar for varer som det i økonomisk forstand er overskot av. Teorien om komparative føremonar tilseier at det vil løne seg å opne skjerma marknader for dei som produserer billegast. Norsk jordbruk kan ikkje hevde seg i denne divisjonen, og resultatet av ein WTO-avtale for landbruksvarer vil bli mindre rom for norsk produksjon. Dersom det viser seg at overskotet i den globale matmarknaden held fram med å gå nedover,

<sup>29</sup> [www.peakoil.net](http://www.peakoil.net)

og kanskje kjem under null for viktige varer, har vi eit anna klima i matvarebransjen, både økonomisk og politisk. Norsk jord kan igjen bli eit ettertrakta gode. I same retning dreg det dersom Peak Oil-vurderingane i det vesentlege er korrekte. Industrijordbruket som dominerer den rike verda og overproduksjonslanda, har diesel som drivkraft. Ikkje noko anna energikjelde kan på mange tiår erstatte drivstoff av olje i landbruket, heller ikkje i transporten av mat og andre varer verda rundt. Biodiesel er eit teknisk alternativ, men det krev store dyrkingsareal. Om ikkje argumenta for eit ressursøkonomisk måtehald i transportsektoren har verka så langt, er det grunn til å tru at ein vedvarande prisoppgang på råolje er eit språk som kalkulatorane forstår, og som vil gjere mykje av transporten mindre lønsam.

Eit rikt land som Noreg vil sikkert kunne skaffe mat nok ved import, lenge. Men det faktum at tilbodsoverskotet i kornhandelen i verda er på veg nedover, relativt raskt, burde vere eit godt nok argument for å halde i hevd det vesle vi har av matjord, også i utkantane. I same retning dreg opplysningane om at oljetoppen kan vere nær. Dette er to usikre faktorar på eit så viktig område at dei regjeringane som i lengda vel å late som ingen ting, kan vere glade dei ikkje personleg må stå til ansvar etterpå. Det som gjeld nå, er å skaffe bygdene noko å leve av i mellomtida, til det igjen blir spørsmål om dei har mjølk å avsjå.

### **Er eit politisk løft for jordbruket sannsynleg?**

Utviklinga i norsk landbruk er prega av nedgang på tre viktige område: Talet på bruk i drift minkar, talet på årsverk i landbruket går ned og inntekta pr. årsverk blir lågare medan lønningane elles veks. Produsert mengde pr. årsverk går derimot opp. Nokre hevdar at Stortinget må snu utviklinga på dei punkta som viser nedgang, gjennom politiske vedtak og meir overføringar til jordbruket.

Det same kravet stod sterkt i 1970-åra, og i 1975 gjorde Stortinget vedtak om at inntektene i jordbruket skulle opp på gjennomsnittleg industriarbeidsinntekt i løpet av tre avtaleperiodar, det vil seie seks år. Oppgangen kom, men bøndene auka i liten grad sitt private forbruk. Mykje av dei nye inntektene gjekk til investeringar i større og meir effektive driftsapparat. Produksjonen på utviklingsbruka auka. For å halde den samla mjølkeproduksjonen nede på eit nivå som det var avsetning for, vart det i 1983 innført ei pliktig ordning med produksjonskvotar, ei øvre grense for kor mykje mjølk kvart bruk kunne få betalt for. Etter kvart gjekk relativt meir av overføringane over frå produksjonsstøtte til

driftsstøtte. Nedgangen i talet på årsverk og bruk i drift vart i ein periode litt mindre enn før, men først og fremst var resultatet at dei bøndene som heldt det gåande, tente meir pengar enn før. Eit avgjerande vilkår for å gjennomføre opptrappinga, og den detaljerte styringa av jordbruket som følgde med, var at norsk jordbruk var skjerma mot import frå andre land. Bøndene handla på instruks, og staten tok seg av marknaden, i lag med omsetningsorganisasjonane.

I dag er norsk økonomi meir open. Meieri- og slakteriindustrien driv under andre og meir internasjonale rådevilkår enn for 30 år sidan. Det same gjeld matvarehandelen. Ein sannsynleg WTO-avtale vil gjere det norske matvaremarknaden endå meir utsett for konkurranse frå utlandet i framtida. Etter mi oppfatning er det dekning for denne hypotesen: Dersom Stortinget skal kunne reversere den økonomiske utviklinga i jordbruket, må Stortinget først innføre eit sterkare importvern. Men det er lite sannsynleg at det vert fleirtal for dette i Stortinget i nær framtid, til dømes i løpet av fem år.

Om dette skulle vere feil, og vi igjen får eit skjerma økonomisk rom for jordbruket, må Stortinget anten vedta at bøndene skal få høgre pris for sine råvarer i marknaden, eller Stortinget må auke dei statlege overføringane til jordbruket. Berre ved store endringar i matvaresituasjonen er det sannsynleg at Stortinget vil gjere noko av dette i nær framtid.

### **Bygdene treng økonomiske alternativ**

Nokre hevdar at dersom bøndene fekk innrette seg som andre næringsdrivande, ville dei tene pengar som andre næringsdrivande. Dei økonomane og andre som har sett seg inn i sakene, veit at slik vil det ikkje gå.

Driftsresultatet i landbruket er styrt av andre mekanismar enn dei fleste andre næringar. Det er grunnleggande skilnader på tradisjonelle bygdenæringar og tradisjonelle bynæringar. Nokre viktige punkt er:

1. Medan meirutbyttet av større driftsinnsats i jordbruket normalt er minkande, er det konstant eller aukande i industri og tenesteyting. Den som har gjødsla lite, kan oppnå større avling ved å bruke meir gjødsel. Men dersom gjødselinnsatsen frå før er høg, aukar avlinga mindre ved like stor meirinnsats. Dette er lova om den minkande utbytteauken, også kalla fallande skalautbytte, og grunnleggande i all landbruksøkonomi. Lova inneber at landbruket i mindre grad enn industrien kan oppnå stordriftsfordelar. Den økonomiske skilnaden på by og land var kjend i alle fall så tidleg som renessansen, då økonomane spurde seg kvifor folk i

byane var rike, medan folk på landet var fattige. Svaret var heller ikkje den gongen sterke statlege reguleringar av jordbruket.

2. Norsk landbruk har i etterkrigstida hatt ein produktivitetsskoke som er langt større enn den inntektsveksten bøndene har oppnådd. Mellom 1952 og 1962 gjekk arbeidsproduktiviteten i jordbruket opp med 150 prosent. Når dette ikkje gjev seg utslag i tilsvarende høgre inntekter, er det fordi jordbruket etter 1930 har levd, for så vidt i tråd med idealbiletet frå den klassiske marknadsøkonomien, med stadige tendensar til overproduksjon og prispress nedover. Jordbruket leverer til kjøpars marknad. Varer som er til overs når forbrukarane er mette, har praktisk tala ingen økonomisk verdi. Tekniske framsteg og produktivitetsskoke fører til lågare prisar for forbrukarane og ikkje til høgre inntekter for produsentane. For industri og tenesteyting vil teknologiske nyvinningar i større grad gje produsentane større inntekter, sjølv om resultatet i tillegg blir lågare prisar for kjøparen. Den amerikanske økonomen John Kenneth Galbraith har illustrert korleis depresjonen i 1930-åra slo ut i eit dramatisk prisfall på jordbruksvarer, medan industrien stort sett klarde å halde oppe prisane og kompenserte for fallande etterspurnad ved å seie opp folk. Dei som hadde arbeid, klarte seg relativt bra.

3. Utan reguleringar har jordbruket innebygde eigenskapar for store prissvingingar. Viktige årsaker til dette er for det første at biologiske varer er lite eigna for lagring. Eit anna kjenneteikn er lite elastisk etterspurnad, som gjev store prisfall ved overproduksjon av jordbruksvarer. Store faste kostnader gjer det vanskeleg å stanse produksjonen og starte igjen seinare. Bøndene er bundne til sitt bruk. Det typiske er at bønder under fallande prisar aukar produksjonen for å kompensere prisnedgangen i staden for å legge ned.

På mange måtar lever jordbruket i ein klassisk ulandsøkonomi, som råvareleverandør til ein foredlingsindustri som bøndene eig, men som ikkje oppfører seg annleis enn annan industri av den grunn. Det er ikkje noko nytt at industri, som er foredling av råvarer, gjev større overskot enn råvareleveransane. Det har vore det klassiske mønsteret sidan den industrielle revolusjonen, og er i prinsippet det same om råvara er sølv eller korn. Det var difor kolonimaktene nekta koloniane å starte med noko som kunne minne om foredlingsverksemd. Kostnadene til driftsmiddela som gjer produktivitetsskoke i jordbruket mogeleg, har gått meir opp enn inntektene av det jordbruket leverer. Byteforholdet mellom produkt og

produksjonsmiddel går ned. Det vil i praksis seie at nå kostar det fleire liter mjølk å kjøpe ein ny traktor enn det gjorde tidlegare.

Det landbrukspolitiske svaret på denne underlegne situasjonen for jordbruket har etter krigen vore marknadsregulering for å stabilisere prisane, bruksutviding for å oppnå meir av stordriftsfordelar og overføringar frå staten for å kompensere for det økonomiske underskotet som likevel er igjen. Desse tiltaka har møtt veggen. Den utviklinga vi ser i retning samdrifter og fellesfjøs er ei form for 'permittering av tilsette' som blir forsterka av større matvareimport under deregulering og internasjonal konkurranse. Færre kan ta si inntekt frå jordbruket. Eit påtrengande spørsmål blir: Kan jordbruket og bygdene innrette sin økonomi på andre måtar?

### **Schumpeteriansk konkurranse**

I eit arbeid på oppdrag frå Norges Bondelag og Kommunal- og arbeidsdepartementet<sup>30</sup> har økonomen og økonomihistorikaren Erik S. Reinert argumentert for at jordbruket bør forlate den klassiske tankegangen om å konkurrere på produkteinsretting og pris, og i staden satse på *produkt differensiering og kvalitet*. Ein slik konkurranse blir kalla for Schumpeteriansk konkurranse, etter den austerrisk-amerikanske økonomiprofessoren Joseph Schumpeter (1883-1950).

Reinert hevdar at norsk landbruk i dag på mange måtar er ”fanget mellom det verste av to verdener. På den ene side det verste av en liberalistisk teori som ikke forstår hvorfor bøndene ikke oppfører seg som aksjemeglere (som ikke krever subsidier), og tror de vil gjøre det om de blir fratatt all støtte. På den annen side det verste ved planleggingsparadigmet: En overtung, sentralisert og standardiserende struktur som gjennom detaljreguleringer (og ved å frata jordbrukeren hans markedsføringsoppgave) hindrer entreprenørskap og det mangfold som begge er helt nødvendige for en høyere verdiskapning, spesielt i en globalisert økonomi.”

Han presiserer altså at jordbruket kan ikkje klare seg utan støtte frå staten. Heller ikkje den mest teknisk avanserte åkerproduksjonen i USA, med traktorar som er datastyrt via satellittar, gjer det. Men når omverda for jordbruket endrar karakter, frå eit politisk gjennomregulert jordbruk i ein nesten fullstendig skjerma marknad, til ein open konkurransesituasjon, går det som var stordriftsfordelar over til hemmande stordriftsulempar.

<sup>30</sup> Erik S. Reinert 1997: *Jordbruk, Distriktpolitikk og Økonomisk Teori: Schumpeteriansk konkurranse som middel til mangfold og velstand i jordbruket*. Norsk Investorforums Skriftserie Nr. 1/1997

Det landbrukspolitiske regimet som hadde styringsevne i 1975, får styringsvegring når den økonomiske omverda er fundamentalt endra.

Vi står framfor eit nytt paradigmeskifte i økonomien, hevdar professor Reinert, ei grunnleggande endring i kunnskapen eller måten å tenkje på. Dette skiftet inneber overgang frå ein nasjonsbasert økonomi til ein global økonomi. For det andre inneber dei nye spelereglane ein overgang frå industrisamfunnet (med masseproduksjon og stordriftsfordelar som økonomisk styrke) til informasjonssamfunnet. Nokre kallar det opplevingsamfunnet. For jordbruks- og distriktspolitikken er det eit viktig poeng at det nye paradigmet er desentraliserande, ikkje sentraliserande som produksjonsøkonomien etter den industrielle revolusjonen. Stordriftsfordelar i hierarki må vike for samdriftsfordelar i nettverk, til dømes ved at ei avsidesliggande småbedrift vert medspelar i eit større nettverk av leverandørar. Men, seier Reinert, dette vert ingen enkel overgang for jordbruket. Det krev nye initiativ til å utnytte dei sjansane som finst, eit entreprenørskap som det planøkonomiske jordbruksregimet har lært bøndene av med. Når Tine under alle omstende tek mot mjølka til lik pris for alle, treng ingen produsent tenkje på avsetninga for sitt tilmålte kvantum. Det som kan heve inntektene i bygdenæringane, og skape fleire arbeidsplassar, er ikkje spesialisering, kostnadsjakt og meir effektiv produksjon i tradisjonell forstand. Denne kampen er å streve etter dei stordriftsfordelane som bygdenæringane aldri får nokon særleg gevinst av. Det som kan gjere bygdene rikare, og styrke deira motvekt mot sentraliseringa, er at dei får fleire ulike næringar eller verksemdar med ein eigenart som andre ikkje så lett kan kopiere. Så tidleg som i 1960-åra hevda Sigmund Borgan, professor i landbruksøkonomi ved Norges landbrukshøgskule, at overføringane til jordbruket burde ikkje vere avgrensa til reine landbruksprodukt. Dei burde vere disponible til alle slags tiltak som kunne styrke sysselsettinga i bygdene.

Nokre har innretta seg etter den nye tida. 'Bondens marknad' er namnet på eit enkelt nettverk av bønder som driv framstilling og direkte omsetning av ost, marinert fisk, pølser, spekemat, honning, saft av bær og frukt, krydderolje og mangt anna. Kvar leverandør har varer av høg kvalitet og med sin spesielle eigenart. Produsenten møter kjøparen på torget, ikkje med lågprisplakatar, men med populære varer. Ein tilsvarande kanal, 'Kaupa', formidlar handel direkte mellom produsent og kjøpar over Internett. Olavsrosa er eit felles kvalitetsskilt på mange mindre overnattings- og serveringslokale i restaurerte bygningar og tun, alle med sitt særpreg, i motsetning til kjedehotella, som ser ut til å bli meir og meir like. I Gudbrandsdalen inviterer mange som har flotte, kulturhistoriske bygningar eller gardstun til overnatting, servering, konsertar og andre opplevingar gjennom ein felles informasjon under

tittelen 'Gardimellom'. Alt dette er nyskapningar i bygdeøkonomien, opplevingar som mange søker fordi dei er spesielle, ikkje fordi dei er billege.

## **To utanlandske døme på Schumpeteriansk konkurranse<sup>31</sup>**

### Parmesanost og Parmaskinke

Sørvest for Po ligg regionen Emilia-Romagna i Italia, i renessansen eit sentrum for kultur og kunnskap og med universitet i Bologna frå 1100-talet, kanskje det eldste i verda. Emilia-Romagna var sentrum for motstanden mot Mussolini-fascismen, og etter krigen gjekk partisanane over i ei gründerkommunisme med økonomisk aktivitet som ein del av ideologien.

Regionen er eit areal på 22 000 kvadratkilometer, om lag som Nord-Trøndelag, litt mindre enn Hedmark. Folketalet er 3,9 millionar. 151 000 er landbruksprodusentar på eit jordbruksareal som er vel 70 prosent større enn det norske, 17 millionar dekar. 57 000 gardar er mellom 10 og 50 dekar, og nesten like mange mellom 50 og 200 mål. Dei har altså langt fleire småbruk i drift enn Noreg har. 11 000 svineprodusentar har i gjennomsnitt 170 griser kvar. 80 prosent leverer mindre enn 50 griser i året. Men den store skilnaden, samanlikna med norske forhold, finn vi i foredlingsbransjen. På eit areal mindre enn Hedmark ser Emilia-Romagna seg tente med 880 ysteri, 627 produsentar av skinke og pålegg, og 420 slakteri.

Dette er leverandørane av parmesanost og parmaskinke, og visstnok den mest eksklusive gourmeteddiken i verda, aceto balsamico. Fabrikkane Ferrari og Lamborghini ligg i same regionen. Kanskje er det ikkje rart at bruttoproduktet i Emilia-Romagna ligg 20 prosent over gjennomsnittet i Italia.

Parmesanosten skal vere frå etruskartida, rundt år 800. Kvaliteten har vore uendra sidan 1200-talet. I dag kjem osten frå rundt 650 av dei 880 ysteria. 10 000 bønder leverer mjølka, 1,8 millionar tonn av høgste kvalitet. Dette er meir enn den norske mjølkeproduksjonen. Berre høg, ikkje ensilert fôr, er akseptert. Til gjengjeld gjev dette ein kvalitetsbonus i literprisen på 47 prosent samanlikna med vanleg mjølk. Dei ti tusen bøndene er åleine om å levere råstoffet til eit eineståande meieriprodukt, ein ost som vert lagra i to år før han er leveringsklar, og då ligg i ein marknadsdivisjon for seg sjølv. Ysting, lagring, pakking og sal av parmesan gjev arbeid til 95 000 personar. Dei leverer 100 000 tonn i året,

<sup>31</sup> Kjelde er Erik S. Reinert, 1997, *ibid.* Tala kan ha endra seg sidan 1997. For vårt føremål, å skissere nokre hovudtrekk, har det lite å seie

2,7 millionar ostar med ei sluttvekt på rundt 36 kilo. Utsalsprisen over disk i Italia ligg rundt 115 kroner kiloen. Berre mjølkeproduksjonen representerer ei omsetning på 6 milliardar kroner for dei 10 000 leverandørane.

Osten er ikkje standardisert. Kwart ysteri leverer sin variant. Men framstillingsmåten er sertifisert – av Det Norske Veritas. Og prosessen frå jord til bord er spesialisert ut frå dei økonomiske særtrekka ved kvar del. Den arbeidsintensive mjølkeproduksjonen og ystinga utnyttar smådriftsfordelane ved lite kapitalkrevjande produksjonar. Kvalitetsmjølka går nesten berre til osteproduksjonen, og dermed har leverandørane kvitta seg med konkurranse frå andre produsentar, som til dømes ikkje oppfyller krava til føret kyrne kan få. Etter to månader overtek ein eigen ostelagringsindustri, med automatisert teknikk for henting, vending og tørking av osten etter kvart som han sveittar under lagring. Dette er ein kapitalkrevjande prosess som bankane har hand om, og som har klare stordriftsfordelar. Kontroll og merking er det eigne ekspertar som står for. Etter lagring er det ein heil industri å pakke osten for hand.

Parmaskinke går visst for over 500 kroner kiloet i Oslo. Produksjonen starta nærast som eit biprodukt av parmesanosten, ved at grisene vert føra på billeg myse som er til overs etter ystinga. Skinka har tre kvalitetsgrader, og den billegaste typen vert delvis laga av svin frå Holland og Tyskland. Men kvalitetsskinke er av griser som har ei slaktevekt på 160 kilo og ein minimumsalder som ligg godt over den biologisk nødvendige for å nå ei slik vekt. Dette gjev bøndene eit kvalitetstillegg i prisen på 15-20 prosent. Også denne prosessen er i stor grad spesialisert frå start til mål. Svinehaldet er gjerne delt mellom nokre som driv avl og oppal til grisene er 30 kilo, og andre som førar dei fram til slakt. 420 slakteri, og då er dei ikkje store, gjer sin del av jobben, før neste ledd tek seg av salting, mogning og lagring. Trass i mange ledd i produksjonen, kan forbrukaren føre sitt kjøtstykke attende til den aktuelle produsenten. Berre kjøt frå eit avgrensa område og av visse svinerasar er godkjent til opphavsmerka kvalitetsskinke.

### Kjøtt og ost frå Alpane

Sveits er så stort som dei to trøndelagsfylka og har 1200 ysteri. I fjelltraktene på grensa mellom Graubünden i Sveits og Sondrio i Italia, 2000 meter over havet, leverer ein lokal slaktar Bündnerfleisch, ein spesialitet som blir omsett i heile Sveits. Dette er tørka kjøtt av sau og storfe – og vilt – som går til svært høge prisar. På høgfjellet held dei sauer og leverer lam

av høgste kvalitet, men neppe under betre naturforhold enn det vi finn i norske fjell. I tillegg leverer dei biologisk kjøt og ost, Bio Bündner Bergkäse, av mjølk som gjev leverandøren 50 øre meir for literen. Berre 10 prosent av fôret kan dei kjøpe utanfrå, og gjødsla skal vere av eigen produksjon. Buskapane er små, og må gå ute også om vinteren.

Heilårs mjølkeproduksjon er av relativt ung dato i fjella. Ysteriet produserer fem ulike ostar av kumjøl, og ein av geitemjøl, smør og 28 sortar youghurt. Etter ystinga tek også her eit firma over lagringa og avfettinga av ostane, som sel godt i heile Sveits.

Sveits er kjent for sine små kommunar, ikkje berre mange meieri. Det heiter at første skuledagen er det vanleg at elevane går på tur rundt kommunen, langs grensa. Heilt sør i Graubünden er det meir smått enn vanleg. Den minste av dei 5 kommunane i Krets Rheinwald, Medels, hadde i 1990 34 innbyggjarar, etter ein oppgang på seks, det vil seie 24,1 prosent. Dersom det er rett at små einingar er dyre i drift fordi folkesetnaden er glisen, og ikkje fordi der er få innbyggjarar, fell ikkje kostnadene pr. innbyggjar ved å slå saman fleire grisgrendte kommunar.

På den italienske sida, i ein avsides dal 2000 meter over havet, driv to brør stølen til ein gard lenger nede, og med slik arbeidsdeling: Den eine broren har ansvaret for garden og osteproduksjonen. 34 kyr og 14 ulike ostetypar er to sentrale tal om drifta. 85 kroner får dei for kiloet, meir enn prisen på Parmesanost, og meir enn det doble til produsent enn butikkprisen på vanleg ost. Dei sel alt dei klarer å lage. Broren og hans familie livnærer seg på ein restaurant med overnattingsplassar. Dit kjem fjellvandrarar for å oppleve den spesielle og historisk ekte fjellmaten som restauranten serverer. Og så kjøper dei ost i tillegg. Eller dei kan få honning frå dalen, og det mest eksotiske av alt: hoggormdram – uskadd hoggorm på flaske fylt med sprit. Ventelistene berre aukar. Igjen eit døme på at ekte varer av høg kvalitet – i det siste tilfellet kanskje meir spesiell enn høg – er omsetjeleg til gode prisar for dei som melder seg ut av konkurransen om dei låge prisane.

### **Ein sjanse for økologisk jordbruk?**

Etter ein lang nølefasa i avsetninga for økologiske matvarer, melder avisene nå, i april 2006, om at etterspurnaden er større enn tilbodet. Det er ein ettertrakta situasjon for alle som har noko å selje. Økologiske dyrkarar har lenge arbeidd for å få dei store

samykkeorganisasjonane, Tine og Gilde, til å satse meir på foredling og sal av økologiske matvarer. Det spørst om desse selskapa har god evne til å foredle den økonomiske verdien av det økobøndene leverer. Ikkje fordi dei er udugelege, men fordi dei driv så stort at leverandørane vert anonyme. Økologisk dyrka mat har i seg sjølv kvalitetar som har stigande popularitet. Dersom kvart bruk eller fleire bønder i lag kan setje sin eigenart på varene, kan dei truleg oppnå høgre pris enn ved å levere råvarene til ei anonymisert omsetning. Å vite kva for bruk kjøtet kjem frå, og konkret kunnskap om tilstanden på garden, er opplysningar som stadig fleire kjøparar ser ut til å legge vekt på når dei handlar. Dette handlar om å opprette ein individuell tillit mellom produsent og forbrukar, ei form for direkte marknad utan at kjøparen treng å møte leverandøren på torget. Bonden leverer noko meir enn industrien er i stand til, og kan ta høgre pris for ekstratilleget.

## **Korleis kan norsk turisme bli?**

### **Tre ECON-scenarium**

I 2003 leverte ECON Analyse ei bok om norsk turisme, med tre scenarium, tre mogelege forteljingar om den nære framtida, til 2015.<sup>32</sup> Spørsmålet er kva retning den framtidige turismen i Noreg vil komme inn på:

---

<sup>32</sup> Støre, J.G. m.fl. 2003: *Norge 2015 – en reise verdt*. Scenarier for turisme-Norge. Oslo

1. Vil Noreg satse på turisme i form av statlege tiltak, private investeringar i reiselivet og ein aktiv velkomst til dei reisande, eller vil reiselivet falle bak i køa av prioriterte satsingar?
2. Vil turistane framleis komme hit for å oppleve naturen i fred og ro, eller blir jaget etter spenning og intense opplevingar det som pregar dei tilreisande?

Av kombinasjonen 'turistane søker ro og fred og Noreg gjer mykje for å gje dei det' kjem scenarium 1, som ECON har kalla *Den gode viljen*. Scenarium 2 ber namnet *Some like it hot* og er eit resultat av 'store investeringar for fart og spenning'. Det tredje scenariet, *For ein neve dollar*, er ein konsekvens av manglande og lite samordna innsats frå det offentlege. Nokre destinasjonar klarer seg i konkurransen, men landet Noreg har som reisemål låg status i omverda. Her er nokre hovudtrekk i scenaria, i litt fritt referat:

### 1. Den gode viljen

I denne historia sett frå 2015 hadde norske styresmakter satsa mykje på å utvikle reiselivet, for å styrke distrikta som hadde sakka etter i den økonomiske utviklinga. Denne satsinga prioriterte det segmentet av reisande som ville oppleve naturen og dei velstelte landskapa. Noreg hadde ord på seg for å vere eit trygt land. Mange reiselivsverksemder kom til, ofte gardsbruk og andre småskalatiltak med tilbod til dei som hadde pengar nok, men mangla tid, plass og opplevingar i livet. Staten førte ein streng vernepolitikk, mellom anna fordi verna natur og landskap var det som drog folk til Noreg.

Lom kommune hadde lenge hendene fulle med å ta i mot delegasjonar som ville sjå det vellukka resultatet av ein restriktiv hytte- og motorferdselpolitikk. Mange investorar fekk nei til store kapitalinvesteringar i fjellet og ved sjøen fordi utbyggingane ville komme til å redusere dei kvalitetane som norsk reiseliv heldt fram som det viktigaste trekkplasteret. Arthur Buchardt hadde fleire gonger hatt utbrot mot miljøvernministeren i avisene, før han valde å innrette seg etter dei strenge retningslinene for hyttebygging og større turistanlegg. Ekstremспорт i fjell og elvar fekk ein stor oppsving, men deltakarane måtte gå til toppane, også under Ekstremспортveko på Voss. Nokre alpinanlegg heldt stand, men fordi dei utvida tilbodet. Velpreparerte bakkar med raske heisar var ikkje lenger nok. Trysil vart redda av Villmarksenteret, som med fagleg informasjon og interessante opplevingar vart ein suksess frå starten. Det har vore ei estetisk opprusting av bygdene og dei aktuelle destinasjonane. Grunneigarane såg at det låg pengar i det vakre og velstelte. Med støtte frå eit veksande kulturminnefond er mange av dei freda bygningane (eldre enn 1650) restaurerte. Olavsrosa

hadde ikkje lenger same status som før, fordi symbolet vart så vanleg. Det lysna igjen over attgrodde bøar og beite. Stadig fleire rydda skog i kulturlandskapet til å fyre biobrenselanlegg, ein del av miljøkvaliteten ved reiselivet og på same tid utnytting av ei billeg råvare i bygda. Mange av turistane kom att til same staden år etter år.

Staten hadde satsa mykje pengar på natur- og kulturbaserte tilbod. I lag med næringa fekk styresmaktene til ein vellukka kampanje i utlandet for Noreg som reisemål for dei som var ute etter støyfri, vakker og uforstyrta natur. Den viktigaste grunnen til innsatsen frå det offentlege var at politikarane vakna av ropet frå utkantane om med mørke utsikter og fråflytting. Ei gjenreiseing av bygdene kom på dagsorden. Det viste seg at den norske likskapstanken likevel ikkje var borte. Mykje av produksjonsstøtta til det konvensjonelle jordbruket fall vekk på grunn av WTO-avtalen, men overføringane gjekk i staden til å stelle kulturlandskap, støtte små matprodusentar og ei rekkje andre tiltak for å heve inntektene i bygde-Noreg. Dette fall saman med ei stigande interesse i byane og utlandet for det enkle ferielivet. Mange oppdaga at dei kunstige luksusgoda gav dei lite glede, sjølv om dei kasta seg på det mest spektakulære som var å oppdrive. I det norske landskapet fann dei romsleg med plass, og dei hadde herredømme over si eiga tid. Utanlandskampanjen fortalde at i norske fjell kan alle drikke av elvar og bekkar, og dette ville mange prøve. Noreg vart dessutan oppfatta som eit trygt land å ferdast i. Reiselivet auka sin del av den nasjonale verdiskapinga. Men ikkje alle hadde suksess. Nokre gjekk konkurs etter kort tid, og ein del større planar om tunge turistanlegg vart nekta av styresmaktene av omsyn til naturen. Dette vekte sterke reaksjonar hos dei som hadde kapital dei ville investere, men det tok ei tid før protestane fekk politisk gjennomslag

## 2. Some like it hot

Vulgærframstillinga er at dette er kombinasjonen av adrenalin og alkohol, intense opplevingar dag og natt. Nokre går til toppen for ein nedtur på grensa av det forsvarlege, offpist. Andre har elendig kondisjon og spør etter motorisert moro. Motorsport og massasje går side om side. Når kroppen ikkje maktar meir, tek hestekreftene over.

Entreprenørane, turismekjedane og utstyrsleverandørane hadde fått frie taumar. Mange av investorane har base i utlandet, og dit gjekk også det meste av fortjenesta. Sesongarbeidarar kom frå austlege EU-land og Asia for å tene seg opp pengar, og drog heim att etter nokre månader. Heisar, heliskiing og fri fart med snøskuter greip om seg i stort

tempo. Hemsedal fekk casino. Mange bønder gav seg og bygda grodde til, men det hadde mindre å seie så lenge bakkane og barane heldt ope. Drikkevarene vart billege etter den omstridde harmoniseringa med EU-nivå på avgiftene.

Tomteseljarar og dei kapitalsterke selskapa hadde støtte hos lokale politikarar som pressa styresmaktene til å lempe på vernereglane for nasjonalparkane. Også her var slagordet at bygdene treng ny aktivitet, etter at WTO hadde sendt mange buskarar på slaktehuset. På Stortinget var det mange som heldt engasjerte innlegg for ny satsing i bygdene, men det viste lite igjen i statsbudsjettet. Løysinga vart å gjere det lettare for nye etableringar. Det generelle forbodet mot motorisert ferdsel i utmark vart oppheva. Vinje kommune la ut fleire løyper for snøskuter, men dei fekk likevel ikkje den ulovlege trafikken ned. Det nye var naturar i Kvennadalen i Hardangervidda nasjonalpark, eit populært fartsområde fordi det nesten ikkje var folk der. UNESCO tok Geiranger ut av verdsarvlista på grunn av vanskjøtsel. På toppane var det bygt for mange landingsplassar for helikopter. Noreg hadde fått eit dårleg rykte som turistland hos dei som var ute etter å oppleve naturen som han er.

Nokre tunge destinasjonar utvida, men dei fleste bygdene såg lite til oppgangen. For kvart år var det nye vindauge å sjå utan lys i. Villreinen kom høgt på raudlista etter at leveområda var endå meir innsnevra. Nokre grunneigarane og lokale entreprenørane gjorde pengar på boomen dei første åra, men etter at kjedene i realiteten tok makta, selde dei lokale seg ut og bur for det meste i Spania.

Til slutt kom reaksjonane, ein motkulturell revansj. Turistforeninga og Naturvernforbundet hadde på kort tid tapt mange saker og mange medlemmer, men etter 2010 auka medlemstalet igjen. Folk har fått nok, og naturen for mykje.

### 3. For ein neve dollar

Turismepolitikken abdiserer, og dei sterke aktørane vinn. Noreg har meir bruk for sjukesenger enn hotellsenger, var det mange som sa i budsjettdebattane i Stortinget. Det vart slutt på den nasjonale turismesatsinga. Noreg som reisemål bleikna, men nokre destinasjonar satsa tungt og skapte seg eit namn. Deira definisjon på kultur var at kultur er det som er etterspurt. Nokre samar framfor hotellet i Kautokeino viste seg å vere sesongarbeidande polakkar. Bygde-Noreg hadde ikkje lenger nokon viktig status som politisk satsingsfelt. Erling Fossen såg sin draum gå i oppfylling. Langs E6 i Gudbrandsdalen er lite jord i hevd og berre nokre gardstun å sjå gjennom skogen. Det var nokre kapitalsterke grupper som sette

dagsorden for politikarane, men i desse miljøa var det få som heldt til i bygdene. Distrikta avanserte på sin veg mot solnedgangen. Landbruksstøtta var kraftig redusert, og av reiselivet risla det lite over bygdene. Turismen opplevde fleire kriser av den typen som laksenæringa hadde vore i gjennom på 2000-talet, berre mykje sterkare. Marknaden minka, og i tronge tider kom kapitalen på få hender. Hurtigruta kjøpte opp dei fleste rorbuene og kontrollerte all turisme i Lofoten.

### **Kva vart resultatet?**

*For ein neve dollar* utløyste stor frustrasjon over at styresmaktene gav opp å halde oppe busetting og sysselsetting i heile landet. Reiselivet vart ein arena for nokre vellukka aktørar som tok seg til rette, ikkje ei offentleg satsing for å byggje opp ny næringsdrift der landbruket og andre primærnæringar så vidt heldt det gåande i ustabil sideleie.

I *Some like it hot* hadde dei mange utbyggingane sett sitt tydelege preg på landskapet. Frå starten såg det lovande ut for nokre få bygder som opplevde ein eventyrleg aktivitet i byggebransjen, servering og overnatting. Men misnøya steig etter kvart som eigarkonsentrasjonen gjorde seg gjeldande og overskota gjekk i lommar som dei fleste tykte var velfylte nok frå før. Store kjedar gjorde sitt inntog, ikkje berre som hotelleigarar. Dei tok over alpinanlegga, restaurantane og utleigebyane i fjellet.

*Den gode viljen* hadde òg hatt sine nedturar, men dei var små og spreidde. Nokre tiltak gjekk over ende, men mange hadde bygt opp solide familieverksemder som dei enno mot slutten av perioden kontrollerte sjølve. Det kom nytt humør i bygdene. Dei eldste kunne minnest noko liknande etter opptrappingsvedtaket for jordbruket i 1975, men nå var aktiviteten så mykje meir variert – eit ekstensivt jordbruk i velstelte bygdelandskap leverte mjølk og kjøt til lokale meieri og slakteri, som produserte dyre, men ettertrakta matvarer. Tine og Gilde kjempa ein desperat kamp med matvarekjedane, i konkurranse med danske og italienske selskap. Servering og guiding var delar av eit nytt mangesysleri. Få vart rike, men mange tente så dei var nøgde.

Nasjonaløkonomisk var scenario *Den gode viljen* og *Some like it hot* dei mest vellukka. Verdiskapinga auka frå 55 milliardar kroner til 95-100 mrd. For distrikta vart *For ein neve dollar* raskt ein katastrofe, og *Some like it hot* nærma seg denne tilstanden etter ei tid.

*Den gode viljen* tok vare på livet i naturen, og gav nytt liv til bygdene. Økonomien var i det vesentlege under lokal styring og kontroll, fordi lite av kapitalen kom frå store investorar eller utanlandske kjedar.

*Some like it hot* skisserer ei utvikling med stor kapitalinnsats og ikkje så lite Klondyke-stemming på nokre stader. Men etter kvart sat både eigarane og makta langt utanfor bygdene. Det var ingen angrefrist. Utviklinga gav Noreg eit dårleg rykte som naturbasert reisemål, og utviklinga av den motoriserte trafikken var umogeleg å reversere.

*For ein neve dollar* forsterka berre den negative utviklinga av inntekter og sysselsetting i distrikta. Der hende kort og godt fint lite. Nokre store anlegg hadde naturvernorganisasjonane kjempa mot og tapt, men dei var ikkje så mange.

### Tre skisser frå Teknologirådet

Teknologirådet har publisert eit scenariework<sup>33</sup> med eit innhald som på mange måtar liknar utsiktene frå ECON analyse, men som er mindre grundige, meir som skisser. Hos Teknologirådet er dei variable dimensjonane:

1. Kva søker naturbrukarane, stor eller liten grad av tilrettelegging?
2. Er det staten eller lokalsamfunna som avgjer kva for tiltak og inngrep som er akseptable?

Brukarane fell i tre grupper: ”Tradisjonisten” er ute etter fred og ro, helst på sin eigen måte. Han hevdar med klare ord, når han blir provosert til det, at å slite litt for å komme fram gjer opplevinga større. ”Etternølarer” har ikkje så klare oppfatningar, og han gjer stort sett som dei andre. Å utsetje seg for mykje natur åleine er framandt for denne gruppa. ”Den nye brukaren”, derimot, er ute etter spenning og slikt som han ikkje har gjort før. Aktiviteten er viktigare enn naturen. Den nye brukaren vil finne sine grenser og gjerne flytte dei. Nokre av ’dei nye brukarane’ vil ha ein motor mellom beina, men andre sveittar ein halv dag på veg til toppen for å renne ned att på eit kvarter.

Det første scenariet, *Nasjonale satsingar*, er ein kombinasjon av at avgjerdsmakta ligg sentralt og at brukarane av norsk natur i stor grad spør etter tilrettelagde aktivitetar i terrenget.

<sup>33</sup> Teknologirådet. (u.å.) *Norsk friluftsliv i 2020. Et prosjekt om fremtidens bruk av norsk natur til turisme og friluftsliv.*

I det andre scenariet, *Kvar for seg*, er brukarane i liten grad ute etter tilrettelegging i naturen, og vi har ei blanding av sentrale og lokale avgjerder i forvaltninga. Det tredje scenariet, *Lokale leikegrinder*, har som utgangspunkt at alle avgjerder ligg på lokalplanet, og at brukarane i stor grad er ute etter tilrettelegging.

### 1. Nasjonale satsingar

Dette er eit nasjonalt løft for å få fleire utanlandske turistar til Noreg. Det er satsa enormt på store utbyggingar i nokre bygder, dei fleste med tunge anlegg frå før, som Stryn, Trysil, Hemsedal og Oppdal. Nytt er tilrettelegging på eit breiare felt, med dyresafari, naturleikeland for ungar og i tillegg alpinbakkar og rafting – bygdeparkar for underhaldning utandørs. Nokre selskap satsa stort på ekstremsport under kontrollerte forhold, som Hurrungane Mountain Adventure. Selskapa fekk lov til å drive nesten som dei ville, også innanfor dei mest eksotiske nasjonalparkane. Styresmaktene var litt nølande i starten, men den store statlege utbyggingsplanen opna slusene til ei rekkje lovande lokalitetar. Det var eit kompromiss i planen å halde nokre område utan tilrettelegging, for at dei som var ute etter fred og ro òg skulle ha ein stad å vere. Økonomisk var dette ingen suksess. I vinnarbygdene var stemninga høg lenge, men etter kort tid flytta dei første vekk. Dei kommersielle aktørane fekk langt friare taumar enn før, men dei klaga likevel over at departementet stod i vegen for utvikling og fleksibilitet. Dei kommunane som ikkje fekk del i den store satsinga, stagnerte raskare enn før. Det som skulle bli eit distriktpolitisk løft, vart det berre for nokre få bygder.

Tradisjonisten såg med uro på utviklinga, fordi mange tiltak gjekk ut over natur og landskap. Han slo seg likevel til ro med at ein nasjonal plan heldt unna dei viktigaste områda i fjellet og på kysten. Etterfølaren såg nye sjansar til å komme seg ut i nye område utan at det kravde stort annan kompetanse enn pengar til å betale med. Heller ikkje dei nye brukarane likte seg. Det var for mykje kommers, for mykje tryggingstiltak og for lite utfordringar.

### 2. Kvar for seg

Turismen har utvikla seg, men ikkje gjennom noko tung satsing. Salsargumentet frå turistnæringa er som det har vore i alle år, og det norske reiselivet er prega av gjester som er ute etter frisk luft og uforstyrta natur. Nye brukarar har komme til, men ein del av trafikken har stagnert og gått ned etter ei tid med oppgang. Andre attraksjonar har derimot halde seg. Mellom dei er ”Langs Jæren” – det største sykkelløpet i landet.

Kulinariske opplevingar og turar i tiltrekkjande landskap med ekte kultur er grunnlaget for ei rekkje nye verksemdar. Mange av dei var små, men dei gjorde det godt med eit publikum av kjøpesterke turistar som søkte noko anna enn moderne hektivitet. Dei nye vertane hadde skaffa seg kunnskap om både naturen og kulturen. Skreddarsydde turar med vegleiing, ofte med enkle overnattingar i telt, var det stadig fleire som spurde etter. Problemet vart at omfanget av trafikken vaks mindre enn mange hadde sett fram til. Den utanlandske marknadsføringa av den stille, norske naturen hadde stagnert under fallande løyvingar frå staten og lita evne hos dei nye vertane til å legge nok pengar på bordet. Nokre potensielle investorar, både norske og utanlandske, kritiserte at styresmaktene stadig sa nei til byggeplanar i nye og attraktive område. Nokre av dei hadde likevel fått ja, men mangla nok kjøparar til det som dei baud fram.

Tradisjonisten fann seg godt til rette. Han hadde framleis mykje å velje i for sine ofte spontane turar med sekk og eit lite telt. Framleis fann han nattero på dei små DNT-hyttene. Etternølaren heldt seg stort sett vekke frå terrenget. Sofaen var mindre krevjande. Også den nye brukaren er nøgd. Kommersialiseringa forstyrrar ikkje dei individuelle opplevingane som ligg i å klatre isrenner med 45 graders vinkel, eller å renne dei ned på ski.

### 3. Lokale leikegrinder

Her har store investorar, grunneigarar og ivrige praktikantar av den lokale sjølvråderetten funne kvarandre. Alle former for kjende uteaktivitetar nord for Middelhavet er å oppdrive i Noreg. Frå pilgrimsvandrande over Dovrefjell kom det stadig klager over at terrengmotorsyklar og firhjulingar rasa støyande forbi dei gåande. Eit av dei dyraste tilboda var loopflyging på utsida av Lofotveggen. Ei ny og populær eventyrvandring i fara etter P. Chr. Asbjørnsen måtte kutte ut den lengste skogsetappen fordi det kom motorcrossbane, den største så langt, i eventyrskogen.

Kampen mellom ulike aktørar i bygdene utvikla seg til eit rotterace. Nokre av dei som hadde gjort pengar på klassiske naturopplevingar og god mat, måtte gje opp fordi gjestene trekte seg når støyen drap den stilla dei var ute etter. Vinnarane var først og fremst dei delane av landet som kunne lokke med spektakulære landskap, bratte fjell og tronge fjordar. Ekstremспортveko på Voss var utvida til ein månad. Verdsarvområdet Nærøyfjorden var så populært at dei hadde stor suksess med å følgje forvaltningsreglane, men det var eit unnatak. I andre delar av landet måtte dei motorisere turismen for å klare seg. I Trøndelag tok dei opp att ideen om snøskuterturisme frå Namsos til Sverige. Kommunane støtta tiltaket, men

inntektene vart mindre enn venta. Sør for Kongsvinger la dei ut 10 kvadratkilometer tidlegare jordbruksareal til det største øvingsfeltet i landet for skyttarar. Støyen var til sjenanse for mange, og nokre kommunepolitikarar kalla det prostitusjon.

Etter at Stortinget gav kommunane bortimot full råderett over arealforvaltninga, måtte kommunane sjølv registrere og vurdere naturverdiane. Etter 2000 hadde nesten ingen av dei kompetanse til slikt arbeid, og i kampen for dei større investeringane i turistanlegg, var det stort sett søknadane som avgjorde korleis inngrepa vart og kvar dei kom. Av dette vart det innbyrdes konflikthar av i kommunane. Ei investorgruppe gjekk til søksmål mot ein kommune i Hedmark. Grappa hadde investert mykje i eit senter for økologisk gardsturisme, i kombinasjon med enkel rovdryrsafari. Grunnen til søksmålet var at populariteten sokk som ein stein etter at kommunen sa ja til ei kombinert terrengsykkel- og snøskuterløype rundt økoturismegrenda. Opne konflikthar mellom kommunane dukka opp. Bittert munnhoggeri mellom ordførarane var framsidestoff i Gudbrandsdølen. Den eine kommunen ville profilere seg på enkel natur- og kulturturisme i støyfrie landskap, medan grannekommunen hadde opna for fartsetappar med snøskuter i fjellet.

I den nye tida mistrivst tradisjonisten sterkt. Han irriterte seg over at terrengslitasjen varr stor, og at allemannsretten mange stader vart tom for innhald. Turstiane var kommersielle trasear. Derimot vart det gode tider for etternølar. Tilboda var mange, og etternølar likte seg godt i store selskap. Den nye brukaren var delt i sitt syn. Nokre av dei nye tilboda fann han spanande, men kommersen vart for stor. Han måtte reise stadig lenger for å finne ”ubrukte” lommar.

## **Geoturisme**

Det er etablert fleire sertifiseringsordningar og kvalitetskriterium for naturturisme, berekraftig turisme og variantar med andre namn. Det skal finnast eit førtital ulike system og initiativ for miljøsertifisering av reiseliv berre i Europa. Ordet økoturisme vart brukt første gongen i 1983, av Hector Ceballos-Lascurin, IUCN, om reising med eit snevert mål: studiar og oppleving av naturen. Ceballos-Lascurin utvida definisjonen i 1992, slik at økoturisme er ”ei frå miljøsynspunkt ansvarsfull reise til naturområde, ei reise som både fremjar naturvernet og tener lokalsamfunna”.

Ei av variantane heiter geoturisme, som Noreg har valt å satse på. National Geographic definerer geoturisme slik:

*Turisme som tek vare på, forsterkar og framhevar den lokale eigenarten på ein stad – miljø, kultur, estetikk, kulturarv – og som kjem lokalsamfunnet til gode.*

Innhaldet i geoturismen er definert av eit geoturisme-charter som National Geographic har utarbeidd, og som Noreg slutta seg til i august 2005 gjennom underskrifter frå Innovasjon Noreg.<sup>34</sup> Med det var Noreg det første landet i Europa som skreiv under avtalen, og det andre i verda. Honduras var først. Innovasjon Noreg har med dette forplikta seg til å drive turismen i samsvar med prinsippa for geoturisme.

Det som geoturismen framhevar er eigenarta og lokale kvalitetar av både den naturskapte arven og den kulturelle. Dette inneber variasjon frå det eine reisemålet til det andre, det motsette av standardisering. I staden for å redusere den lokale karakteren, gjeld det å vere stolt av han. Dette gjev grunnlag for mange ulike marknader. Heller enn å maksimere overskotet, gjeld det å auke den økonomiske fleksibiliteten på kort og lang sikt. Lokalsamfunnet er det naturskapte, kulturelle og historiske grunnlaget, og lokalsamfunnet skal ha nytte av turismen, økonomisk og sosialt.

Dei som skriv under charteret, oppmodar verksemdene om å ta vare på naturlege habitat, minnesmerke, det estetisk tiltrekkjande og den lokale kulturen. Talet på turistar må ligge innanfor visse tolegrenser, for å hindre overutvikling og slitasje. Charteret går inn for å lokalisere konvensjonelle anlegg og større attraksjonar med sitt eige innhald – utan samanheng med 'stadens karakter' – utanfor vakre område med viktige økologiske og kulturelle verdiar. Det skal vere minst mogeleg av ureining, avfall, energiforbruk og – fullt opplyste område om natta.

Kort sagt er altså geoturisme-charteret ei oppskrift på vedvarande næringsdrift gjennom måtehald i ressursbruken, sterke omsyn til økologiske verdiar og landskapskvalitetar, og respekt for kulturelle særpreg. Geoturisme er ikkje innretta på alle reisande, men på det segmentet som vil setje pris på, respektere og spreie kunnskapen vidare om dei særeigne og lokale kvalitetane. Lokalsamfunna skal ikkje berre ha økonomisk utbytte av geoturisme, dei skal tene på det sosialt og kulturelt, bli stolte av sin heimstad.

## **Kan turisme bli miljøvenleg?**

<sup>34</sup> Charteret finst på [www.innovasjonnorge.no](http://www.innovasjonnorge.no)

Reiseliv og turisme er den tredje største næringsgreina i verda, etter oljen og byggebransjen. 70-80 prosent av ureiningane til luft frå turismen kjem frå persontransporten. I Frankrike, største turistmålet i verda, er turismen ansvarleg for ti prosent av klimagassutsleppa.<sup>35</sup> I ei tid med klimaendringar som eit av dei store miljøproblema i verda, og med fleire historier om natur og kulturskattar som vert nedtrakka av massane, stiller mange rimeleg nok spørsmålet: Har dei meining å bruke ord som miljøturisme og økologisk forsvarleg reiseliv?

I streng forstand kan eit omfattande reiseliv over store avstandar neppe fortene merkelappen miljøvenleg. På den andre sida er ferie- og fritidsreiser truleg ein ustyrleg konsekvens av at mange vert mykje rikare og får meir tid til overs frå arbeidet. Det praktiske spørsmålet er ikkje *om* turistane reiser, men kvar dei reiser og kva dei gjer der dei kjem.

Felles for ulike variantar av ”økoturisme” er å kvalifisere seg til eit vitnemål om at reisemålet er naturvenleg. Dette handlar om alt frå det som skjer i landskapet til avfallshandtering og oppvarming på hotellet. For det andre: Geoturisme har utvikling av lokalsamfunna, med sin eigenart, som eit sentralt mål. På tredje etiketten står det kvalitet, som òg har med det ekte og autentiske å gjere, og det som er godt for menneska.

I 2005 kom 2,95 millionar turistar til Noreg. Dette var ein oppgang på seks prosent frå året før, litt i overkant av den samla auken i verda<sup>36</sup>. Tendensen dei siste åra har vore ei nokså jamn stigning. Det var meir enn 3,8 millionar overnattingsgjester i landet i 2005. Mange i bransjen ventar at Nærøyfjorden og Geiranger på UNESCO-lista og dei norske fjordane på toppen av National Geographic-rangeringa av reisemål i verda, vil auke straumen av turistar til Noreg. Arbeidet for å lokke gjester til den norske naturen har bore frukter.

Innovasjon Noreg meiner at overgangen frå kollektiv tenking til individualisme og sjølvrealisering er det viktigaste verdiskiftet som har hendt i vår tid, og at dette kjem til å prege turismen i sterkare grad framover. Helse, velvære og eit sunt liv har høg status, og mange legg vekt på det i ferien. Fleire enn før er opptekne av miljøvern og å oppleve det autentiske og ekte. Dette aukar etterspurnaden etter lokale kulturopplevingar, god mat og opphald i naturen. Det folk gjer i ferien må vere meningsfylt og støtte opp under det dei vil stå fram som,<sup>37</sup> identifisere seg med.

Etter fleire års marknadsføring med naturen som den fremste attraksjonen, aukar altså talet på utanlandske turistar til Noreg. Då blir dette eit viktig spørsmål: Korleis vil turismenæringa og styresmaktene forvalte sitt pund – den tiltrekkjande naturen – framover? Geoturisme-charteret er eit godt sett av normer å legge til grunn for vedtak om

<sup>35</sup> Referert av Roger Olsen i *Vad är en eko-turist?* i Svenska Naturskyddsföreningens årsbok 2004.

<sup>36</sup> [www.innovasjon Norge.no/templates/Page\\_Meta\\_58792.aspx](http://www.innovasjon Norge.no/templates/Page_Meta_58792.aspx)

<sup>37</sup> [www.innovasjon Norge.no/templates/Page\\_Meta\\_58825.aspx](http://www.innovasjon Norge.no/templates/Page_Meta_58825.aspx)

arealdisponering og økonomisk støtte til nye verksemder og utvikling av eldre. Det ser ut til å vere heva over all tvil at det er tilgang nok på reisande som er ute etter norsk natur, lokal eigenart og praktisk drift som sparer energi og andre naturgode. Her har Noreg sjanse til å byggje opp noko som møter mindre konkurranse frå andre land enn investeringar for ”Some like it hot” eller ”ein neve dollar”.

## **Konfliktar mellom scenaria**

I Econ-scenaria er det to historier som fører til nye inntekter for bygdene, men på heilt ulike måtar, og med heilt ulike konsekvensar. Det er store motsetningar mellom *Den gode viljen* og *Some like it hot*.

Naturen som reisemål i seg sjølv – vakker, uforstyrta og med harmoniske innslag av eit lite industrialisert landbruk (Den gode viljen) – står i motsetning til ei blanding av kulturlandskap i forfall, fjellet som arena for byprega hytteområde, mange tekniske innretningar og motorstøy (Some like it hot). Det er andre personar som er ute etter det

autentiske i naturen og bygdelandskapet enn dei som er ute etter intense aktivitetar i konstruerte ”opplevingsanlegg”. Dristige renn på snøbrett i fjellssidene og fallskjermhopping frå toppen av stupa er det nok mange av dei tradisjonelle naturelskarane som toler å sjå, men ikkje dersom lufta er full av helikopterslag og snøskuterstøy for å få ekstremспортarane på plass. I denne samanhengen er det interessant at det norske ekstremспортmiljøet har vokse raskt dei siste åra, men utan at det har utløyst krav om transport til toppane. Ungdommane sveittar seg opp til fots i timevis, og køyrer ned att på nokre minutt. Det er kanskje ikkje berre den fartsfylte delen av turen som er ettertrakta?

For bygdeøkonomien er det heilt avgjerande skilnader mellom turisme som tener pengar på den eksisterande eigenarten av natur og kultur, og på den andre sida eit reiseliv som er basert på store investeringar av kapital. I det første tilfellet kan ein større del av inntektene gå til vederlag for tenester og ulike varetilbod frå lokale småskalaverksemdar, ein parallell til den desentraliserte produksjonen av parmesanost i Italia. Tilbod med kvalitet og særpreg krev større arbeidsinnsats enn standardiserte masseprodukt, men mindre kapitalinnsats. Skal det løne seg, må kjøparen betale for ekstraarbeidet, ein høgre pris. Det er mykje som tilseier at god pris er oppnåeleg for høg kvalitet. Når ein stor del av betalinga går til å løne dei som driv verksemda for arbeidet som dei gjer, vert pengane verande der personane bur. Dersom turisme og nye varer frå bygda skal hjelpe til med å halde oppe busettinga i utkantane, må produksjon og omsetning vere slik organisert at mykje av inntektene frå kjøparane ligg igjen lokalt. For å få dette til, må òg den økonomiske råderetten vere lokal. Eit næringsliv med lokalt eigarskap vil lettare kunne halde styringa over det som skjer.

I det andre tilfellet (Some like it hot) må det meste av kapitalen til investeringane komme frå eigarar utanfor bygda, bankar eller investorar. Bygdene og jordbruket sit med lite investeringskapital, men dei har overskot av arbeidskraft som flytter fordi dei manglar sysselsetting heime. Når kapitalen kjem utanfrå, vil vederlaget for kapitalinnsatsen rimeleg nok gå ut av bygda og komme andre til gode. Reisemål som er resultat av store investeringar, badeland og skitrekklanskap, har lag til å bli så einsarta at dei konkurrerer i den same marknaden. Låge prisar er livbøya, men ho held ikkje alle oppe. Overlevingssjansen i den industrielle turismen ligg i stordriftsfordelar, men med dei følgjer ofte ein tendens til samla overinvestering, slik at den totale kapasiteten vert større enn etterspurnaden. Ein økonomi basert på stordriftsfordelar er lite fleksibel. Det går lett som i Hemsedal, at nokre grunneigarar får grunnerstatningar og andre inntekter i starten, men nå er det svenske eigarar som har overteke skiheisane og dermed den økonomiske styringa. Stordrift er velegna for konsentrasjon av kapitalen, og dermed konsentrasjon av styringsretten over det som skjer.

På denne arenaen stiller bygdene med dårlege kort, akkurat som i konkurransen om låg pris for einsarta jordbruksvarer. For lågprisjordbruket har andre land betre naturskapte vilkår enn Noreg, og på grunn av tendensen til fallande prisar i ein overfylt marknad med fullkommen konkurranse, er først og fremst dei små einingane dømde til ein liv i tronge kår.

Scenariet *Den gode viljen* er resultat av ei nasjonal satsing på naturturisme for å gje bygdene eit nytt levegrunnlag etter at jordbruket skranta. Vern og streng forvaltning av areala under nasjonal styring er det berande grepet i dette tilfellet, fordi det tek vare på dei ettertrakta kvalitetane i naturen. *Some like it hot* er laissez faire-svaret på krisa i bygdene, med stor fridom for dei som vil satse til å ta i bruk dei areala dei ønskjer. Dette kan bli gulltider, ei stund, for grunneigarane og entreprenørane, og for alle som leverer varer til den motoriserte adrenalinsporten. Naturen er ettertrakta også her, men som kulisse for skiheisar, gondolbaner, heliskiing og motorisert safari. Econ og Teknologirådet har nokolunde samanfallande historier om korleis det gjekk etter at staten gav opp dei nasjonale restriksjonane på arealbruken. Investorar utanfrå gjorde naturen til boltreplass for dei nye aktivitetane, som dei henta ut det meste av inntektene frå. Det regna på dei som hadde investert, men det draup lite på bygdefolket.

Dersom desse historiene i grove trekk er sannsynlege, er lærdomen at bygdene profitterer på ei streng, nasjonal regulering av dei areala som er viktige for turismen, på same måten som bygdene har tent på ein streng, statleg jordvernpolitikk og ei lovfesta plikt til langsiktig forvaltning av tømmer skogen. Dei stadbundne kvalitetane av natur og kultur er den innsatsfaktoren bygda rår over, og si eiga arbeidsevne. Med dette utgangspunktet, og ein mindre kapitalinnsats som dei kanskje må låne, er det rom for individuelle variasjonar i utforminga av tilboda, det som dei reisande betaler for. Ja, faktisk er slik variasjon poenget for å oppnå ein stor nok sum av varierte og ettertrakta tilbod. Men forsvaret av dei stadeigne arealkvalitetane, den berande faktoren i denne økonomien, er ei oppgåve for det nasjonale fellesskapet. 'Some like it hot' og 'Den lokale leikegrinda' illustrerer det som er lett å finne att i praksis: Når ein grunneigar eller ein kommune får tilbod utanfrå om større summer av "gratis" pengar frå store investorar, er det lett å takke ja, og pengane varmar ei stund. Men dei to scenaria illustrerer tydeleg konflikten mellom ein kortsiktig boom for nokre og ein meir uthaldande økonomi for fleire.

Det står mindre investeringskapital og pressar på for å la dei hundre rosene bløme, kvar på sin måte, enn når det er snakk om konstruerte attraksjonar med konsentrerte overskot. Men ei nasjonal satsing for å gjere "gratisverdiar" i naturen og kulturlandskapet til inntektsgevande reiselivsmål, krev ikkje berre nasjonale restriksjonar på arealbruken for

andre føremål. I 'Den gode viljen' var staten ein viktig medhjelpar for å få verdiane fram til disken.

### **Konfliktar med andre grupper?**

Reiseliv i tråd med geoturisme-charteret går lite ut over naturen, og skal etter retningslinene styrke den lokale kulturen og eksistensgrunnlaget i bygdene eller andre lokalsamfunn. Eit slikt reiseliv vil vere i tråd med langsiktige mål som Stortinget har vedteke på fleire område, og lite grunnlag for konfliktar med andre grupper i samfunnet. Her er nokre tilfelle der resultatet kan bli det motsette:

#### Å halde jorda i hevd

Lokalbasert turisme og småskala matproduksjon som gjev nye arbeidsinntekter og styrker grunnlaget for busetting i distrikta, kan verke til å halde jorda i hevd og kulturlandskapet ved like, ved at folk vert buande på bruka og driv dei. Å ta vare på matjorda er eit politisk mål som har stor politisk oppslutning og som i eit langsiktig ressursperspektiv bør stå sentralt for eit land som er mellom dei med minst jord pr. innbyggjar i verda. Utsiktene til stagnerande avlingsmengder i verda, og stigande etterspurnad frå store land som Kina og India, er utviklingstrekk som bør styrke jordvernet, ikkje berre mot nedbygging, men òg mot attgroing. Å selje opplevingar er lettare med vakre og velstelte gardslandskap, og for mange er gardsdrift i seg sjølv ein attraksjon. Dei reisande, utlendingar og norske, kan bli ein større marknad enn i dag for kvalitetsmat som ikkje treng konkurrere i marknaden for stordrift, men som er eit økonomisk – og ofte økologisk – alternativ til den standardiserte masseproduksjonen som strevar i solnedgangen. I Natur- og miljøbarometeret 2004 svarer 64 prosent at dei vil betale 20 prosent meir for lokalproduserte matspesialitetar på DNT-hyttene.<sup>38</sup> Det er grunn til å tru at mange vil betale meir for slik mat også i andre samanhengar.

#### Harmoni med friluftslivet

---

<sup>38</sup> TNS-gallup 2004

Friluftsliv er viktig for mange i Noreg, ein sentral del av våre fellesverdier. 19 av 20 nordmenn (av innanlandsk opphav) meiner at friluftslivet er vesentleg for eit godt liv.<sup>39</sup> I eit land med så spreidd busetnad, er dei fleste tilgjengelege utmarksområde også turområde. I Natur- og miljøbarometeret for 2004 svarte 85 prosent at dei er interesserte i friluftsliv eller aktivitetar ute i naturen. Tendensen over fleire år er aukande eller stabile tal. Skilnadene er små mellom kjønn og landsdelar. Dei unge (15-29 år) er litt mindre interesserte enn dei eldre. Om dette alltid har vore slik, er uvisst, men neppe usannsynleg. Turgåing, frisk luft og trening rangerer høgt mellom ulike svar på kvifor folk vil drive friluftsliv. Fjellet, roa og stilla er òg viktige årsaker. Nesten 7 av 10 ønskjer å vere meir ute, og den viktigaste hindringa av mangel på tid.

Motstanden mot motorisert ferdsel i utmark er stor og stabil. Berre 17 prosent meiner, i Natur- og miljøbarometeret, at det bør bli lettare å bruke motorkøyrety i utmark. Dei viktigaste grunnane til dette standpunktet er at trafikken øydelegg naturen, at støyen forstyrrar dyr og menneske, og at motorferdsel høyrer ikkje heime i naturen.

Ikkje noko anna nordisk land har ein offentleg friluftslivspolitikkk på same måten som Noreg, med politiske vedtak om å prioritere det enkle og lite ressurskrevjande friluftslivet. Det skal lite spådomskunst til for å sjå at turisme som i stor grad er basert på omfemmande tilrettelegging i utmark, vil utløyse vedvarande konflikhtar med friluftsfolket. Saka om hyttebygging ved Gausta og ideen om å ta betaling for å gå i preparerte løyper ved Hardangervidda og Jotunheimen viser kor store spenningar som ligg i konflikhtar med friluftslivet. Truleg har aldri fleire vore på tur på ”gamlemåten” enn i dag. Dei unge ekstremsporatarane er heller ikkje ei lita gruppe, men dei har ikkje ført til konfrontasjonar med det tradisjonelle friluftslivet, fordi dei tek seg fram til fots dei òg.

Å oppleve den uforstyrta naturen i fred og ro, er altså ein viktig grunn til at så mange er på tur i skog og mark. Dersom vilkåra for slike opplevingar vert dårlegare, er det i realiteten ei innsnevring av allemannsretten, sjølv om ingen vert direkte fysisk hindra frå å komme fram. Innsnevringane ligg i at støyen og inngrepa tek vekk frå naturen dei kvalitetane som folk flest er ute etter. Å basere turismen på den lite forstyrta naturen i lag med autentiske kulturverdier – som eventuelt blir foredla der dei er – vil i langt mindre grad føre til konflikhtar med det tradisjonelle og populære friluftslivet.

Om støyen i media til tider kan vere stor fordi nokre meiner motorferdselsreglane er for strenge, er det likevel slik at eit stort fleirtal vil ha strenge reglar. Dimensjonane i

<sup>39</sup> St. meld. nr. 39 (2000-2001) *Friluftsliv*.

konflikten vil bli langt større dersom majoriteten av friluftsfolket møter det dei oppfatar som motoriserte framandelement på tur.

### Forstandig ressursbruk

Naturen er ein gratis attraksjon. Grunnen til at National Geographic kåra dei norske fjordane til det fremste reisemålet i verda, er ikkje berre dei store opplevingsverdiane i vakre landskap, men at desse landskapa har lite preg av inngrep og byggverk som folk flest reagerer negativt på. Fjordane har dyrka jord, bygningar og andre menneskeverk som er ein del av kulturarven, gløtt av korleis folk har klart seg gjennom åra. Men dei irreversible inngrepa er moderate. Det meste av det menneska har stelt til i eldre tider, vert borte i skogen dersom det skulle bli ståande ubrukt.

Ikkje berre av omsyn til naturen og friluftslivet, men òg nasjonaløkonomisk må det vere forstandig å basere turisme som næring på dei gratis opplevingskvalitetane i landskapet, i staden for å investere i nye attraksjonar som vil redusere dei som er der frå før. Dette standpunktet er i samsvar med retningslinene for geoturisme, som går ut på å lokalisere større underhaldnings- og aktivitetsanlegg, utanfor vakre område med viktige økologiske og kulturelle kvalitetar. Dei konstruerte reisemåla får stå på eigne bein, og ikkje byggje ned naturen eller forstyrre dei kvalitetane som er på staden.

Nokre areal har etter nasjonale retningsliner høgre skrankar mot inngrep og forstyrningar enn andre. Dei viktigaste er:

1. Område som er verna etter naturvernlova. Det vesentlege av areala er nasjonalparkar og landskapsvernområde.
2. Vassdrag verna ved vedtak i Stortinget.
3. Inngrepsfrie område, særleg dei villmarksprega (meir enn fem kilometer frå større tekniske anlegg).
4. Leveområde for truga artar eller norske ansvarsartar, som villrein.
5. Nasjonalt viktige kulturlandskap.<sup>40</sup>
6. Nasjonalt og regionalt viktige friluftsområde.

<sup>40</sup> Ei liste finst i *Verdifulle kulturlandskap i Norge*. Sluttrapport fra Det sentrale utvalget for nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Direktoratet for naturforvaltning 1994.

Forstyrrende inngrep vil ikkje berre komme i konflikt med vernereglane og verdiane i verna område, men òg i konflikt med dei som har interesse av å skape turisme som gjer seg nytte av desse områda og tilgrensande trakter. Det sentrale spørsmålet er ikkje om det skal vere mogeleg å tene pengar på desse områda, men korleis det skal vere mogeleg, og kven som skal få gjere det. Utan styring er det ein svært sannsynleg prognose at dei økonomisk sterke vil vinne, og at bygdene vert sitjande igjen som taparar.

$$\underline{1000 \times 10 = 100 \times 100}$$

Noreg er eit dyrt land. Å konkurrere om låge prisar er like nyttelaust for turismen som for landbruket. Det strategiske spørsmålet er om Noreg skal satse på det Noreg har, og andre ikkje har eller har mindre av, eller om Noreg skal prøve å kopiere det andre kan betre enn vi. Den typen turistar som Innovasjon Noreg trur vi får fleire av, og som Innovasjon Noreg vil ha, mange av dei er ute etter kvalitet og ekte varer. Og dei betaler godt dersom dei får det dei er ute etter. Av dei som betaler godt, trengst det færre for å nå same summen av inntekt. Dersom 10 gjester betaler 1000 kroner kvar for eit godt tilbod, gjev det same summen til vertskapet som om 100 personar, ti gonger så mange, får oppleve noko til ein pris på 100 kroner.

Ein som leiger tur med Jostedalen breførarlag ein dag, betaler nok meir enn ein som alternativt kunne bli løfta til Kaldakari ved brekanten med helikopter. I det første tilfellet vil ein større del av betalinga gå til vederlag for lokal arbeidsinnsats enn i det tilfellet at betalinga er for helikoptertransport.

## **Kven skal forvalte verna område?**

### **Innvendingar mot at staten gjer det**

Eit stridsspørsmål i debatten om naturvern er dette: Bør staten eller kommunane ha avgjerdsretten i konflikhtar mellom vern og lokale næringsinteresser? Spørsmålet er sett på

den politiske spissen ved oppretting av nasjonalparker og andre verna område. Det dukkar opp med varierende intensitet i debatten om ansvaret for strandsona og dei store rovdyra. Nesten alle arealsaker med noko sprengstoff i, vil utløyse påstandar om at grunneigaren og dei lokale politikarane er dei som veit best.

Dette er ikkje eit særnorsk fenomen. Også i andre land har kravet om lokal forvaltning dukka opp oftare og med større styrke dei seinare åra. Nokre hevdar at statens vernepolitikk legg ei klam hand over bygdene når større areal enn før vert skjerma mot nye inngrep. Eit politisk parti har programfesta vernepause, at vern av område og vassdrag må stanse til det er gjennomført ei vurdering av konsekvensane for kommunane og grunneigarane. Fleire rovdyr, hevdar nokre, gjev mindre økonomisk utbytte av beiting i utmark. Kommunar kunne tene meir pengar dersom ikkje staten verna vassdrag mot kraftutbygging. Av argumentasjonen går det fram at mange som vil ha meir lokal forvaltning, vil ikkje berre at lokale politikarar skal gjere vedtak i staden for at nasjonale politikarar gjer det. Dei vil ha andre vedtak, mindre restriksjonar på bruken av areala.

Ein annan argumentasjon for lokal styring er meir samansett. Han inneber ikkje i same grad motstand mot vern, eller iver etter nye inngrep. Det er meir snakk om å sikre ein viss råderett ”i eige hus”, også over økonomisk sett uinteressante areal, men likevel ut frå ein aksept av at naturvern er ein realitet i dag. I konkrete saker er det ikkje alltid lett å skilje dei to haldningane. Men i nokre tilfelle er det nok slik at dei konkrete eller materielle konfliktane på staden er mindre enn dei politiske og generelle kampropa kan tyde på. Innvendingane mot at staten blandar seg inn er meir av åndeleg eller ideologisk karakter. Eit døme er etableringa av Nærøyfjorden landskapsvernområde i Aurland. I starten møtte fylkesmannen stor og tradisjonell motstand frå både grunneigarar og kommunen. Etter grundige drøftingar av saka i kvar av dei aktuelle grendene, enda det med stor lokal oppslutning om landskapsvern. Fylkesmannen tok tida til hjelp i tillitsskapande arbeid. Både naturverninteressene og lokalsamfunna var nøgde med resultatet. Det var meir enn symbolsk då ein av dei ivrigaste motstandarane i starten av prosessen hadde laga eit bastetau som miljøvernminister Børge Brende fekk etter å ha kutta det med ei mektig bile, og på den måten markert den offisielle opninga av Nærøyfjorden landskapsvernområde. Saka er eit godt føredøme på vellukka handtering av eit statleg verneforslag. Seinare kom eit større område med på UNESCO-lista over verdsarven, med full oppslutning frå kommunane og grunneigarane. Nærøyfjorden er, i lag med Geirangerfjorden, dei første norske områda som kom på UNESCO-lista med kvalitetane i naturen som den einaste grunngevinga. Aurland kommune arbeider nå for å

byggje opp ei lokal forvaltning, i tråd med vernereglane, slik at kvalitetane som ligg til grunn for verdsarvstatusen skal gje lokalsamfunna ny aktivitet og nye inntekter.

Eit ideologisk argument for meir lokal avgjerdsrett i naturforvaltninga er at dette er meir demokratisk. Lokaldemokrati er eit ord som generelt har god klang i mange øyre. Det var eit tungt element i motstanden mot norsk EU-medlemsskap både i 1972 og 1994. Kommunane har gjennom lang tid fått større avgjerdsrett enn før, mellom anna ved at dei økonomiske overføringane frå staten nå er midlar som kommunane budsjetterer fritt, utan bindingar frå staten om kva pengane skal gå til. Kommunane har etter plan- og bygningslova retten til å disponere sine areal. Dette er heller ikkje eit særnorsk fenomen. EU har gjort subsidiaritetsprinsippet gjeldande, at politiske avgjerder bør ligge så langt "nede" i samfunnet som mogeleg. Staten, eller unionen, skal i minst mogeleg grad drive detaljstyring.

Etter plan- og bygningslova har altså kommunane rett til å disponere areala som dei vil, men med nokre statlege restriksjonar. Staten har i minkande grad gjort seg nytte av retten dei etter denne lova har til å endre kommunale vedtak når dei er i strid med statlege retningslinjer. Det har vore framlegg i Stortinget om å fjerne den retten som fylkesmennene og andre har til motsegn mot kommunale vedtak om arealbruken. Under debatten om denne saka 18.2.2005 opplyste miljøvernminister Knut Arild Hareide at i 2004 hadde staten avgjort 30 saker etter motsegn, medan 2000-3000 regulerings saker og 200 eigendogkjende planar i kommunane passerte utan innvendingar frå staten. Aftenposten opplyste 13.8.2005 at tre av fire søknader om bygging i strandsona vart godkjende i 2004. Støyen frå dei som får nei er stor, men dei er ikkje mange.

Dei har likevel vunne stor politiske sympati. Inger Enger, Senterpartiet, sa i Stortinget under debatten om suppleringa av Verneplan for vassdrag 18.2.2005 at Senterpartiet ville verne færre vassdrag enn regjeringa på grunn av lokale protestar. Magnhild Meltveit Kleppa, Sp, klandra Venstre for å snakke om lokaldemokratiet, men ikkje praktisere det. Øyvind Vaksdal, Framstegspartiet, tok sterkare i og hevda at Stortinget "danser etter miljøvernernes pipe". FrP gjekk mot alt vern av nye vassdrag fordi "lokaldemokratiet vert sett til sides". Utsegna demonstrerer ei ideologisk motsetning mellom miljøvern på den eine sida og ønskje om full lokal avgjerdsrett. Dette er dagens del av historia om korleis balansen mellom råderetten over eigen grunn og meir allmenne samfunnsomsyn har utvikla seg. Nokre vil ikkje akseptere naturvern som ein legitim grunn til inngrep i ein tidlegare meir eksklusiv eigedomsrett.

Hovudsaka er nok ein maktkamp. Innvendingane mot nasjonale restriksjonar som avgrensar den lokale handlefridomen kjem nesten alltid i samband med saker som gjeld

økonomisk utnytting, og frå dei som ser tenkte inntekter bli usikre. Kommunane vil ha fleire arbeidsplassar, og dei leiande politikarane er som regel for ny økonomisk aktivitet. Om dei alltid representerer fleirtalet i kommunen, er usikkert. Det lokale rommet for fri debatt ser ofte ut til å vere trangt. Norges Naturvernforbund og andre organisasjonar får ofte telefonar frå folk som har fått ein plan i hovudet. Mange vegrar seg for å ta til motmæle, av omsyn til grannar, slektningar og dei førande i bygda. I mange tilfelle verkar det som nærdemokratiet har for tette kontaktar mellom dei som gjer vedtak og dei som har nytte av vedtaka. I forvaltningsorgana og rettsvesenet har rettsstaten løyst dette problemet med lovreglar mot inhabilitet. I kommunepolitikken er mange historier som tyder på at habiliteten stundom kan gli ut i gråsoner.

### **Eit kortsiktig vesen**

Mennesket er ikkje eit langsiktig vesen. I den grad vi er det, er der truleg meir av kulturelle årsaker og i spesielle situasjonar, enn fordi vi har ein generell tendens til å forsake gode på kort sikt for å sikre nytte på lang sikt. Genetisk er mennesket eit kortsiktig vesen, som andre dyr er det. Egoisme er ein overlevingsegenskap på kort sikt, og i naturen lever individet berre på kort sikt. Dyr planlegg ikkje for sine etterkommarar. Den langsiktige ”overlevinga” ligg i at individet får mange nok avkom som fører den genetiske utrustninga vidare til neste generasjon. Det som lever vidare i neste generasjon og seinare, er gena, ikkje kjøtet.

Naturleg seleksjon er eit spørsmål om kva for genetiske eigenskapar i populasjonen som lever vidare og programmerer nye generasjonar.

Altruisme er handling til beste for andre. Altruisme er meir sannsynleg di nærare individa er i slekt.<sup>41</sup> Slike handlingar kan dermed ha same funksjonen som rein egoisme, å føre den genetiske utrustninga vidare, men med andre middel. Naturen kan òg vise døme på samarbeid mellom individ, når dette er åtferd som gjev større sjanse til å overleve enn å handle individuelt. Men, ser dei fleste fagfolk ut til å meine, eit vilkår for samarbeid og altruistiske handlingar er at innsatsen er nyttig i kampen om å føre gena vidare.

Vår genetiske utrustning vart til under heilt andre vilkår enn i dag. Steinaldermannen og dataoperatøren kunne genetisk sett vore sysken. Vårt tidlegare liv, med liten tilgang på teknikk som gav grunn til å tru på eit langt liv, var å handle frå hand til munn. Den som ikkje

<sup>41</sup> Dette er Hamiltons lov for ætteseleksjon (Hamilton, W.D. 1964. *The genetic evolution of social behaviour*. Journal of Theoretica Biology. 7.1-16.)

overlevde dagen i dag, hadde heller ikkje utsikter til å sjå morgondagen. Steinaldermenneska hadde, så lenge dei var få og i små flokkar, kanskje ikkje våpen eller reiskapar til å tyne artar eller økosystem på alvorleg vis. Men vår økologiske historie på jorda er ei sørgjeleg rekkje av hendingar der kriser har følgd oppgangar som natt etter dag. Denne historia gjev nok av empiriske data for å feste lit til at også mennesket agerer etter genetikkenes lover.

*Menneskets fotavtrykk* er tittelen på ei økologisk verdshistorie, forfatta av historikaren Hilde Ibsen.<sup>42</sup> Med mange kjelder som vitne hevdar ho at teorien om likevekt og harmoni mellom naturmiljøet og det levesettet som samlarar og fangstfolk hadde, er ei sanning med alvorlege modifikasjonar. Det finst sakte døme på åtferd som med våre auge er nærliggande å tolke som utslag av langsiktig tenking. Inuitane i det arktiske Nord-Amerika forstyrtra ikkje den økologiske balansen ved jakt på sjøpattedyr, ikkje før dei fekk rifla i nevene. Totemkulturen hos dei nordamerikanske indianarane viser, eller tyder i alle fall på, at dei kjende seg i slekt med dyra og bad om orsaking før dei sende den drepende pila. Men dei første busettingane i Amerika klarde å utrydde to tredelar av dei store pattedyra på sin veg over kontinentet, og dei nytta langt frå alt dei avliva. Mange artar vart borte for godt. Maorianane på New Zealand rydda skog med eld for å stimulere veksten av ei bregne som dei hadde til hovudføde. Frodig skog vart omvandla til sletter og kratt. Fleire fugleartar forsvann. Gjennom økologiske brille er den antikke, greske kulturen eit dystert bilete av jorderosjon og avskoging, sjølv om det er nyansar i oppfatningane. I seinmellomalderen var det meste av skogane borte i Vest- og Sentral-Europa. Dei hadde dekt 95 prosent av landareala. I England var skogen så godt som utrydda på 1300-talet. Det lysna også raskt etter øksa i dei norske skogane utover på 1600-talet, då vassaga gjorde det mogeleg å levere store mengder plankar og bord, og det var ein marknad i England og Nederland, som ikkje lenger hadde tømmer sjølve. Til slutt greip styresmaktene inn med ordningar som skulle snu utviklinga, ikkje av omsyn til livet i naturen og landskapa, men fordi skog vart mangelvare. Mangel på tømmer vart eit alvorleg problem. Historiene er mange om manglande evne eller vilje til å avgrense dagens uttak av omsyn til tidene som kjem etter. Måtehald i dag for å hindre kriser i framtida, ser ikkje ut til å vere noko som mennesket har naturleg legning for.

Poenget med desse døma er nettopp å illustrere dette at historia avslører mennesket som eit kortsynt vesen i sin omgang med naturen. Dagens miljøproblem taler for seg sjølv. Men mennesket er på same tid ein sivilisasjonsbyggande art, den einaste. På mange måtar har sivilisasjonen disiplinert menneska vekk frå handlingar som vi kan vere naturleg tilbøyelege til, men som samfunnet ikkje aksepterer. Metoden har vore å lage lover og å etablere organ

<sup>42</sup> Hilde Ibsen 1997. *Menneskets fotavtrykk. En økologisk verdenshistorie*. Oslo.

som med autoritet og makt kan handheve lovene når konfliktane dukkar opp. Humaniteten er eit sivilisasjonsprodukt, ikkje ein naturtilstand. Å etablere menneskerettane og å fjerne slaveriet kosta kamp mot mange som hadde nytte av at andre gjekk i underdanig teneste, og som meinte dei hadde retten på si side.

### **Kan lokaldemokratiet sikre nasjonale verdier?**

Nasjonalparkane representere verdier som nasjonen vil sikre for framtida. Verdiane er både dei naturskapte kvalitetane og dei sosiale goda som ligg i at parkane er tilgjengelege for alle. Dei er nasjonale fellesgode. I prinsippet er dette tilfelle for all utmark i landet, ved at friluftsløva gjev alle rett til å gå og å opphalde seg der dei vil, på visse vilkår, utan omsyn til kven som har eigedomsretten. Men utanfor dei verna områda er det ingen som har garanti mot at naturen vert endra på ulike måtar. Som politisk organ for heile nasjonen er det staten (regjeringa) som opprettar nasjonalparkar og andre verna område, etter naturvernlova. Det er òg staten som har ansvaret for å forvalte nasjonalparkane, og å bere dei kostnadene som vernetiltaka fører med seg.

Kriteria for å velje ut område for vern ligg i nokre definerte verdier i naturen og landskapet. Målet er å verne så mykje at områda, så langt det er mogeleg, dekkjer heile variasjonen av naturtypar i landet. I nokre tilfelle må dette vere store og samanhengande landskap, mellom anna fordi nokre artar treng store areal dersom dei skal klare seg i lengda. Den økologiske funksjonen heng i hop over lange avstandar. Norske nasjonalparkar skil seg frå det som elles er det vanlege i Europa ved at dei er utan større tekniske inngrep som vegar, jarnvegar, kraftliner, regulerte vatn, hotell og gardsbruk i drift. Dei er i det vesentlege reine naturparkar, men gjerne med nokre areal i utkantane som er kulturlandskap, etter tidlegare seterdrift. Mindre naturreservat vert oppretta for å ta vare på spesielle naturtypar eller biotopar som er geografisk svært avgrensa.

Med nokre unntak er det forbode å gjere nye inngrep i nasjonalparkar og naturreservat. Dette set grenser for kva grunneigarane kan gjere, men ikkje først og fremst dei. Dei verkeleg tunge konfliktane ved etablering av nasjonalparkane har vore mellom vern og konsesjonar til store kraftutbyggingar, ofte i statleg regi. Staten har mange tungar. Hardangervidda, Jotunheimen, Saltfjellet og Jostedalsbreen er namn på arenaer for langvarig kamp mellom kraftutbygging og vern.

Nasjonalparkane er ein nasjonal rikdom, ei felleseige for alle. Naturvernlova definerer også naturen generelt som "en nasjonalverdi som må vernes".<sup>43</sup> Kva som skal skje med naturen er ikkje ei sak berre for dei som bur i den aktuelle kommunen. Å halde naturen i nokre område intakt mot inngrep og utslepp, er uttrykk for eit nasjonalt og langsiktig måtehald i utnyttinga av naturgode som har eller kan gje økonomisk verdiar. Når nokre krev lokal forvaltning av nasjonalparkar eller andre nasjonale naturverdiar, er argumentet gjerne at det vil gje meir lokaldemokrati, underforstått at meir lokaldemokrati vil seie meir demokrati i det heile, eller ei betre form for demokrati. I argumentasjonen står lokaldemokratiet fram som noko verdfullt i seg sjølv. Lokale avgjerder vil styrke ansvaret hos dei som får det, seier nokre. Dei hevdar at dersom kommunestyra får ansvar for å forvalte nasjonalt viktige naturverdiar, vil dei verkeleg ta ansvar for desse verdiane, sjølv om grunneigarar og entreprenørar pressar på med planar om å gjere pengar på natur som statlege vedtak tilseier å verne.

Subsidiaritetsprinsippet går ut på at avgjerder bør ikkje ligg høgre oppe i makthierarkiet enn naudsynt, og vi er truleg mange som tykkjer at dette intuitivt har ein god klang. Men vi må avgjere i kvart einskilt tilfelle, eller for kvar gruppe av tilfelle, kva som er høveleg avgjerdsnivå. Prinsippet seier ikkje at eit lågt avgjerdsnivå generelt er best.

Frå viltforvaltninga kan skilnaden mellom hjortevilt og rovdyr illustrere eit viktig poeng. Kommunane, og nå i større grad grunneigarane sjølv, forvaltar stammene av elg og hjort. Dette er artar som det er mykje av i landet, og artar som grunneigarane har utbytte av å jakte på, eller dei tener pengar på å leige vekk jaktretten. Den rasjonelle eigaren av eit elgvald vil ha interesse av å halde avskytinga på eit nivå som ikkje går ut over dei framtidige inntektene. Og skulle grunneigarane falle for freistinga til å felle for mange dyr nå, vil det gå mest ut over dei sjølv. Det er ingen fare for at elgen som art, eller dei genetisk ulike populasjonane av elg, blir utrydda, slik at den lokale praksisen kjem i konflikt med nasjonale mål og internasjonale konvensjonar for faunaforvaltninga.

Store rovdyr stiller i ein annan kategori. Eit fleirtal av det norske folket vil at landet skal hyse levedyktige stammar av store rovdyr. Færre som vil ha ulv og bjørn nær sin eigen bustad, og langt mindre i saueflokkane. Dersom grunneigarane eller kommunane stod fritt til å avlive dei store rovdyra, er det ingen grunn til å tru dei ville overleve. Det er i og for seg ikkje noko urasjonelt i dette. Det er lett å konstatere at grunneigarane og kommunestyret kan komme til at føremonane med å ha ulv i skogen er mindre enn ulempene. Men dersom alle tenkjer slik, oppstår eit demokratisk problem. Då vert praksis i strid med det folk flest og

---

<sup>43</sup> Lov om naturvern av 19.6.1970, § 1

Stortinget vil. Det er vesentleg større risiko for at lokal styring vil desimere rovviltstammene i strid med nasjonale mål og internasjonale konvensjonar, enn det er risiko for at det same skal skje med hjorteviltet.

Villreinen står i ei mellomstilling. Debatten går til tider høgt om kva som er fornuftig avskytingspolitikk. Men det er ikkje her største faren for villreinstammene ligg. Dei mange og tilsynelatande uskuldige inngrepa gjennom mange år har trengt villreinen tilbake til område som er små og lite eigna til å sikre reinen eit liv i det norske fjellandskapet. Om forvaltninga av sjølve reinpopulasjonane har vore bra nok, har ikkje forvaltninga av leveområda vore det. Denne forvaltninga er fragmentert, delt mellom mange kommunar og sektorar. Då er det lett å tenkje at eit nytt inngrep isolert sett ikkje kan vere avgjerande negativt for reinen, og at tiltaket har større føremonar for lokalsamfunnet enn ulemper for reinen. I 2004 leverte prosjektet "Villrein og samfunn"<sup>44</sup> ein rapport med framlegg om ei rekkje tiltak for å snu ei langvarig negativ utvikling av villreinstammene. Det sentrale er å opprette ni nasjonale villreinområde. Der skal villreinen vere sikra store nok areal med den kvaliteten og dei vandringsvegane som dyra treng på lang sikt. "Villrein og samfunn" ser ikkje anna løysing enn at det blir oppretta rikspolitiske retningslinjer, altså statlege, for dei nasjonale villreinområda, med klare grenser og slik at omsyn til reinen skal ha prioritet framfor andre interesser innanfor grensene.

Tilsvarande er det med verna område og natur som krev spesielle omsyn fordi det dreiar seg om sjeldne typar. Når Stortinget til dømes har vedteke å stanse nedgangen i vårt biologiske mangfald innan 2010, er det eit vedtak av liten verdi dersom det ikkje fører til restriksjonar i slike former for utnytting som kan gjere at dei sjeldne artane eller landskapstypene vert endå meir sjeldne. Motivet for vedtaket er ei nasjonal interesse for å ta vare på dei artane som naturleg høyrer heime i dette landet. Det er òg ein del av grunngevinga at Noreg må følgje opp Biomangfaldkonvensjonen i praksis. Det er vanskeleg å tenkje seg dette gjennomført utan at Stortinget er det demokratiske organet som avgjer kva for reglar som skal gjelde. Biomangfaldkonvensjonen er uttrykk for ein internasjonal vilje til større innsats for å stanse utarminga av livet på jorda. Det er statane som, ved å ratifisere slike konvensjonar, tek på seg ansvaret i det aktuelle landet for å gjennomføre det som konvensjonen seier. Dette er eit folkerettsleg ansvar som staten har teke på seg gjennom å ratifisere konvensjonen. Verkemiddel er lovgjeving, konkrete vedtak i einskildsaker og økonomiske tiltak, middel som nasjonalforsamlingane har råderett over og ingen annan. Vel

---

<sup>44</sup> Andersen, R. & Hustad, H. (red) 2004. *Villrein & samfunn. En veiledning til bevaring og bruk av Europas siste villrein fjell*. NINA Temahefte 27.

må det ofte eit samarbeid til mellom ulike politiske nivå i landet, men det er vanskeleg å tenkje seg at staten – i vårt tilfelle Stortinget – skal kunne oppfylle sitt folkerettslege ansvar utan å ha styringsretten over det som staten har ansvar for å gjennomføre.

Med referanse til det som er sagt ovanfor, blir dette konklusjonen: Di viktigare naturverdiar det gjeld, til dømes ved at dei er sjeldne og i negativ utvikling, di høgre oppe i styringssystemet må det endelege vedtaket ligge.

### **Når lokaldemokratiet diskriminerer**

Dersom eit kommunestyre skal avgjere ei sak som folk i heile landet har interesse av, blir demokratiet mangelfullt fordi dei fleste som har interesse av utfallet, ikkje har høve til å påverke samansetninga av kommunestyret. Når eit politisk organ gjer vedtak, bør dei som vedtaket har konsekvensar for, kunne stille politikarane til ansvar ved val. Det kan ikkje vere i tråd med demokratiske prinsipp å innsnevre den krinsen av veljarar som kan påverke utfallet til færre enn dei saka gjeld. I realiteten ville dette vere ei innsnevring av røysteretten. Ingen kan vente at eit kommunestyre skal prioritere nasjonale interesser for naturvern når vern er i konflikt med lokale og prioriterte interesser for økonomisk utnytting av den spesielle lokaliteten. Dersom ein kommune skal fatte dei endelege vedtaka i slike saker, er det ei lite representativ forsamling som står bak, lite representativt fordi så få av dei som har interesse av den nasjonale prioriteringa, er med på den lokale avgjerda.

Det er lett å forstå at ein utkantkommune som har problem med å skaffe arbeid nok til å halde oppe folketalet, legg mindre vekt på at tilreisande frå andre kantar vil ha fjellet som det er, uforstyrta av inngrep. For kommunen artar ei ny vasskraftutbygging seg kanskje som utsikter til det kommunen manglar mest av alt, budsjettmidlar. Dei tilreisande har på si side ikkje noko glede av inngrepet, og skriv gjerne under på protestlista mot tiltaket. Dette er ein klassisk interessekonflikt mellom eit politisk organ på lokalt nivå og Stortinget, som har vedteke at det meste av vassdragsnaturen som er igjen, bør bli verande utan inngrep, av omsyn til opplevingsverdiane for kommande generasjonar, i heile landet. Eller inngrepet kjem i konflikt med nasjonalt viktige naturverdiar. Så får gjerne ikkje kommunen medhald. På den andre sida kan vedtak om den lokale bruken òg komme ut av balanse dersom den nasjonale styringa skulle la vere å bry seg om den økonomiske situasjonen lokalt.

## Det liberale dilemma

Filosofen Hans Skjervheim har gjort greie for det liberale dilemmaet.<sup>45</sup> I kortform går det ut på at dersom liberaliteten blir absolutt, endar han i illiberalitet. Fridommen må ha sine grenser dersom han ikkje skal ende i ufridom. Den individuelle fridommen kan ikkje vere så romsleg at han opnar for handlingar som krenkjer andre. Det er staten som gjennom den lovgjevande forsamlinga handterer fridommen i ein demokratisk nasjon, og som må finne ein eller annan balanse mellom individuelle rettar og plikter. Ingen kan få så stor fridom at andre får for lite. I så fall går det ut over rettferda, det rettferdskravet som alle kan stille. Sjølv om liberaliteten først og fremst handlar om sivile og politiske rettar, er det vanskeleg å komme utanom at den same tankegangen er relevant for sosiale rettar som økonomisk eksistensgrunnlag, eller at framtidige generasjonar må få nyte godt av naturen og goda der. I eit lengre tidsperspektiv kjem vi då fort til spørsmålet om kor mykje natur der er forsvarleg at eit individ eller ei gruppe får lov til å forstyrre eller på andre måtar arme ut. Kven skal forsvare retten til naturskapte gode for dei som enno ikkje er fødde? Ikkje noko anna samfunnsspørsmål har så langsiktige konsekvensar for rettferd og fridom som spørsmålet om korleis vi handterer naturen. Det er vanskeleg å tenkje seg at ei anna forsvarleg ordning enn at staten, ved Stortinget, avgjer dette spørsmålet i viktige saker, det vil seie saker som gjeld naturverdiar av nasjonal karakter og andre område som har særleg store verdiar. Prinsippet er frå før innført ved at staten regulerer utnyttinga av økonomisk viktige ressursar som tunge mineral, olje, fisk, tømmerkog og dyrka jord.

På hundre år er det norske naturlandskapet bygt ned av vassdragsreguleringar, kraftliner, vegar og bygningar i eit slikt omfang at berre vel 11 prosent av landet ligg meir enn fem kilometer frå slike innretningar, rundt fem prosent sør for Nordland. I 1900 var det tilsvarande talet for landet 48 prosent, og 34 så seint som i 1940. Dagens ekspansjon er bygging av hytter, fritidshus og alpinanlegg i eit omfang som ingen har sett før. Fritidsforbruket av nye areal er kanskje større enn det som går med til kvardagslivet. Mykje kjem langs kysten og i fjellet, på stader med lite inngrep frå før. 20 prosent av dei vurderte artane, vel 3000, står på den norske raudlista på grunn av negativ utvikling eller tilstand, i dei fleste tilfella på grunn av at leveområda er innskrenka på ulike måtar. I alle relevante tidsperspektiv viser desse tala ein tilstand og utviklingstrekk som Stortinget har reagert på med å vedta vern og andre restriksjonar for å hindre at dei viktigaste naturverdiane går tapt.

<sup>45</sup> Skjervheim, Hans. *Det liberale dilemma*. Trykt fleire stader, mellom anna i Deltakar og tilskodar (1976) og Filosofi og dømmekraft (1992), begge av H.Skjervheim.

I debatten heiter det ofte at avgjerder om arealbruken må ut av byråkratiet og inn under folkevald styring, i praksis vekk frå fylkesmennene og Direktoratet for naturforvaltning og over til kommunane eller fylkeskommunane. Det går som regel fram av samanhengen at dei som hevdar dette, er ute etter andre vedtak enn dei som kjem ut av dagens praksis. Dersom dette er eit prinsipp, er det nokså situasjonsavhengig. Ein systematisk studie vil neppe komme til å vise at byråkratane går på sjølvstyr, men at det demokratisk valde Stortinget har gjort overordna vedtak som er styrande for dei organa som skal setje vedtaka ut i livet, frå Miljøverndepartementet og nedover. Dei som les argumentasjonen for dei statlege vedtaka, vil finne at dei har svært god dekning i det demokratisk valde Stortinget. Lista over nesten 400 verna vassdrag er oppretta ved plenumsvedtak i Stortinget. At nasjonale vedtak om naturforvaltninga ikkje passar den politiske oppfatninga i kommunen eller fylkeskommunen, kan neppe vere eit fellande argument mot at det er Stortinget som bør gjere bindande vedtak, eller vere argument for at Stortinget er udemokratisk når tinget gjer som det gjer.

Innvendingane lever som ein del av den populistiske samfunnsdebatten. Populismen er i grove trekk det motsette av ein rasjonell liberalitet for å sikre viktige rettar for alle i samfunnet. Populismen ser berre det eine tilfellet kvar gong, og gjerne den spontant populære sida ved saka. Når nokon klagar over bensinprisen, er det lett for populisten å gjere medynk med den klagande til generell politikk. Kort sagt er populismen det som alle tenkjer før dei har fått tenkt. Når ein bonde med fallande inntekter av gardsdrifta ikkje får lov til å gjere det populære utfartsområdet i fjellskogen til hyttefelt, er det lett å la prinsippa falle for den som ser berre den eine sida av den eine saka på kort sikt. Dersom ja til den som ikkje får medhald av "storsamfunnet" blir gjort til norm, er dette ikkje ei rettesnor som byggjer på ei sakleg avveging av ulike argumenta i saka. Det er å gjere liberaliteten illiberal fordi det blir for mykje av han, han blir absolutt. Konflikhtar om arealforvaltninga er sjeldan eller aldri etiske dilemma i den forstand at det dreiar seg om uløyselege motsetningar mellom to likeverdige prinsipp. Dette er saker med praktiske dilemma som det ofte finst pragmatiske løysingar på, slik at ingen går ut som fullstendig tapar medan andre går av med heile sigeren. Å avgrense fridom som er til ulempe for andre, til dømes ved at naturverdiar vert borte, er eit sivilisert trekk ved samfunnet. I tilfelle inngrep frå det offentlege i eigedomsretten har alvorlege konsekvensar for den saka gjeld, har Stortinget oppretta erstatningsordningar for kompensasjon.

### Natur for velvære og kunnskap

For menneska har naturen allmenne verdiar. Også i eit moderne samfunn som det norske er det frå naturen vi hentar råvarer til dei materielle goda. Den vitskapen som ligg til grunn for eit avansert produksjons- og forbrukssystem, treng i stor grad uforstyrra natur for å skaffe nokolunde sikker kunnskap om konsekvensane på økosystema av det vi gjer. Berre ut frå faktisk kunnskap er det i praksis mogeleg å setje i verk rasjonelle tiltak for å dempe dei negative konsekvensane. Mange hadde på 1970-talet eit intuitivt eller endå sterkare inntrykk av at sur nedbør var øydeleggande for livet i mange vatn og vassdrag. Først når forskarane hadde levert sine tabellar og diagram, kom det så stor tyngde bak krava om å reinse utsleppa at det vart gjort noko i praksis. Mange hadde òg klare oppfatningar om at sur nedbør øydela skogen, ein mistanke som forskarane stort sett har avvist gjennom systematiske registreringar.

Mest mogeleg upåverka økosystem er ei kunnskapskjelde av verdi for alle. Dette er eit av argumenta bak den oppfatninga som dei seinare åra har fått internasjonal oppslutning, at verda må stanse tapet av artar og dermed ta vare på i det minste eit representativt utval av dei økosystema som er igjen på jorda. I tillegg til etiske og filosofiske argument for at menneska ingen rett har til å rydde ut andre artar og deira leveområde, ligg det bunkar av vitskapleg dokumentasjon som med harde data gjev støtte til at artsnedgangen kan få praktiske konsekvensar som er alvorleg negative.

Medisinen kan nå dokumentere at menneske på eit høgt stressnivå får den raskaste og største avstressinga ved synet av vakre landskap. Ikkje nokon annan miljøfaktor kan i slike tilfelle konkurrere med naturopplevingar. Naturen gjev menneska allmenne verdiar for helse og velvære som terapeutar og andre profesjonar ikkje kan kompensere dersom tilgangen på naturopplevingar vert borte eller mindre.

Desse allmenne verdiane heng i hop. Ei urein elv med vatn som er til skade for fisken gjev også menneska på land dårlege opplevingar. Som referanse for naturvitskapen er ei slik elv utan verdi. Dei naturskapte tilstandane og prosessane i landskapet er for menneska ein allmenning. Verdiane er avgrensa og vert mindre for kvart nytt og forstyrrende inngrep. For den som har nytte av inngrepet, vil denne nytten ofte vege meir enn tapet av andre verdiar som følgje av inngrepet. Nyttan kjem til ein eller nokre få, medan tapet vert delt på mange, på same måten som ved overfiske. Det ligg i situasjonen ei drivkraft til å fiske for mykje så snart teknikken gjer det mogeleg og når det er avsetning for fangsten. Dette fenomenet går under namnet "allmenningens tragedie" fordi allmenningen vert mindre av overforbruk. Dei som ikkje har nytte av inngrepet, sit igjen med eit netto tap fordi dei har ingen gevinst som kan

vege opp det som dei misser av til dømes naturopplevingar. Balansen i slike tilfelle må den lovgjevande makta i samfunnet regulere.

### **Finst det løysingar?**

Det siviliserte mennesket har andre ambisjonar enn det genetiske. Humanismen gjev i prinsippet alle individa like rettar til eit godt liv, også dei som ikkje er fødde. Gjennom internasjonale konvensjonar har menneska fått eit sett av rettar, som individ. Det sentrale i naturvernideen er at også dei andre organismane på jorda har rett til liv, ikkje som individ, men som artar eller populasjonar, store nok til å halde det gåande i det lange løp. Om grunngevinga for dette standpunktet er at andre organismar har ein eigenverdi, som Arne Næss hevdar i sitt djupøkologiske program,<sup>46</sup> eller om motivet er at naturvern tener mennesket på lang sikt, er neppe viktig i denne samanhengen. Det som trengst, er å finne forvaltningsmåtar som kan føre til målet. Å appellere til det individuelle ansvaret er ikkje nok. Å tru at slike oppmodingar verkar, har både biologien og historia mot seg. Det er heller ikkje nok å utvide det individuelle ansvaret til mindre grupper, fleire individ, dersom situasjonen ikkje er slik at gruppene på kort sikt tener på å ta langsiktige omsyn.

For her ser kjernen i spørsmålet om lokal forvaltning ut til å ligge. Når grunneigarane og lokalsamfunnet, kommunen, oppfattar vern som eit inngrep i den lokale råderetten, er dei ikkje tilbøyelege til å godta dette dersom dei ikkje har noko igjen for det på kort sikt. Mange av dei vil vere usamde i at dette handlar berre om kortsiktig nytte. Nokre av grunneigarane hevdar, som i saka om vern av Trillemarka i Buskerud, at både dei og forgjengarane har vist måtehald med motorsaga og at dei vil ikkje komme til å øydelegge dei naturverdiane som finst der. Dei tenkjer langsiktig. Dette kan vere sant nok. Men for det første er det mange døme på at grunneigarar likevel tenkjer meir på tømmerproduksjonen og det økonomiske utbyttet, enn på skogen som leveområde for andre artar enn dei som det ligg pengar i. For det andre er erklæringar om den gode viljen ingen garanti for at seinare grunneigarar vil tenkje og handle på same måten. Naturvern kan ikkje ha eit tidsperspektiv på mindre enn to hundre år. Avtaleretten hadde vore ein spinkel disiplin dersom viljeserklæringar generelt var bindande i generasjonar.

---

<sup>46</sup> Sjå til dømes Næss, A. 1991. *Den djupøkologiske bevegelse: aktivisme ut fra helhetssyn* i Gjerdåker, S, Gule, L. og Hagtvedt, B. (red.) *Den uoverstigelige grense*. Oslo

Rettsleg er saka grei. Vern er ei råderettsinnsnevring som grunneigarar og andre må tole som ein del av den allmenne samfunnsutviklinga. Naturvern er eit samfunnsgode. Der eigaren misser økonomiske verdiar ved naturvern, har staten plikt til å yte erstatning etter visse reglar. Nokre er nøgde med dette vederlaget, andre ikkje. Frivillig vern av skog byggjer på at grunneigaren får ein avtalt sum for å la staten frede skogen mot hogst og andre inngrep.

At næringsdrivande og andre må tole restriksjonar på det som dei driv med, av omsyn til naturen, er òg etablert rett. Pålegg om å la vere å ureine luft og vatn må alle tole, utan at dei har krav på vederlag for kostnadene eller tapte inntekter som pålegget måtte føre til. Prinsippet om at den som ureinar, står økonomisk ansvarleg for ureininga er vel etablert både i Noreg og andre land. Etter kvart er dette prinsippet utvida til å gjelde andre skadar på naturen enn det som kjem av kjemiske stoff på avvegar. I utkastet til ny naturmangfaldlov er ein regel om at alle som driv ei eller anna verksemd, har ei generell plikt til varsemd for å hindre at naturmangfaldet tek skade.

Men politisk er ikkje konflikten løyst med dette. Noko forstandig tiltak som kan fjerne all misnøye med vern, finst neppe. Hos nokre er motstanden mot store rovdyr, etter avisinnlegga å dømme, så emosjonelt sterk at knapt noko tiltak som kan redusere ulempene har sjanse til å vinne aksept. Det er grunn til, i større grad enn det vi har sett til nå, å setje næringspolitikk for bygdene i samanheng med naturvernpolitikken. Utkastet til naturmangfaldlov er inne på denne vegen med eit forslag i § 47 som går ut på at staten kan yte tilskot til drift av eigedom som går inn i verna område. Staten har, som nasjonens politiske organ, rett til å verne og å setje reglar om korleis forvaltninga av eit verna område skal vere. Dersom vern inneber nye opningar til økonomisk utkomme av eigdommen, kan velvilje til vern vere eit rasjonelt standpunkt for eigaren på kort og lang sikt.

Ein hypotese i denne boka er at det konvensjonelle landbruket kjem til å møte endå dårlegare økonomiske kår i dei kommande åra, så lenge det ikkje skjer ei vesentleg endring i dei ytre vilkåra for samfunnsøkonomien. Ein annan hypotese er at bøndene og bygdene kan komme betre ut av det økonomisk ved å levere eigenarta matvarer til ein høgre pris enn dei kan oppnå for volumproduksjonen av standardiserte råvarer til foredlingsindustrien. Tilbod av naturopplevingar og kultur med lokal eigenart kan supplere matproduksjonen – eller vere eit alternativ – og styrke inntektsgrunnlaget. Kva den einskilde vel å satse på, vil variere med interesse, kunnskapar og andre vilkår.

Eit vilkår som Stortinget kan påverke, er dei økonomiske rāmene. Overføringane til jordbruket ligg i dag på 11-12 milliardar kroner, og det meste er innretta på å støtte den volumproduksjonen som løner seg mindre og mindre. Ein del av overføringane er areal- og

kulturlandskapstillegg, fordelt etter arealet som er i drift på garden. Men det er ingen skilnad i satsen pr. dekar på tilskot til høgtytande kunstenger og ugjødsla blomsterenger, ingen skilnad på om arealet er lønsamt å drive eller ikkje. Regelverket har forbod mot å øydelegge steingardar og å legge naturlege bekkar i røyr, men ikkje mot å gjere om ei blomstereng til rein graseng. Kulturlandskapstillegget har ikkje krav om eller stimulansar til å halde oppe den biologiske og visuelle variasjonen som det eldre kulturlandskapet var så rikt på. Heilt vanleg drift er nok til å få tilskota. Dei som vil gjere noko ekstra, kan søkje om særskilde midlar til det, men her er det ein svært avgrensa sum kommunane har til utdeling.

Stortinget har vedteke at kvar sektor skal ta ansvaret for å sikre vår biologiske rikdom innanfor sitt ansvarsfelt. Det er Landbruksdepartementet som i det vesentlege forvaltar kulturlandskapet. Dei økonomiske støtteordningane for jordbruket bør i større grad vere målretta for å hauste og stelle det kulturlandskapet som ikkje er ein del av den vanlege jordbruksdrifta. Dagens ordning verkar ikkje til å hindre at areal som tidlegare var ein del av gardslandskapet nå gror att eller forfell på andre måtar. Pengane bør i større grad gå til drift og vedlikehald av areal som ikkje vert hausta i den vanlege drifta på gardane. Å halde landskapet og kulturminna ved like er ei av dei viktigaste oppgåvene landbruket har i samfunnet. Denne oppgåva bør landbruket få meir betaling for. I praksis vil dette truleg stimulere dyrehald i utkantane, fordi beiting og utnytting av det som veks er den rasjonelle måten å utføre arbeidet på. Men det treng ikkje vere dyr som bonden held for at dei skal levere høgst mogleg avdrått. Kjøtt frå eit velhalde kulturlandskap kan vere omsetjeleg til ein høgare pris enn anna kjøtt.

I verna område må staten ved Miljøverndepartementet ta eit større ansvar for å halde ved like dei kulturskapte verneverdiane, og elles legge større innsats i forvaltning, overvaking av korleis nasjonalparknaturen utviklar seg, opplysning om naturverdiane og enkel tilrettelegging for å oppleve dei, i tråd med verneføremålet. Dette vil gje aktivitet i form av nye arbeidsplassar og inntekter til bygdene, anten det gjeld arbeid som dei kan gjere dei som alt bur der, eller det skaper grunnlag for tilflytting. Dersom grunneigarar og lokalpolitikarar veit at å opprette nasjonalpark fører med seg økonomiske gode for lokalsamfunnet, er det grunn til å tru at haldninga lokalt vert annleis enn om dei oppfattar vern berre som ei samling av restriksjonar. Noreg bruker i internasjonal samanheng lite pengar på nasjonalparkane. Resultatet er både at låg innsats i forvaltninga går ut over verneverdiane, og at dagens situasjon skaper konflikter som er større enn dei treng å vere.

## **Styringsdokument frå Stortinget**

### **Fjellteksten**

Som ein del av forslaget til revidert budsjett leverte regjeringa i juni 2003<sup>47</sup> ei vurdering av bruk, vern og verdiskaping i fjellområda. Dette er det sentrale og konkrete politikkdokumentet med retningsliner for økonomisk motivert bruk av fjellområda til turisme, og ikkje berre tradisjonell hausting innan jordbruk, jakt og fiske. Stortinget slutta seg til framlegget frå regjeringa.

---

<sup>47</sup> St. prp. nr. 65 (2002-2003)

Dokumentet fekk raskt namnet 'Fjellteksten', og kom etter at Stortinget under handteringa av budsjettet for 2003 bad om ei sak om "bærekraftig bruk av utmark og fjellområdene i Norge", først og fremst retningsliner for meir bruk av både verna og ikkje verna område til turisme. "Initiativ som bidrar til utvikling av kvalitetsturisme, med respekt for det naturlige, økonomiske, sosiale og kulturelle miljøet i fjellregioner, bør dyrkes frem og støttes", heiter det i vedtaket (utheva her).

Det er altså eit krav at bruken skal vere berekraftig. Eit grunnvilkår for å kunne kalle utnyttinga for berekraftig, må vere at bruken er økologisk berekraftig, at han ikkje på kort eller lang sikt reduserer overlevingsevna for artane eller den naturlege produktiviteten i fjellnaturen. Presiseringa om "respekt for det naturlige, økonomiske, sosiale og kulturelle miljøet" talar for at bruken ikkje skal forstyrre dei naturskapte og kulturhistoriske verdiane.

Fjellteksten er gjennomsyra av denne tankegangen. Det tidlegare forbodet mot kommersiell turisme i nokre nasjonalparkar er oppheva, med det argumentet at det vesentlege er kva som skjer i nasjonalparken, ikkje kven som står bak. Elles inneheld teksten ikkje noko forslag om å endre vernereglane for nasjonalparkar eller landskapsvernområde. Forboda mot inngrep og motorferdsel står ved lag. På side 112 seier regjeringa direkte at tilrettelegging for turisme "skal skje på naturens premisser". Dei vil opne for meir miljøtilpassa turisme som ikkje kjem i konflikt med det som er føremålet med vernet. Lokalisering av tyngre, kommersiell aktivitet bør komme utanfor verneområda, står det på side 213. Dette må vi forstå som avgrensing av dei områda som kan vere aktuelle for slik turisme, ikkje ei oppmoding om å satse på tyngre utbyggingar nær nasjonalparkane. Tvert i mot står der tydeleg at dei verdiane som er grunnlag for vernet, vil òg vere eit vilkår for større turistmessig bruk og verdiskaping i fjellbygdene (s. 211). I ein slik samanheng er det naturvernet som tek vare på fundamentet for økonomisk verksemd. Reiselivstiltak som krev større infrastruktur og bruk av motorisert transport innanfor nasjonalparkar og andre verna område, bryt med den tradisjonen som Noreg har hatt som reiselivsnasjon, meiner regjeringa.

Heller ikkje utanfor vernegrensene er det fritt fram. Tilrettelegginga skal ikkje gå ut over leveområda for truga og sårbare dyre- og planteartar, og heller ikkje dei inngrepsfrie områda. Å ta vare på kvalitetane i dei inngrepsfrie områda, som stort sett finst i fjellet, er å halde dei utan nye og større inngrep også i framtida. Dette, seier Fjellteksten, er å sikre den viktigaste kapitalen for ei framtidig naturbasert turistnæring i Noreg (s. 213). Standpunktet byggjer på granskingar som fortel at interessa for natur- og kulturopplevingar er hovudgrunnen til at turistar kjem til Noreg. Landet er ettertrakta som feriestad, vesentleg av tre grunnar: fjordane, fjella og den urørde naturen med vakre og intakte landskap. Her er

regjeringa heilt på linje med reiselivet. Særleg for utanlandske turistar er stilla – fråværet av støy – noko unikt og ettertrakta ved norsk natur. Det er ei generell oppfatning hos reiselivsaktørar at vern er eit kvalitetsstempel på naturen, og at dette stempelet gjev områda ein tilleggsverdi ved at vern er eit varsel om at dei vert liggande uforstyrta for framtida.

Fjellteksten byggjer altså på den oppfatninga at det er mogeleg å utvikle sysselsetting og verdiskaping i fjellbygdene utan at det går ut over naturen. Det er naturen og kulturhistoriske verdiar i desse landskapa som regjeringa vil gjere til merkevare for turisme i fjellet. For her har Noreg noko som andre land i Europa manglar eller har mindre av: Større, samanhengande villmarker, støyfrie landskap med naturlege lydar og lukter, og dyr som er sjeldne eller ikkje finst i andre land, til dømes villrein. I tillegg kjem dei stadbundne kulturminne, frå veidetida til seterstellet. Men den sårbare naturen i fjellet krev ei økosystembasert forvaltning. Tiltaka må innrette seg etter kva økosystema over større område toler utan at det går ut over talet på artar eller dei naturlege funksjonane.

Regjeringa vil legge til rette for meir aktivitet innanfor og rundt ein del av nasjonalparkane, mellom anna ved at nokre av parkane vert nytta i marknadsføringa av reiselivet i Noreg. Fleire og meir langvarige opphald, og meir varierte opplevingar, bør det vere plass til i og nær eit utval av nasjonalparkane. Grunngevinga for denne politiske satsinga på turisme er at bygdene treng ny næringsdrift når jordbruket skrantar, og at større økonomisk utbytte til lokalsamfunna kan dempe konfliktane som ofte oppstår i naturvernsaker.

Men grensene for den nye verksemda går altså ved vernereglane. Tiltak som kan redusere dei verdiane som ligg til grunn for å opprette nasjonalparkane, er etter fjellteksten ikkje aktuelle. Fleire forvaltningsplaner for verneområda, og delvis justering av dei gamle, skal presisere grensene mellom det som er akseptabelt og det som ikkje er det. Vern av nye område og utvikling av lokalsamfunna skal gå meir hand i hand enn før. Ein meir liberal praksis i landskapsvernområde enn i nasjonalparkar, ligg nok i korta. I nokre tilfelle kan dette vere rimeleg fordi landskapsvernområde er meir påverka av bruk frå før, og at sal av opplevingsverdiar kan stimulere innsats for å halde dei kulturskapte verdiane i landskapet ved like. Restriksjonane i landskapsvernområde er mindre strenge enn i nasjonalparkar. Men også i landskapsvernområda skal verksemda vere i tråd med verneføremålet.

## Retningslinjer for hytter og fritidshus

Frå lufta er det først og fremst vegar som dominerer spora etter menneska frå dei siste 50 åra i mange fjelltrakter, landbruksvegar og anleggsvegar til vassdragsreguleringar. Demningar, regulerte vatn og kraftliner er resten av det store biletet, frå fjellskogen og oppover.

Det moderne landbruket ekspanderer ikkje lenger, det trekkjer seg saman på mindre areal enn før. Først frå utmarka, nå minkar òg innmarksareala som er i bruk. Tempoet i kraftutbygginga har stagnert, om ikkje stansa. Det som nå ekspanderer i fjellet, er ikkje kvardagslivet, men fritidslivet. Nye hytter, konsentrasjonar av fritidshus og vintersportsanlegg dukkar opp i praktisk tala alle sørnorske fjellområde. Utbyggingstempoet er større enn nokon gong. Det er nå berre i nasjonalparkane vi har større fjellområde som er tilnærma utan hytter<sup>48</sup>, men nær nasjonalparkane har det komme meir hytter enn tidlegare.

Hyttebygginga er langt frå eit resultat av økosystembasert planlegging. Konsekvensane er oftast mangelfullt opplyste. Det er dei mest produktive delane av fjellet som er under sterkast press, fjellskogen og den lågalpine sona. Dei langsiktige og kumulative økologiske effektane av nye inngrep er langt på veg ukjende i den forstand at ingen har oversyn i detalj. Men det er i dag å rekne som sikker kunnskap at inngrep med menneskeleg aktivitet fortrengr dyrelivet, kanskje særleg villrein og ein del fugleartar,<sup>49</sup> sjølv om det finst individ som har mindre respekt for mennesket og vårt nærvær. Livet i fjellet får trongare kår.

Dette er bakgrunnen for at regjeringa i St. meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* kom med forslag til retningslinjer for bygging av fritidshus. Stortinget slutta seg til framlegget.<sup>50</sup> Komiteen er samd i at meir delegering av ansvar til kommunane gjer det viktigare med tydelege statlege signal til kommunane om nasjonale føringar i arealpolitikken. Staten meiner kommunane ikkje bør godta utbygging i mellom anna store, samanhengande område der det ikkje er større inngrep frå før, areal med truga naturtypar eller sjeldne økosystem, leveområde for villrein og andre sårbare eller truga artar og nærområda til nasjonalparkar eller landskapsvernområde. Lista over naturtypar som kommunane bør skjerme er det lite å seie på frå ein naturvernssynsstad. Det er lite som tyder på at lista verkar hemmande på hytteekspansjonen, og spørsmålet er kva regjeringa vil gjere dersom milde signal likevel ikkje er ei styringsform som verkar godt nok.

<sup>48</sup> Kaltenborn, B & Nellemann, Chr. Byens liv på fjellet. Kronikk i Aftenposten 20.10.2005

<sup>49</sup> NINA – Fagrapport 72, 2003.

<sup>50</sup> Innst. S. nr. 228 (2004-2005)

### **Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag**

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag har, med nokre unntak, eit generelt forbod mot motorferdsel i utmark og vassdrag. Det same gjeld landing med fly og helikopter. Unntaka er ferdsel for ein del offentlege tenester og bruk av motorkøyretøy i primærnæringane.

Kommunestyret kan etter søknad gje løyve når særlege grunnar taler for det. Lova byggjer på eit prinsipielt skilje mellom nyttekøyning og ferdsel for moro, som lova altså har forbod mot. Lova kom så tidleg som i 1977, og har utan tvil vore avgjerande for at våre utmarker og fjellstrekningar er relativt lite forstyrre av støy og køyrespor, med unntak for Finnmark og Nord-Troms, der meir liberale reglar gjeld. Ein del ulovleg køyning er det i nokre kommunar, men situasjonen er heilt annleis i Sverige. Der er køyning lovleg, med unntak for nokre område med forbod. Trafikken starta i nord og har auka sërover med åra.

Nokre reiselivstiltak har prøvt å etablere snøskuterturisme i ulike former, men lova set

forbod mot slikt. Det er vanskeleg å sjå at motorisert trafikk i utmark kan komme innanfor dei råmene som Geoturisme-charteret har for ”turisme som tek vare på, forsterkar og framhevar den lokale eigenarten på ein stad – miljø, kultur, estetikk, kulturarv – og som kjem lokalsamfunnet til gode”.

## **Tap eller fortjeneste av nasjonalparkane?**

### **Er vern kroken på døra?**

Ei utbreidd oppfatning er at områdevern inneber eit tap for bygdene og grunneigarane. Standpunktet går nokså konsekvent igjen i høyringsfråsegnene ved verneframlegg. Eit argument er at vern hindrar eigarane i å gjere seg nytte av jord og skog som høyrer garden til,

at vern reduserer det materielle grunnlaget for drifta. Dei får ikkje dyrke jord, bygge driftsveggar eller hogge skog.

At vern set grenser for kva grunneigarane og andre kan utrette, ligg i sjølve målet med vern. Spørsmålet er kor store økonomiske ulemper som følgjer av at råderetten vert mindre enn før.

Ein grunn til å stille spørsmålet, er at den utmarka som blir verna i vårt land, har svært lite preg av økonomisk aktivitet frå nyare tid. Beiting og setring held nokre stader fram i gamle spor, men spora er ikkje mange, og vern er ikkje til hinder for slik drift. I skogane i nasjonalparkane har det sjeldan eller aldri vore hogst dei siste hundre åra. I delar av landskapsvernområda kan situasjonen vere annleis, men der står til gjengjeld vernereglane i mindre grad i vegen for å hauste.

Den manglande utnyttinga i nyare tid har si enkle forklaring. I meir enn femti år har den gjennomgåande tendensen vore at jordbruket trekkjer seg tilbake frå ekstensiv bruk av utmarka og kulturlandskap som ikkje løner seg å drive maskinelt. Vi må truleg meir enn to hundreår attende i tida for å finne ein så liten del av landet nytta til landbruk som i dag, og aldri har dei små, bratte eller avsides teigane falle så utanfor dei økonomiske krava til rasjonelle areal som nå. Stølsdrifta var for det meste avvikla før krigen, og jordbruket har trekt seg tilbake frå utmarksareal som tidlegare var i bruk, med unnatak for ein epoke med oppdyrking i fjellet nokre stader på slutten av 1970-talet. Resultatet var større produksjon og innføring av mjølkekvotar nokre år seinare. Dei større avlingane pr. dekar på salpeterengene, og høgre avdrått av husdyra, har for volumjordbruket gjort utmarka økonomisk uinteressant til anna enn sommarbeite for sau, i litt for storfe på ferie utanfor fjøset. Marknaden for matvarer har stengt porten mot større leveransar frå det samla jordbruket. Når kvar einskild gard har auka produksjonen, har det vore ved meir effektiv utnytting av innmarka, og å utvide det fulldyrka arealet ved å overta nedlagde gardsbruk, eller leige jorda der. Å kjøpe tekniske driftsmiddel, kunstgjødsel, konsentrert kraftfôr og diesel, har vore billegare og enklare å bruke enn å hauste av utmarka. Dei minste bruka har gått ut av drift, eller dei går på sparebluss medan eigarane hentar inntektene andre stader. Den manuelle arbeidsinnsatsen i jordbruket er kanskje berre 10-15 prosent av nivået for 50 år sidan, og det ikkje-mekaniserte arbeidet er nesten borte. Dei hendene som før hausta i utmarka er ikkje lenger på gardane, dei har funne seg anna å gjere.

Med nesten konstant fallande realverdi på tømmeret og stigande krav til fortjeneste av arbeidet, har nullområda i skogane auka. Nullområde er areal som det ikkje løner seg å hogge. Tilskot til vegbygging og andre støtteordningar har mange stader gjort tilkomsten til

hogstfelt enklare enn han elles ville vore. Men areal med skogsvegar er ikkje med i nasjonalparkane. Skog som blir verna, ligg som regel relativt høgt mot fjellet. Når han har fått stå i fred, også i tida etter krigen, då tømmerprisane var skyhøge samanlikna med i dag, er dette areal som er lite pengar å hente av i dag.

NINA har undersøkt næringsaktiviteten i og rundt tre nasjonalparkar, Dovrefjell-Sunndalsfjella, Femundsmarka og Reisa, fann dei omfemnande verksemd innan både landbruk og turisme.<sup>51</sup> I Dovrefjell-Sunndalsfjella og Femundsmarka var næringsaktiviteten like høg som for utmark generelt i Noreg. Turismen rundt alle dei tre parkane såg ut til å auke, og særleg såg det ut til å vere rask vekst i aktivitetsbaserte tilbod og bedrifter.

Generelt må det vere dekning for at nasjonalparkane, og i mange tilfelle også randområda, inneheld svært lite av naturgode som er av økonomisk verdi for det konvensjonelle og råvareproduserande jordbruket. Lite areal går ut av bruk på grunn av vernevedtak, dei er ute frå før. Det er neppe nokon stad at brukaren har måtta redusere drifta fordi nasjonalparkvern har redusert produksjonsgrunnlaget på garden. Bygder som slit med å halde det gåande, gjer det av økonomiske årsaker som råkar landbruket generelt. Dette har lenge vore tendensen over heile Vest-Europa.

Så kan spørsmålet vere: Vil den situasjonen vi har nå, vare ved? Kan nokon garantere at ikkje jord og skog i framtida igjen kan bli mangelvare og av den grunn stige i verdi? Det kan nok ingen. Det er derimot grunn til å tru at situasjonen vil endre seg dersom utviklinga av det minkande matvareoverskotet i verda held fram. Dyrare olje i framtida kan òg komme til å snu den utviklinga vi har vant oss til. Korleis endringane vil arte seg, er vanskeleg å vite. Det blir tankar om tvil og tru. At mange grunneigarar under alle omstende ønskjer å hindre at råderetten over eigedommen vert redusert, må vere eit legitimt standpunkt. Men det er eit standpunkt med ei anna grunngjeving enn innvendingar som byggjer på at det aktuelle produksjonsgrunnlaget vert mindre. Når ein slik reduksjon i nokre tilfelle let seg dokumentere, er det ved vern som i andre tilfelle der samfunnsnyttan går framom omsynet til den einskilde grunneigar, ei sak for dei som måler ut erstatningar. At produksjonsgrunnlaget på gardsbruk i drift vert mindre på grunn av vern, er dokumentert i så liten grad at det neppe fortener vere ei generell innvending mot vern.

---

<sup>51</sup> Aas, Ø. (red.), Vistad O.I., Dervo, B.K., Eide, N.E. Kaltenborn, B.P., Haaland, H., Andersen, O., Svarstad, H., Skår, M. og Nellemann, C. 2003. *Bruk og forvaltning av nasjonalparker i fjellet*. NINA Fagrapport 72.

## Ein fare for kulturlandskapet?

Av og til vert det hevda at vern er årsak til at kulturlandskapet gror att. Denne teorien har lite støtte i fakta. Attgroinga gjer seg gjeldande over det meste av landet, også i jordbrukslandskapa langt vekk frå alle skilt som vitnar om naturvernlova har vore i bruk.

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) skriv i ein nettsidepresentasjon:

”Jordbruket og jordbrukslandskapet, har endret seg dramatisk i løpet av de siste 50 årene. Utviklingen som dokumenteres både fra Norge og mange andre land i Europa, er en intensivering og effektivisering i de strøk som er best egnet for jordbruksproduksjon, mens nedlegging og gjengroing kjennetegner de strøk hvor driftsforholdene er mer krevende. I Norge vises dette blant annet gjennom regional jordbruksstatistikk. Mens jordbruksarealet øker med 2 % i Rakkestad kommune i Østfold i perioden 1939 - 1995, så reduseres jordbruksarealet med 36 % i Hjartdal i Telemark i samme periode.”<sup>52</sup>

Direktoratet for naturforvaltning skisserer ein del av problemet slik:

”I Norge pågår en fortsatt rasjonalisering av jordbruksdriften. Det betyr fortsatt ensretting og utarming av landskapet og gjengroing av brakklagte, marginale og mindre ”lønnsomme” arealer. Utmarksbruken er endret og delvis opphørt. Det er et paradoks at landbruket, som har skapt mange verdifulle kulturlandskap, selv er blant de største trusselfaktorene. De negative trendene i kulturlandskapet, som gjengroing, synes ennå sterkere enn for ca. ti år siden, fordi den nå har skutt fart”<sup>53</sup>

Det moderne jordbruket held bær og beite opne for skog der drifta er i gang. Men det gjeld på stadig mindre areal. Kor mykje mark som gror til med skog, varierer med vekslende aktivitetsnivå i landbruket, ikkje kor mykje areal som er verna. Å hindre all gjengroing er ikkje ei overkommeleg oppgåve. Med den biologiske rikdommen for auge, er det heller ikkje å ønskje. Variasjonen i plante- og dyrelivet vil mange stader auke dersom naturen får gå sin gang. I fjellet og fjellskogen er det som regel ingen grunn til å hindre den naturlege utviklinga, med unnatak for areal med spesielle kvalitetar. Det er i låglandet, i gardslandskapet, og i område ved stølane, at innsats for å halde skogen vekke har god meining, av biologiske, kulturhistoriske og estetiske grunnar. Kulturlandskapet for hundre år sidan er det ingen grunn til å romantisere. Det var mange stader eit overutnytta og utpint landskap, etter hogst og beiting. På ein gard i Sogn hadde dei etter krigen fem hestar for å kløvje ved nesten frå dalbotnen til stølen i fjellet. Øksa, flittige hender med ljåen og mange beitande mular før ille med vekstane, for å halde liv i folket.

Nå er altså problemet det motsette, og det må andre tiltak til enn det konvensjonelle jordbruket maktar. Å halde bruka i drift er eit vilkår for å halde kulturmarkene opne, men det

<sup>52</sup> <http://www.nijos.no/index.asp?topExpand=1000203&subExpand=&menuid=1000798&strUrl=1002691i&cont ext=13>

<sup>53</sup> Plattform for DN's arbeid med kulturlandskap – for ivaretagelse av biologisk mangfold og friluftsliv. DN 2005.

er ikkje nok. Det moderne jordbruket har heller utarma den biologiske rikdommen enn å halde han vedlike. Skogen står tett rundt fôrhaustarane, også om dei er i drift.

### **Ein bygdetilpassa turismeøkonomi**

Stadig fleire ser ut til å skifte oppfatning. Frå å sjå på vern som eit tap dei bør kjempe mot, augnar dei nå vern som ein sjanse til ny næringsverksemd. Når kommunane i Nord-Gudbrandsdalen samarbeider under merkelappen ”Nasjonalparkriket” for å skape nye arbeidsplassar av å la folk oppleve den storarta fjellnaturen i staden for å protestere mot vern, har det hendt noko nytt i landet. Dei arrangerer kvart år Lomskonferansen om tankar og tiltak som kan utvikle inntektsgrunnlaget som ligg i nasjonalparkane utan å motarbeide vernereglane. Då ligg det til rette for samarbeid mellom naturvern og næring. Å utvikle nye varer og tenester for ein tidlegare lite utnyttta marknad – og å få til ein akseptabel driftsøkonomi – vil sikkert føre med seg ein del forsøk som ikkje er liv laga. Å hente kunnskap frå andre land, der fleire har vore gjennom den kritiske startperioden, kan gje kunnskap som gjer det lettare å halde seg unna snubletrådane. Å utveksle røynsler med andre kan redusere risikoen, og samarbeid mellom fleire kan spreie risikoen. Kanskje er dette oppgåver som høver best for dei yngre?

I scenaria for alternative utviklingar av norsk turisme (sjå side 39 og utover) er ’Den gode viljen’ basert på sterke omsyn til naturen og offentleg satsing på turisme med naturen som hovudattraksjon. I og nær nasjonalparkane og andre verna område er dette alternativet det einaste av scenaria som let seg sameine med vernereglane. ’Den gode viljen’ er òg det scenariet som gjev størst økonomisk utbytte til bygdene. Dei andre alternativa syter først og fremst for at investorar som har adresse i byar og tettstader tener pengar på inngrep i naturen. Den organiserte reiselivsbransjen og Innovasjon Noreg byggjer på at naturen er det vesentlege Noreg har å tilby turistar. NHO Reiseliv (tidlegare Norske Reiselivsbedrifters Landsforbund) har ved fleire høve åtvart mot inngrep som vil redusere opplevingsverdiane i norske landskap. Tre døme er innvendingane mot helikopterturisme til Jostedalbreen nasjonalpark, engasjementet mot kraftutbygging i Øvre Otta og den klare motstanden mot vindmøllesatsinga på kysten.

Ein bygdetilpassa turismeøkonomi kan ikkje berre spørje etter kva for satsingar det kan bli pengar av. Det er vesentleg kven som sit att med forteneasta. Om overskotet blir ekstraintekter til dei som slit med å halde det gåande i bygdene, eller om utbyttet går til

sentrum, til ekspansive investorar. Det er klare motsetningar mellom eit naturtilpassa reiseliv i liten skala og ”inngrepsturismen”, fordi det er ikkje areal nok til begge. Her har naturvernet og bygdene felles interesser. Det er ei oppgåve for både lokale og nasjonale politikarar å setje opp stakar for å vise vegen framover.

### Betaling for arbeid på staden

Bygdeøkonomisk er dei gode løysingane dei som gjev betaling for alternativt arbeid etter kvart som fallande inntekter av tradisjonelt jord- og skogbruk ikkje kan halde bygda gåande lenger. Arbeidsinnsatsen i desse landbruket har i heile etterkrigstida gått nedover, og med ein større global konkurranse er det lite som tyder på at Stortinget vil snu denne utviklinga. Det jordbruksvenlege opptrappingsvedtaket i 1975 reduserte nedgangen i talet på bruk og årsverk i jordbruket litt, og for ei kort tid. Etterpå heldt det fram som før. På dei fleste gardane må folk ha noko anna å leve av enn å levere store kvanta av kjøt og mjølk, dersom dei skal ha nokon grunn til å bli verande der.

Jordbruket er av dei få produksjonane som enno bind brukaren til garden og bygda, og som av den grunn – ikkje fordi inntektene er store – er berande for livet i norske grender og utkantsamfunn. Dersom turisme skal bli noko støtte til å halde oppe livet i bygda, må turismen verke på same måten, til å halde folk buande der, helst heile året. Skal dette bli resultatet, må det meste av omsetninga vere resultat av arbeid med varer og tenester som er utvikla av naturgode som finst på staden, og som ikkje let seg foredle og omsetje andre plassar. Om tilbodet er lokal og eigenarta geitost, dans på låven eller turar til vakre utsyn, er ikkje så nøye. Tilboda må gje større netto til den lokale økonomien gjennom ein økonomisk sirkulasjon mellom bygdesamfunnet og omverda, men på ein annan måten enn med leveransar av råvarer som mjølk og landskap til foredling og omsetning i regi av utanbygdsbuande. Poenget er at bygda må oppnå større betaling for arbeidsinnsatsen enn dagens jordbruk kan tilby. For å få dette til, må bygdenæringane innrette seg på nye marknader med større inntektspotensiale enn den overmetta marknaden for konvensjonelle jordbruksvarer til dalande prisar. I dagens jordbruksøkonomi er det typisk at realprisen på innkjøpte driftsmiddel er stigande, medan realverdien av det som jordbruket leverer, er fallande. Kostnadene stig meir enn bruttoinntektene, og då er det grense for kor lenge det er mogeleg å halde det gåande.

Det er arbeidskraft, natur, kultur og kunnskap bygdene har å setje inn i økonomisk verksemd, ikkje pengekapital. Kapitalen som trengst til nykonstruerte opplevingar, som

hyttefelt, hotell, skiheisar og badeland, er i det vesentlege plassert i byane og tettstadene. Der er investorane og bankane. Dei som har lokale verdier å setje inn i slike prosjekt, er dei få som kan selje areal til tomter og anlegg. Der kapitalen sit i slike tilfelle, sit òg styringsretten, makta over prosjekta. For investorane løner det seg best å selje varer eller tenester som er eit produkt av investeringar, ikkje tenester som nokon andre enn investoren skal ha betalt for å utføre. Ferdige hytter og husvære for sal eller utleige er ettertrakta investeringsobjekt i fjellet som i byen. Heisar og opparbeidde bakkar nær ved aukar betalingsviljen. Dei arbeidsplassane som er å oppdrive etter byggjeperioden, er å yte tenester til arbeidsgjevarar som må tenkje som andre i konkurranseutsette næringer: Det gjeld å halde kostnadene nede.

### Smådriftsfordelar – ikkje stordriftsulemper

Den industrielle turistøkonomien er basert på suksess i konkurransen om stordriftsfordelane, at dei faste kostnadene pr. billett i skiheisen går ned dersom kapasiteten er stor nok til å frakte mange. Store investeringar krev mange som betaler. Men stordriftsindustrien har to sverd hangande over seg. Det eine er at den totale kapasiteten, dei samla investeringane, lett blir for store når mange konkurrerer om publikum. I eit land med få innbyggjarar, og stor avstand til dei store folkekonsentrasjonane på kontinentet, er tilgangen på kundar mindre enn i Alpane. Trysil og Hemsedal lever under andre økonomiske vilkår enn Chamonix. Det andre sverdet er at tilbodet er nokså einsarta. Hemsedal, Trysil og Voss har mykje det same å tilby skituristane. Med stadig fleire storsatsingar som leverer dei same tilboda, er det ikkje grunn til å vere overraska om skifteretten ein dag må ta over eit eller fleire av anlegga, eller at store eigarar kjøper dei og legg ned nokre. ECON er inne på dette i sin scenarierepresentasjon. Den industrielle økonomien er, nettopp på grunn av kampen om stordriftsnyttan, sentraliserande av legning. Når det samla tilbodet vert større enn det er kjøparar til, og konkurransen skarpere, vil nokre av verksemdene ende med rekneskap som viser raude tal.

Opplegg etter prinsippa for geoturisme inneber i langt større grad tilbod basert på kvalitet og variasjon, og går utanpå den standardiserte konkurransen om store volum i omsetninga. Dersom kapitalinvesteringane er moderate, vil ein slik økonomi vere meir robust mot direkte tap dersom publikum skulle svikte ei tid. Når tilboda er kvalitativt ulike, er det lettare å oppnå ufullstendig konkurranse og høgre prisar, enn når fleire leverer varer og tenester med nesten einsarta standard. Når 17 kulturgardar i Gudbrandsdalen i 2005, for fjerde gong, inviterer til 17 ulike natur- og kulturtilbod, er det ikkje sikkert at alle går godt. Men fordi kjøparane i kvart tilfelle får noko som dei ikkje får andre stader, konkurrerer dei 17

i liten grad seg i mellom. Risikoen er spreidd, og inntektene som kjem inn, blir i større grad verande i bygda enn om inntektene var betaling for ekstern kapital.

Som vist i kapitlet 'Jordbruket i ein global økonomi', har bønder i andre land klart å oppnå høgre prisar ved å omsetje kvalitetsvarer utanfor den konkurransen som dreiar seg om store mengder og låg pris på einsarta varer. Dei konkurrerer på kvalitet og produkt differensiering. Bygdeøkonomien kan i større grad sitje igjen med ikkje berre råvareprisen, men foredlingsgevinsten i tillegg. Mat er kultur og opplevingar. Mat er helse. Slik tenkjer stadig fleire, ei aukande gruppe som representerer ein lite utnyttta marknad i Noreg, både av norske og tilreisande, turistar. Dette er eit kjøpekraftig publikum.

### Fleire bein å stå på

Turisme kan vere ei usikker grein å lite på. Ein arbeidsintensiv turistøkonomi vil sjeldan klare å samle mykje kapital til å flyte på i vanskelege tider. Dersom turistane på grunn av terrorrykte eller kursendringar sviktar, må garden og bygda ha noko å leve av til dei reisande eventuelt kjem att. På den andre sida er dei fleste reisande i Noreg norske. Det er grunn til å tru at trafikken av norske turistar i sitt heimland vil vere mindre påverka av hendingar som verkar avskrekkande eller avgrensande på utanlandske turistar til vårt land. Kanskje negative hendingar i utlandet får fleire norske som normalt ferierer i utlandet til å bruke tida og pengane innanlands?

Under alle omstende er det grunn til å kombinere opplevingstilbod i nasjonalparkane og nærområda med lokal historie og natur som berande element i lag med tradisjonsmat og andre opplevingskvalitetar, fordi det vil styrke det lokaløkonomiske fundamentet for framtida gjennom å gjere det breiare. Dersom nye næringar skal makte å halde det varierte jordbrukslandskapet ved like, er det naudsynt å halde oppe eit eller anna jordbruk som haustar areala, ved slått eller beiting. Eit gardsbruk er av fleire grunnar uråd å stelle som ein park. Men produksjonen treng ikkje ha store avlingar og høg avdrått som mål. Det vesentlege for landskapet er at nokon slær enga, og at dyr beiter. Mindre volum og høgre prisar som resultat av lokal foredling, og lokale opplevingar, kan gje betre økonomi i bygda enn dei råvarene som tankbilen og slaktebilen reiser med. Fritidsmenneska tenkjer mindre på matvareprisane enn kvardagsmenneska. I liten skala, for nokre bønder, kan det vere ei løysing å levere kvalitetsvarer til hotell og andre serveringsverksemder i området. I større målestokk må det som regel ein vidare marknad til for å ta unna alt. Då er meir foredling på staden, som kan

vere garden eller bygda, vegen til ein ny marknad. Dei reisande kan vere eit grunnlag for å arbeide opp ein marknad for matvarer på utsida av stordriftskonkurransen med fallande lønsemd. Tilliten til den industrielle framstillinga og omsetninga av matvarer vert stadig oftare sett på prøve. Tendensen for tida er stigande interesse for mat som kjøparen kan spore tilbake til leverandøren og ei gardsdrift som er etisk og økologisk forsvarleg. Også industrien opplever miljøkrav som ein realitet i marknaden.

### **Statens rolle**

Ein rapport frå det svenske Naturvårdsverket peikar på at verdien av dei verna områda for regional og lokal utvikling ligg mellom anna i at nettopp fordi områda er verna, gjev dei grunnlag for langsiktige investeringar i naturturisme.<sup>54</sup> Vernestatusen inneber eit kvalitetsstempel på området og dei opplevingane som er å finne der. Forfattarane går inn for å sjå på økoturisme som ein veg til berekraftig bruk av verna natur. Dei vil at naturen skal vere verna for menneska, ikkje mot dei. Men altså på dei vilkåra som verneverdiane tilseier.

Ein slik kombinasjon av bruk og vern i Noreg krev fleire og meir grundige forvaltningsplanar for dei aktuelle nasjonalparkane. Det som er den dominerande tankegangen for å finne høvelege løysingar, er å gjennomføre ei sonering med rom for enkle tiltak i nokre delar av dei verna områda, og strengt vern i andre delar. Ei slik sonering krev i mange tilfelle meir kunnskap enn det som er tilgjengeleg for dei fleste verneområda, og det krev først og fremst ein større innsats for å gjort arbeidet tidsnok. Meir informasjon må bli tilgjengeleg for fleire, og meir overvaking trengst for å vite korleis til dømes dyrelivet utviklar seg med tida. I 1996 rapporterte fylkesmennene at verneverdiane var truga i 18 prosent av alle verna område i landet.<sup>55</sup> For oppsyn og annan innsats i parkforvaltninga må fleire personar i arbeid enn i dag. Oppgåvene er store samanlikna med dagens forvaltningsinnsats. Men alt tyder på at vi står framfor to alternativ: Det eine er at den politiske uviljen til vern aukar fordi bygdar som går dårleg økonomisk, ser grunn til å hevde at det er vernetiltaka som står i vegen for framtida. Det andre alternativet er at nasjonalparkane får eit betre feste i bygdene og folket gjennom at fleire får kjennskap til verdiane som er verna, og at bygdene økonomisk kan skape seg nytte av parkane. Dersom først nokre av bygdene klarer å oppnå føremonar, vil andre truleg lære av det. Men ei slik endring krev omstillingar både i sinn og skinn, både i staten og i bygdene.

<sup>54</sup> *Skyddad natur – en motor för regional och lokal utveckling*. Rapport 5504. Naturvårdsverket 2005.

<sup>55</sup> Direktoratet for naturforvaltning, 1996. *Plan for tiltak i verneområde 1997-2003*. DN-rapport 1996-4.

### Partnarskap om nasjonalparkforvaltninga

Eit slikt samarbeid mellom partane kan ta form av eit partnarskap der staten, som ansvarleg for dei verna områda i større grad går aktivt inn som utviklingsaktør i lag med grunneigarar, kommunar, organisasjonar og næringsdrivande, så langt det er grunnlag for eit felles arbeidsmål. Ved meir samarbeid mellom staten og aktuelle kommunar bør det vere mogeleg å oppnå betre forvaltning av areala i nasjonalparkar (som staten rår over) og meir inntekter av både parkane og areala utanfor (der kommunane har forvaltningsretten etter plan- og bygningslova). Også utanfor dei formelt verna areala finst det opplevingsrike kvalitetar, og der ligg produksjonsgrunnlaget for eit jordbruk som i stor grad må inn på ein annan tankegang enn dagens volumproduksjon dersom det skal vere liv laga.

Den europeiske nasjonalparkunionen (Europarc) har òg sitt charter for berekraftig turisme i verna område.<sup>56</sup> Her går Europarc inn for at styresmaktene samarbeider om forvaltning og utvikling i området med alle som driv turisme. Charteret byggjer på samarbeid gjennom forpliktande partnarskap.

Eit slikt partnarskap krev at partane er samde om måla for arbeidet. Det er truleg lettare i land som Frankrike, Spania og Tyskland, som har dei fleste medlemsparkane i det europeiske charteret, enn i Noreg. For det første er store delar av dei kontinentale naturparkane landskap som er sterkt prega av busetting og landbruk gjennom lange tider, meir intensivt landbruk enn våre beitemarker og små slåtteteigar. Inne i dei verna områda lenger sør i Europa bur det framleis mange menneske som har sitt levebrød der, på gardsbruk og i landsbyar. I England skal det finnast byar med opp til 20 000 menneske i ein nasjonalpark. I slike landskap, som har vore dyrka gjennom hundrevis av år, er forvaltningsoppgåvene heilt annleis enn i norske, inngrepsfrie fjellstrok. På kontinentet og i England handlar det, mykje meir enn i norske nasjonalparkar, om å halde tradisjonell drift gåande. Norske parkar er som kjent verna for å ta vare på natur som er urørd, eller i det vesentlege det. Ingen har sin bustad i norske nasjonalparkar. Det er lett å tenkje seg at i velbrukte landskap i utlandet er det fleire bruksmåtar som let seg sameine med vern av dei eksisterande natur- og kulturverdiane enn i norske nasjonalparkar, der vern av den naturlege, ikkje menneskeprega, utviklinga i økosystema er det overordna målet.

Ein annan vesentleg skilnad er at nasjonalparkforvaltninga i landa lenger sør har mykje meir pengar og personell til disposisjon enn det som er tilfelle hos oss. Dei kan setje

<sup>56</sup> Europarc Federation, 2002. *The European Charter for Sustainable Tourism in Protected Areas.*

pengar inn i berekraftig bruk på ein heilt annan måte enn norske fylkesmenn har budsjett til. Hos oss har Miljøverndepartementet få kroner til forvaltning av den verna naturen og kulturminna. Over jordbruksavtalen, under Landbruks- og matdepartementet, er pengesummane vesentleg større, men dei er så langt i forsvinnande liten grad tilgjengelege for ekstra innsats i nasjonalparkane og bygdene som grensar til dei. Det blir vanskeleg for dei som sit med forvaltningsansvaret å stille opp med økonomisk støtte til arbeid som er i tråd med vernereglane og på same tid gjev nytt arbeid og inntekter for dei som eig areal i nasjonalparkane.

Dermed kjem statens kvinner og menn som skal ta seg av naturvernarbeidet i ein vanskeleg situasjon. Dei har makt til å setje grenser og reglar for forvaltninga. Mange av grunneigarane oppfattar dette som restriksjonar på råderetten over sine marker. Men staten har lite å tilby anna enn erstatning for økonomiske tap ved innskrenkingar i råderetten, eit tilbod som sjeldan eller aldri styrker velviljen hos motparten. Vedlikehald av kulturlandskap, eldre bygningar og andre kulturminne kan skape nytt grunnlag for sysselsetting og inntekter. Men det løner seg ikkje på kort sikt, og ofte heller ikkje på lang. Det same gjeld tradisjonelle driftsformer i jordbruket. Dersom staten i større grad kunne tilby økonomisk støtte til aktuelle driftsmåtar eller skjøtsel i verna område – der det er ønskjeleg – ville møtet mellom staten og grunneigarane bli meir ein forhandlingssituasjon der begge partar har noko å tene på å finne løysingar. Her ligg det tunge politiske spørsmålet om kva som skal skje med våre verna område og bygdene. Utkastet til ny naturmangfaldlov<sup>57</sup> har i § 47 forslag om at staten ”kan yte tilskudd til drift av eiendom som inngår i en nasjonalpark, et landskapsvernområde, et naturreservat eller et biotopvernområde.” Regelen tek sikte på tilfelle der vernevedtak er til hinder for næringsdrift på eigedommar som delvis vert verna, men set ikkje noko grense for kva staten kan yte tilskot til. Slike tilskot kan vere både ein kompensasjon for tapt drift som er i konflikt med vernet og ein stimulans til drift som er i tråd med verneføremålet eller ei ønskjeleg utvikling i nærområda til nasjonalparken. Kongen skal gje føresegn om slike tilskot, og får etter lovutkastet vide fullmakter til å etablere grunnlag for partnerskap eller andre frivillige ordningar som liknar på det.

I samband med turisme i verna område snakkar Europarc-charteret om dei som bur eller har sitt arbeid i desse områda. I Noreg bur ingen i nasjonalparkane. Dette treng ikkje vere noko hindring for partnerskapsordningar i Noreg. Dei lokale partnarane kan vere grunneigarar i dei verna områda, eller grender av gardsbruk som er har areal innanfor grensene. Det vesentlege av tilrettelegging for inntektsgeivande turisme treng ikkje, og kan

---

<sup>57</sup> NOU 2004: 28 Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold. Oslo

ikkje, komme inne i nasjonalparken. Nettopp ved at dei er så uforstyrta, kan norske nasjonalparkar by på opplevingar som i mindre grad er å finne andre stader i Europa. Busettinga og gardsbruka ligg i dalane, dei naturlege inngangsvegane. Eit samarbeid mellom staten og interesserte grunneigarar i ei grend kan vere eit tiltaksområde for ny næring. I Italia vil eit slikt tiltaksområde gjerne ligge i den ytre nasjonalparksona. Hos oss er det naturlege tiltaksområde utanfor nasjonalparken, men likevel i attraktive landskap og med den verna naturen tilgjengeleg for dei som ta seg fram dit på vegar og stiar som finst frå før. I Aurland arbeider nå kommunen og andre med praktiske tiltak for å kombinere vern og næring i Nærøyfjorden landskapsvernområde og det større arealet som kom med på Verdsarvlista i 2005.

## **Finale: Sju tesar**

1. Overproduksjon og fallande inntekter av konvensjonell masseproduksjon er hovudproblemet for økonomien i landbruket. Redusert produksjonsgrunnlag på grunn av naturvern har knapt vore årsak til nedlagde gardsbruk.
2. Eit landbruk som skal halde liv i bygdene og drift i jordbrukslandskapet må legge om til å levere matvarer som sel på grunn av kvalitet og eigenart. I konkurransen på pris for einsarta bulkvarer er norske småbruk dømde til solnedgangen.

3. Spreidde gardar og grender mellom fjordar og fjell har vore den viktigaste attraksjonen for norsk reiseliv i meir enn hundre år, og er det enno. Våre naturkvalitetar har høg status hos dei som kjenner dei, og er eit solid grunnlag for meir inntekter av at andre får oppleve dei.
4. Bygdene har mest å tene på eit reiseliv med intakt natur og kulturell eigenart som dei viktigaste attraksjonane. Det er arbeidskraft, natur, kultur og kunnskap bygdene har å setje inn i økonomisk verksemd, ikkje pengekapital. Frå ein kapitalintensiv turistindustri vil overskotet og styringsretten gå ut av bygdene.
5. Ein naturvenleg turisme vil ikkje skape konflikhtar med naturverninteresser, friluftslivet og andre grupper som har interesse av å ta vare på dei uforstyrre kvalitetane i natur og landskap. Naturvenleg bygdeturisme er i samsvar med langsiktige og nasjonale mål for å ta vare på dyrka mark, kulturlandskapet og den levande naturen.
6. Vern av naturen og ei streng forvaltning av nasjonalparkane er det viktigaste grunnlaget for ein bygdevenleg turisme. Statleg støtte til jordbruket må i større grad vere betaling for bruk av areala og utnytting av smådriftsfordelane, og i mindre grad betaling for fånyttets forsøk på å finne stordriftsfordelar.
7. Staten må i større grad kombinere vern med større innsats i forvaltninga av nasjonalparkar og andre verna område. Ei nasjonalparkforvaltning som involverer lokalsamfunna gjennom partnerskap og anna samarbeid, kan styrke vernestatusen og dempe konfliktane ved vern.